



Bjørn Moen og Sigrid Skålnes

NOREG I EUROPA - om norsk deltaking i INTERREG-program

Kva nytte har Noreg av å delta i
Interreg III-programma A, B og C?

Underlagsmateriale og dokumentasjon til
Kommunal- og regionaldepartementet

NOTAT
2005:107

Tittel: **Noreg i Europa**
-om norsk deltaking i INTERREG-program
Kva nytte har Noreg av å delta i dei tre Interreg III-programma
A, B og C?
Underlagsmateriale og dokumentasjon til
Kommunal- og regionaldepartementet

Forfattarar: Bjørn Moen og Sigrid Skålnes

NIBR-notat: 2005:107

ISSN: 0801-1702
ISBN: 82-7071-542-5

Prosjektnummer: O-2282
Prosjektnamn: MIDTVEGS

Oppdragsgjevar: Kommunal- og regionaldepartementet

Prosjektleiar: Bjørn Moen

Referat: Dette notatet er resultatet av eit oppdrag NIBR fekk frå Regionalpolitisk avdeling i KRD seinhaustes i 2004. Oppgåva var å lage eit underlagsmateriale for ei brosjyre som REGA skulle laga i samband med ei stor Interreg-konferanse i Ålesund i mai 2005. Notatet har fem hovudbolkar; den fyrste set søkjeljoset på Interreg-deltakinga som ein lekk i regjeringa sin Europa-politikk medan den andre systemiserar og vurderar dei viktigaste erfaringane og lærdommane frå midtvegs-evalueringane av dei sju programma i 2003. Den tredje bolken er "forteljingar" om 12 av 26 utvalde prosjekt. I den fjerde delen gjer vi greie for norske erfaringar og nyttevurderingar basert på svar frå dei norske prosjektleiarane i dei utvalde prosjekta og på grunnlag av telefonintervju med erfarne Interreg-aktørar. Den siste bolken fortel historia om eit fjerde Interreg-program som Noreg – og NIBR - deltek i – ESPON.

Samandrag: Norsk

Dato: November 2005

Sider: 168

Utgevar: Norsk institutt for by- og regionforskning
Gaustadalléen 21, Postboks 44 Blindern
0313 OSLO

Vår heimeside: Telefon: 22 95 88 00
Telefaks: 22 22 37 02
E-post: nibr@nibr.no
<http://www.nibr.no>

Org. nr. NO 970205284 MVA

© NIBR 2005

Føreord

Dette notatet er resultatet frå eit prosjekt vi har gjennomført på oppdrag frå regionalpolitisk avdeling – REGA – i Kommunal- og regionaldepartementet. Oppdraget er gjennomført i perioden 20. desember 2004 til ultimo juni 2005.

Oppgåva var å hente fram eit erfaringsmateriale frå norsk deltaking i eit av EU sine fellesskapsinitiativ – Interreg. Det var ein føresetnad at det meste av materialet skulle vera så ferskt som råd var, dvs. hovudsakleg kunnskap og erfaringar frå inneverande Interreg-periode, 2000 – 2006. Materialet gjev ei mest mogeleg samla oversikt over Noreg si deltaking i Interreg-samarbeidet og få fram kva nytte Noreg og norske aktørar har av å vera med på denne typen regionalpolitiske satsingar. Materialet er og brukt som underlag for den informasjonsbrosjyren som vart laga til den internasjonale konferansen om Interreg i Ålesund i midten av mai 2005.

I dialog med oppdragsgjevar vart det fastsett at grunnlaget skulle hentast frå to hovudkjelder: i) rapportane frå dei midtvegsevalueringane som alle programma hadde gjennomgått, og ii) undersøkingar av utvalde prosjekt (i alt 27). Dette utvalet er ikkje representativt i nokon streng statistisk forstand. Men utvalet vart gjort slik at vi fekk ei god blanding av ulike prosjekt frå alle programma. I tillegg ynskte departementet at vi skulle gje eit stutt oversyn over ESPON-programmet: kva det er og gjer og korleis Noreg deltek i arbeidet¹. Ved årsskiftet 2004-05 var det godkjent vel 265 Interreg-prosjekt med norske deltakarar, og no, ved utgangen av juni 2005 gjeld det over 400 prosjekt.

Kontaktperson i departementet har vore Odd Godal, og av andre støttespelarar og vegvisarar vi har hatt god nytte av i manøvreringa i dette ureine farvatnet, vil vi serleg nemne Ann Irene Sæternes, Austlandssamarbeidet og Ole-Harris Hanssen frå Sør-Trøndelag fylkeskommune. Vi takkar for godt samarbeid og mange skarpe, konstruktive kommentarar til ymse, førebels versjonar av dette notatet. Diverre rakk ikkje tida – og pengesekken – heilt til at vi kunne gje dei alle den handsaminga dei hadde fortent. Det som måtte vera att av feil og manglar, og dei finst sikkert, lyt forfattarane ta på si eige kappe.

Prosjektet er gjennomført og notatet er skriva av Sigrid Skålnes og Bjørn Moen med sistnemnde som prosjektleiar.

NIBR, november 2005

Ove Langeland
Forskingssjef

¹ ESPON står for "European Space Planning Observation Network", og er eit av dei fem Interreg-programma som er i gang.

Innhald

Føreord.....	1
Tabelloversikt	4
Figuroversikt.....	5
Samandrag	6
Summary	17
1 Noreg i Europa – Interreg-deltaking som ein veg til Europa	31
1.1 Ei stutt lesarrettleiing	31
1.2 Norsk Europa-politikk og fylkeskommunane si rolle i internasjonalt arbeid.....	31
1.3 Interreg – EU-program for grensoverskridande, transnasjonalt og interregionalt samarbeid.....	34
1.4 Interreg III går mot slutten, men Interreg IV har allereie så smått starta	35
1.5 Nokre hovudprinsipp gjeld for alle Interreg-programma	36
1.5.1 Mange slag aktivitetar kan støttast i Interreg-programma.....	36
1.6 Fylkeskommunane - rollene som regional utviklingsaktør og som internasjonal partner	37
1.7 Utsikter for neste Interregperiode: 2007-2013	39
2 Norsk deltaking i Interregprogram – eit oversyn	42
2.1 Økonomiske rammer for Interregprogramma	43
3 Sju Interregprogram – røymsler og råd midtvegs	47
3.1 Innleiing	47
3.2 Midtvegsevalueringane	47
3.3 Interreg III A – grenseregionalt samarbeid – dei tre programma Nord, Kvarken-Midtskandia og Sverige-Noreg.....	48
3.3.1 NORD	49
3.3.2 Kvarken-Midtskandia.....	55
3.3.3 Sverige-Noreg	59
3.4 Interreg III B – transnasjonalt samarbeid – med dei tre programma: Nordleg Periferi, Nordsjøregionen og Austersjøregionen.....	68
3.4.1 Fellestrekk ved dei tre programma sine styringsstrukturar og gjennomføringsorganisasjonar	68
3.4.2 Nordsjø-programmet (NSR; North Sea Region)	72
3.4.3 Austersjø-programmet (BSR; Baltic Sea Region).....	76
3.4.4 Nordleg Periferi-programmet (NPP).....	81
3.5 Interreg III C – interregionalt samarbeid; sone Nord – Aust – Sør og Vest	87
3.5.1 Interreg III C – Sone Nord	89
4 Utvalde Interregprosjekt med norsk deltaking	95
4.1 Norsk deltaking i dei ulike programma	95
4.2 Redningssamarbeid	96

4.3	Selen – vår felles ressurs	97
4.4	Grenselaus kunnskap II	100
4.5	GAPTA – sørsamiske drakter i Noreg og Sverige	102
4.6	Persika	104
4.7	GrenseTenesta i Morokulien	106
4.8	Kultivering av nordlege bær	109
4.9	Naturbasert reiseliv	111
4.10	Den nordlege maritime korridoren	112
4.11	RANE – ”Rock Art in Northern Europe” – eit samarbeidsprosjekt om bergskurd i Norden og Russland	115
4.12	Metropolitan Areas +	117
4.13	AquaReg	120
5	Interreg-erfaringar i Noreg - Felles prosjekterfaringar og norsk nytte av prosjektdeltakinga	122
5.1	Om spørjeundersøkinga og utvalet av prosjekt	122
5.2	Addisjonalitet – eller kunne prosjektet blitt gjennomført utan Interreg-midlar?	125
5.3	Kva krav må oppfyllest for at ein organisasjon, institusjon eller ei privat verksemd skal kunne delta i eit Interreg-program?	125
5.4	Kva har Interreg-deltaking lært dei som er med?	127
5.5	Ymse slag syn på Interreg-deltaking - erfaringar	127
5.5.1	Interreg-deltaking er ein kanal inn til EU sin regionalpolitikkutforming....	127
5.5.2	Prosjekta som dei norske er med i, ”går på skjener”	128
5.5.3	Prosjekta kan ”møte veggen” når Interreg-perioden er omme	128
5.5.4	Det er alltid problem under vegs – men dei aller fleste let seg løyse greitt	129
5.5.5	Uvanleg mange av prosjekta oppgjev at dei har ei grunnline å måle resultatane sine mot.....	129
5.5.6	Interreg og norsk regionalpolitikk.....	129
5.6	Om nytte og glede ved å vera med som norsk deltakar i eit Interreg-prosjekt.....	132
5.7	Allmenne konklusjonar frå dei sju midtvegs-evalueringane	136
5.7.1	Dei horisontale måla er lite operative.....	136
5.7.2	Mindre kursjusteringar trengst her og der	136
5.7.3	Ingen av indikatorsystema verkar ”perfekt”	136
5.7.4	Rekvirering av EU-pengar er komplisert	137
6	Noreg og ESPON – stendig tettare samkvem	138
6.1	ESPON er eitt av fem Interreg III-program.....	138
6.1.1	Det europeiske perspektivet på regional utviklingsplanlegging (ESDP) var forløparen	138
6.2	Det europeiske territoriet – i endring og utviding	139
6.2.1	Det europeiske forskingsnettverket for romleg planlegging (ESPON)	140
6.2.2	Norsk deltaking i ESPON	144
6.2.3	Norske deltakarar i ESPON-prosjekt	145
Vedlegg 1	Forkortingar.....	153
Vedlegg 2	Oversyn over dei utvalde prosjekta	156
Vedlegg 3	Spørjeskjemaet vi sende til prosjekta	160

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Satsingsområde og rettleiande, finansielle rammer for Interregperioden	40
Tabell 2.1	Rettleiande EU- finansiering mm. av dei ulike programma som Noreg deltek i, i Interreg III-perioden 2000 - 20006.....	43
Tabell 3.1	Programstrategien for dei tre delprogramma under Interreg III A Nord.....	50
Tabell 3.2	Innsatsområde og åtgjerder i dei tre delprogramma.....	51
Tabell 3.3	Oversikt over tildelingar av EU-midlar og samla finansiering per 12.06.2003.....	52
Tabell 3.4	Innsatsområde med budsjett	56
Tabell 3.5	Innsatsområde, åtgjerder, prosjekt og tildelte midlar (Mill. euro), per 31.12.2002.....	57
Tabell 3.6	Programmet sine EU-ressursar og bruk av desse i høve til budsjettet	57
Tabell 3.7	Innsatsområde i Sverige-Noreg-programmet	62
Tabell 3.8	Prioriteringar og målsetjingar for Nordsjøprogrammet.....	73
Tabell 3.9	Nordsjøprogrammet: Innsatsområde, vedtekne prosjekt og økonomiske midlar (euro) 2000 -2006	75
Tabell 3.10	Hovudprosjektlear fordelt mellom dei sju deltakarland.....	75
Tabell 3.11	Innsatsområde og åtgjerder i Austersjøprogrammet	78
Tabell 3.12	Målsette verksemdsmål på programnivå.....	85
Tabell 3.13	Oppnådde og forventa tal på prosjekt.....	86
Tabell 3.14	Talet på deltakarar i prosjekta ved slutten av år 2002.....	86
Tabell 3.15	Planlagt allokering av dei samla finansielle ressursane i Nordleg Periferi-programmet 2000 – 2006 (1000 €)	87
Tabell 3.16	Samarbeidsemne, innsattypar og koplingar til andre EU-program i Interreg III C Nord	92
Tabell 3.17	Godkjende prosjekt og løyvingstakt for ERDF-midlane (fyrste utlysingsrunde).....	93
Tabell 4.1	Nykjeldata for dei to delane av prosjektet Nordleg maritim korridor	113
Tabell 6.1	EU-finansiering av ESPON-prosjekta.....	145

Figuroversikt

Figur 1.1	Den ”vesle”, nye regionalpolitikken: tilskot til regional utvikling (post 60) og næringsretta utviklingstiltak (post 61) 2004 (Kjelde: Nordregio Working Paper 2005:1).....	38
Figur 2.1	Interregprogram som Noreg deltek i.	42
Figur 2.2	Samla økonomiske løyvingar til Interreg-programma Noreg deltek i. Mill. NOK	45
Figur 2.3	Norsk, statleg Interreg- finansiering <u>2000 – 2004</u> i NOK.	46
Figur 3.1	Områda som høyrer til Interreg Nord.....	49
Figur 3.2	Områda som høyrer til Interreg Kvarken-MidtSkandia-programmet	55
Figur 3.3	Områda som høyrer til Interreg Sverige-Noreg-programmet.....	60
Figur 3.4	Plan versus status (løyvde EU-midlar i Sverige-Noreg)	65
Figur 3.5	Plan versus status (løyvde norske, offentlege midlar i Sverige-Noreg)	66
Figur 3.6	Område som høyrer til Interreg III B Nordsjøprogrammet	72
Figur 3.7	Programområdet for Austersjøprogrammet.....	76
Figur 3.8	Det geografiske området for Nordleg Periferiprogrammet	82
Figur 4.1	Oversikt over prosjektomfang og norsk deltaking i Interreg- <u>prosjekt</u>	95
Figur 5.1	Krav som må oppfyllest for å kunne delta i eit Interreg-program. Gjennomsnittsverdiar.	126
Figur 6.1	Potensielle polysentriske regionar i Europa	140
Figur 6.2	Demografiske komponentar – folketalsutviklinga 1996 – 1999	148

Samandrag

Bjørn Moen og Sigrid Skålnes

Noreg i Europa - om norsk deltaking i INTERREG-program.

Kva nytte har Noreg av å delta i Interreg III-programma A, B og C?
NIBR-notat 2005:107

Dette notatet er resultatet frå eit prosjekt NIBR har gjennomført på oppdrag frå regionalpolitisk avdeling – REGA – i Kommunal- og regionaldepartementet.

Oppgåva var å hente fram erfaringsmateriale frå norsk deltaking i eit av EU sine fellesskapsinitiativ – Interreg. Det var ein føresetnad at det meste av materialet skulle vera så ferskt som råd var, dvs. hovudsakleg kunnskap og erfaringar frå inneverande Interreg-periode, 2000 – 2006. Materialet er brukt til å få ei mest mogeleg samla oversikt over norsk deltaking i Interreg-samarbeidet. I tillegg er materialet brukt som underlag for ei informasjonsbrosjyre om Noreg og Interreg og norske erfaringar frå samarbeidet <http://www.interreg.no/>

I dialog med oppdragsgjevar vart det fastsett at grunnlaget skulle hentast frå to hovudkjelder: i) rapportane frå dei midtvegsevalueringane som var gjorde for dei sju programma som Noreg er med i, og ii) grundigare undersøkingar av utvalde prosjekt (i alt 27). Dei utvalde prosjekta kan ikkje seiast å vera eit representativt utval i nokon streng statistisk forstand. Prosjektet sine rammer – både økonomisk og tidsmessig – utelukka ein slik framgangsmåte. Men utvalet vart gjort slik at vi fekk ei blanding av store og små prosjekt (i økonomiske termar), det same gjaldt prosjektemne og fordeling på dei ulike programma. I tillegg ynskte departementet at vi skulle gje eit stutt oversyn over ESPON-programmet: kva det er og gjer, og korleis Noreg deltek i arbeidet¹. Ved årsskiftet 2004/05 var det godkjent til saman om lag 265 Interreg-prosjekt med norske deltakarar. No, ved utgangen av juni 2005, er talet over 400 prosjekt.

Det finst fem ulike slag Interreg-program

Interreg er ein viktig del av dei såkalla ”fellesskapsinitiativa” i EU, med mål om å styrke samhaldet og den regionale balansen i Europa. Det opphavlege Interreg er samansett av tre ”armar” (”strands”). A-armen som handlar om grenseoverskridande samarbeid mellom regionar som ligg attmed ein annan på kvar si side av ei nasjonsgrense. B-armen som dreier seg om såkalla transnasjonalt samarbeid, dvs. samarbeidsprosjekt mellom land og regionar som ikkje nødvendigvis grensar til kvarandre, og som kan vera skilde av havområde som til dømes i Austersjø- og Nordsjø-programma. C-armen inneheld interregionale samarbeidskonstellasjonar og dekkjer heile det europeiske territoriet. Prosjekta der er serleg retta mot idé- og erfaringsutveksling, som regel ved at ein brukar ymse slag nettverksmodellar i samhandlinga.

Dei to andre Interreg-programma er ESPON, eller det europeiske observasjonsnettverket for romleg planlegging som det kan kallast på norsk, og INTERACT. INTERACT kan sjåast på som ei slags verktøykasse der ein freistar å utvikle reiskapar som er tenlege for

det vidare arbeidet med å få verkemidlane i strukturfonda til å verka enda meir effektivt. Ein viktig del av INTERACT-programmet er å samla inn eksempel på vellukka prosjekt og framgangsmåtar, utvikla standardar og høvelege formidlingsmåtar mellom så vel Interreg-program som –prosjekt.

Noreg deltek i desse Interreg IIIA-programma: *NORD*, som er Nordkalottområdet og dei tilstøytande delane av Russland, med underprogramma: *Sápmi*, *Nordkalotten* og *Kolarctic*; *Kvarken - MidtSkandia* som er området frå norskekysten i Helgeland via Västerbotten i Sverige over havstykket Kvarken og til Österbotten og Mellersta Österbotten på finsk side av Kvarken; *Sverige - Noreg* som dekkjer grenseområda frå Nord-Trøndelag i nord og sørover til Østfold og Bohuslän i Sverige. Programmet har fire delområde: *Åarjelsaemien dajve*, *Nordens Grøne Belte* lengst nord, *Indre Skandinavia* i midten og *Grenselaust Samarbeid* lengst sør.

I Interreg IIIB tek Noreg del i desse programma: *Nordleg Periferi-programmet* der Noreg deltek saman med Island, Færøyane, Grønland, Finland, Sverige og Storbritannia (Skottland); *Nordsjøprogrammet* der Noreg arbeidar saman med Sverige, Danmark, Tyskland, Nederland, Belgia og Storbritannia; *Austersjøprogrammet* som omfattar alle landa som grenser til dette innhavet saman med Noreg, delar av Kviterussland, republikken Karelia, området rundt St. Petersburg og oblasta – fylka -, Kaliningrad, Murmansk, Novgorod og Pskov i Russland.

I Interreg IIIC er norske partnerar med i alle dei fire sonene som programmet er delt inn i, men mest i den nordlege og den vestlege sona.

Interreg er vorte ein stendig viktigare del av Noreg sin europapolitikk

I det fyrste kapittel gjer vi greie for Noreg sin europapolitikk og Interreg-samarbeidet si rolle i denne politikken. Fylkeskommunane og fylkessamanslutningane har vorte viktige og engasjerte aktørar i det internasjonale arbeidet. Mange av fylkeskommunane har no bortimot ti års erfaring som deltakarar i ulike Interreg-program og –prosjekt. Dette er i tråd med regjeringa sin europapolitikk der det vert lagt opp til at Noreg skal halde fram med å ta del i fleire typar samarbeid for regional utvikling over landegrensene. Det internasjonale og grenseoverskridande samarbeidet er ein viktig del av fylkeskommunane si nye rolle som regional utviklingsaktør – ei rolle der fylkeskommunane både kan bidra med norske røymsler og kunnskapar til partnerar i andre land, men og få ta del i lærdomar om korleis strukturfondsreglane verkar og korleis ein innrettar seg i andre land i Europa.

Samla Interreg innsats og norsk deltaking

I det andre kapitlet gjev vi eit stutt oversyn over den samla Interreg-innsatsen i perioden 2000 – 2006 og den norske deltakinga. Alt i alt dreiar det seg om 53 Interreg A-program, 13 Interreg B-program, og fire Interreg C-program. Noreg har deltakarar i sju av desse programma. I tillegg kjem dei to programma ESPON, der Noreg og er med og INTERACT. Den totale økonomiske ramma for dei programma kor Noreg deltek, er på om lag 6,8 mrd. kroner for heile perioden, av dette bidrar Noreg med om lag 1 milliard. kroner.

Midtvegsevalueringane av programma synte at dei stort sett var på rett kurs

Kapittel 3 gjev eit resymé av innhaldet i dei sju rapportane frå midtvegsevalueringane som vart gjennomførde i 2003. Å kalla dette ”midtvegsevalueringar” er formelt sett korrekt nok, året 2003 var omtrent midtvegs i programperioden, men i realiteten hadde fleire av programma, og serleg i B- og C-arnane kome seint i gang, slik at det hadde vore rettare å kalla dette tredelsevalueringar. Nokre av evalueringane har då og dividert på tre i staden for på to, når resultatata så langt skulle haldast opp mot måltala.

Alle dei sju programma er midtvegsevaluerte etter meir eller mindre den same lesten. Alle inneheld vurderingar knytte til desse emna:

1. Ei fornya vurdering av om den valde hovudstrategien framleis er relevant og konsistent i høve til dei overordna måla som programmet har
2. Ei vurdering av om måla og dei resultatane ein ventar seg, er talfesta på ein god måte slik at dei – som styrer programmet, kan halda oversikt over om kursen er rett og framdrifta god
3. Ei vurdering av om pengebruken er effektiv både når det gjeld kostnadseffektivitet i arbeidet, når det gjeld å få fram gode prosjekt og når det gjeld tempoet i rekvireringane av EU-midlar
4. Ein analyse av iverksetjings- og overvakingsmekanismane med sikte på å finne ut om dei har god kvalitet og verkar tilfredsstillande
5. Ei vurdering av om programmet skapar god nok meirverdi for EU-fellesskapen ("Community added value").

Nå, i 2005, skal alle desse midtvegsrapportane sjåast over og oppdaterast på dei områda der overvåkingskomiteane finn det naudsynt.

Programma får jamt over gode karakterar av evaluatorane. I dei aller fleste tilfella er det berre snakk om å gjera mindre kursjusteringar og noko ekstra innsats for å skapa betre balanse i prosjektskapinga for å oppnå den fordelinga av den finansielle innsatsen på innsatsområde (prioritetane) og åtgjerder som var føresett i programdokument og –komplement. Mellom to tredelar og tre firedelar av dei tilgjengelege EU-midlane var alt fordelte til godkjende prosjekt. Eit drag som mange av evaluatorane peikar på, er at det ikkje berre er *kva* som vert gjort i programma og prosjekta som er viktig. Ofte er det *korleis* innsatsen vert gjennomført - det vil seia måten som eit tiltak vert sett i verk på – som er viktigast. Stikkorda her er *medverknad* og *partnarskapsbygging*.

Iverksetjingsorganisasjonane får stort sett gode skotsmål i alle dei sju midtvegsevalueringane. Overvåkings- og styringskomitear med tilhøyrande sekretariat og støtteapparat var på plass og sett saman av kompetente folk – mange av dei med solid røynsle og kunnskap frå arbeid i den førre Interreg-perioden. Dei fleste av dei har og ei god blanding av kvinner og menn, og dette er viktig sidan likestilling mellom kjønna er eit sentralt horisontalt – tverrgående – kriterium for måling av aktiviteten i så vel programma som i prosjekta.

Programma kom noko ulikt i gang, og resultatane i høve til mål og resultatforventingar som var nedfelte i programdokument og –komplementet, var naturleg nok noko ujamne. Men det er ingen av midtvegsevalueringane som peikar på så alvorlege problem at det er grunn til å tvila på om programma vil kome i mål som føresatt i dei opphavlege planane. Det kan likevel vera stader der det trengst mindre justeringar av kurs eller framdriftstempo.

Der det ser ut til at "skoen trykker" i desse Interreg-programma – midtvegs eller der omkring –, er serleg på desse områda:

- involveringa av aktørar og partnerar frå privat sektor kan og bør forbetrast. Dette gjeld både frå det private næringslivet og frå friviljuge organisasjonar og foreiningar
- oppfølgingsystema og rutinane for innsamling av prosjektresultat kan og bør forbetrast. Dei indikatorane som er i bruk, vert kritiserte for å vera lite presise, slik at dei gjev ukorrekte registreringar; dette går ut over styringskapasiteten i programma

- dei horisontale kriterier: likestilling mellom menn og kvinner, berekraftig utvikling og integrering av svake grupper/minoriteter syner seg å vera vanskelege å handtere i praksis, og dei får dermed ikkje dei gjennomgripande styringsverknadane dei er tiltenkte
- finansieringa av innsatsen på russisk side – og fram til 1. mai 2004 i dei tidlegare austblokklanda – gjennom EU sitt særskilde TACIS-program – byr framleis på samordningsproblem i høve til Interreg. Det vert hevda at TACIS-reglementa er for stivbeinte.

13 forteljingar eller ”biografier” om nokre utvalde Interreg-prosjekt

Det fjerde kapitlet er ei samling ”forteljingar” om tretten utvalde prosjekt. Prosjekta dekkar til saman alle dei sju programma med norske deltakarar. Kvart prosjekt er skildra mest mogeleg etter ein felles lest som gjer greie for kven partnarane er, kva føremål prosjektet har (hatt), kva resultat som er kome ut av prosjekta, prosjektet sin nytteverdi reint allment og for Noreg, og kva Interreg-deltakinga har hatt å seia for realiseringa av prosjektet.

Hovudinstrykket frå denne detaljerte prosjektgjennomgangen er at alle prosjekta har støytt på større eller mindre problem under vegs, men at ingen av dei har vore vanskelegare enn at dei let seg løysa. Det skin og gjennom at dei norske Interreg-deltakarane synest samarbeidet er gjevande, dei verkar i det heile både engasjerte og interesserte, og nokon til og med reint entusiastiske.

Nytten ved Interreg-samarbeidet kan vera av mange slag: som det å ha blitt kjend med nye finansieringskjelder og regelverk, fått røymsler med å arbeide i store prosjekt, med å møta og læra seg andre administrative rutinar. Samarbeidet har vidare gjeve erfaring i å tenkje nytt, løyse problem på nye måtar og å sjå verdien av samarbeid med naboane på den andre sida av grensa. Det har og vist at Noreg har spesialkompetanse på ulike fagfelt som er viktige i grenseregionalt samarbeid, og norske deltakarar kan medverke med vesentlege erfaringar i samarbeidet.

Ei anna erfaring frå prosjekta er at dei knapt ville blitt gjennomført utan støtte frå Interreg-midlar. Og fleire av prosjekta har og vist seg å ha ”livsens rett”, i meininga at dei kan stå på eigne bein og etter det er avslutta som Interreg-prosjekt, og utan nye IR-midlar.

Å ha tid å setja av til å utvikle og drive samarbeidet er svært avgjerande for eit godt resultat. God økonomi og høve til å kunne forskottere kostnader, og kunnskap om språk og samfunn i dei andre deltakarlanda er og viktig. Mindre viktig er det å ha tidlegare røymsle med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid, kontaktar i andre land, eller at organisasjonen bør vera av ein viss storleik for å kunne inngå i samarbeidet. Deltakarane i prosjekta vurderer elles erfaringane frå samarbeidet som svært gode, og understrekar at det er viktig at det ligg ei genuin interesse for å utvikle det aktuelle feltet i fellesskap med partnarar frå eit anna land i botnen av prosjekta.

Norske Interreg-erfaringar – nytte og glede, men og vonbrot og frustrasjonar

Kapittel fem er via emnet felles prosjekterfaringar og kva nytte Noreg har av å vera med på Interreg-samarbeidet. Her vert det vist til at Interreg-deltaking kan by på både gleder, sorgar og frustrasjonar, men desidert mest av det fyrste. Det som fyrst og fremst slær oss ved dette materialet er entusiasmen, gløden og gleda som deltakarane legg for dagen i svara sine. Rett nok har dei opplevd frustrasjonar og problem under vegs, men dei aller fleste har vore til å leva med, og problem har lete seg løyse utan for mykje plunder.

Dei fleste av prosjekta oppgjev at dei finansielle ressursane som deltakarane fekk til rådvelde, var heilt avgjerande for at prosjekta vart sette i gang og gjennomførte. Det er dette som vert kalla høg addisjonalitet i EU-samanhengar, og som vert sett på som eit viktig suksesskriterium.

Deltakinga i Interreg-program og –prosjekt kan vera krevjande, kan hende serleg i Interreg B- og C-armane der ein ofte vert del av store og vidfemnande nettverk. Det krev mykje kontaktverksemd både når partnerskapen skal på plass i førekant av prosjektsøknaden, og undervegs i prosjektet. Ein møter ofte både nye synsmåtar og ukjende fenomen i slikt arbeid. Det er stutt sagt ikkje lett å vera ”fyrstereisgut” i Interreg-farvatna. Kva er så dei største utfordringane?

Godt med tid og solid økonomi er dei to viktigaste faktorane for å lukkast i prosjekta. Samarbeid – og ikkje minst grenseoverskridande samarbeid – tek tid, ofte langt meir tid enn prosjektpartnerane hadde rekna med på førehand. Alle prosjektaktørane peikar på dette som noko viktig, kanskje det viktigaste, å vera klar over når ein går inn i samarbeidet. Det tek mykje tid å oppnå resultat. Noko anna som og vert trekt fram av mange, er økonomien, det å ha god nok økonomi til å kunne forskottere kostnader, mellom anna fordi det kan ta heller lang tid før løyvingane frå programmet vert utbetalt. Dette er nok serleg eit problem når det gjeld EU-pengane, og mest for dei utanlandske partnerane i dei prosjekta som har norske deltakarar.

At Interreg-samarbeid ikkje passar for ein liten organisasjon, og at det krev tidlegare erfaring med grenseoverskridande samarbeid for å kunne delta i eit Interreg-prosjekt er dei to påstandane som færrast er samde i. Det er med andre ord liten oppslutnad om at organisasjonen må vera stor, og at tidlegare røynsle er naudsynt.

Interreg-samarbeid verkar som ein skule - ein arena for læring

Kva har dei norske deltakarane lært av Interreg-deltakinga som dei har nytte av i sitt daglege arbeid, av å arbeide grenseoverskridande og transnasjonalt?

Dei utsegnene som dei fleste prosjektdeltakarane samlar seg om, er dei to følgjande: deltakarane har blitt kjende med nye finansieringskjelder, og har fått kjennskap til og erfaring med andre administrative rutinar enn tidlegare. Interreg-systemet inneber eit nytt finansieringssystem, og det representerer andre administrative rutinar, og begge deler er viktige å få kunnskap om for å kunne fungere godt innanfor eit slikt regime som Interreg er. I tillegg til dette har og partane lært å arbeide i store prosjekt, og med mange og ulike partnerar. Ikkje minst dei som sit med prosjektleiaransvaret har måtta setja seg inn i mykje nytt. Men det er bryet verd, av di ein har vorte ein del av eit større og breiare læringsnettverk.

Interreg-deltaking gjev høve til å formidle norske synspunkt og lærdomar til dei som på eit eller anna vis er med på utforminga av EU sin regionalpolitikk – både reint konkret i praksis og på eit tidleg tidspunkt når fellesskapen sin regionalpolitikk er i støypeskeia – som han er nett no. Denne påverkingskanalen saman med alle dei nettverka som er bygde opp som ein følgje av Interreg-satsingane, gjer at dei norske aktørane frå det regionale nivået – fylkeskommunane og deira samrådsorgan som Landsdelsutvalet, Vestlandsrådet og Austlandssamarbeidet – kjem i tidleg og tett inngrep med EU sin politikktutforming. Det ver hevda med styrke at dette er ei side ved Interreg-samarbeidet som ikkje må undervurderast.

Interreg og norsk regionalpolitikk – gradvis tettare koplingar

Interreg-programma har vorte ein meir og meir sentral del av EU sin regionalpolitiske innsats. Støttar programma og opp om norsk regionalpolitikk og norsk innsats innanfor

regional utvikling? Det er ingen tvil om svaret her frå sentrale aktørar i fylkeskommunar og landsdelssamarbeid; Interreg-programma støttar opp om norsk regionalpolitikk, og vert frå fylkeskommunane si side sett som ein del av det regionale utviklingsarbeidet – og ein stadig viktigare del.

I styringsgrupper, og i overvakingskomitear for Interreg-programma, sit det sentrale regionalpolitikarar eller representantar frå fylkeskommunal administrasjon, men og frå styresmaktene på sentralt hald. Desse kjenner så vel dei regionale som dei nasjonale utfordringane og prioriteringane, og er informerte om kva som er viktig for fylkeskommunane og for måla for den norske regional- og sektorpolitikken. Interreg-midlane vert oppfatta som viktige ressursar som kan brukast til å utvikle eige fylke, og dei kjem i tillegg til dei andre verkemidla. Interreg-programma er ikkje frittståande program, men vert oppfatta som ein integrert og naturleg del av det regionale utviklingsarbeidet.

Fylkeskommunane har nær tilknytning til Interreg-programma og kjenner til det som føregår der, dei er representerte i styringsgruppene, og har og delansvar for gjennomføringa av programma. Dei er og viktige medfinansieringskjelderørar i mange prosjekt. Slik vert avstanden mellom Interreg-arbeidet og det regionale utviklingsarbeidet liten – og i dei fleste høva er det snarare snakk om integrering enn om avstand. Kommunane er og med i mange Interreg-prosjekt, og det ser ut til at dei er aktive og engasjerte deltakarar.

Interreg-satsinga er ein viktig lekk i moderniseringa av den norske regionalpolitikken

Interreg-arbeidet kan sjåast som ei modernisering av norsk regionalpolitikk, både i høve til arbeidsmåtar, samarbeid, partnarskap og i høve til langsiktig tenking. Interreg-programma byggjer på partnarskapsprinsippet, og gav viktige røynsler med dette før denne tankegangen kom for fullt i norsk regionalpolitikk. Og i høve til profesjonalisering av prosjektarbeid, rettleiing og rapportering kan Interreg vera eit føredøme for regionalt utviklingsarbeid.

Eit kjenneteikn ved Interreg-programma er at dei er langsiktige. Kvar periode varer i seks-sju år, noko som gjev finansiell tryggleik og lange perspektiv. Dette gjev rom for ei anna satsing enn det kortare programperiodar – som er vanleg i Noreg – gjer. Interreg-programma har gjort det regionale utviklingsarbeidet og fylkeskommunane meir internasjonalt orienterte. Gjennom desse programma og gjennom mange og ulike nettverk og samarbeidsprosjekt over grensene, har fylkeskommunane opparbeidd seg ein viktig plass i det internasjonale samarbeidet som Noreg deltek i. Omfanget det har i dag, kunne knappast vore mogeleg utan Interreg-programma som har opna for, og kravd, samarbeid på tvers av nasjonsgrensene, ikkje berre med velkjende naboar i Finland eller Sverige, men og med nye aktørar i Skottland, Tyskland, Nederland og i Baltikum.

Interreg-samarbeidet støttar opp om viktige, nasjonale sektorpolitikkområde

Prioriteringane innanfor Interreg-samarbeidet kan likevel ikkje berre sjåast i høve til det regionale utviklingsarbeidet og fylkesplanane, men og i høve til nasjonal sektorpolitikk. Av dei store og viktige transportprosjekta som Noreg deltek i, må to nemnast serskilt. Det er Northern Maritime Corridor – ”Den nordlege maritime korridoren” – som er ein del av to Interreg-program: Nordsjøprogrammet og Nordleg Periferi-programmet (sjå avsnitt 4.10). Prosjektet har som sitt fremste siktemål å gjera det enklare å utvikla ei trygg maritim rute frå Barentsregionen langs norskekysten og til hjartet av Europa.

Prioriteringar innanfor Interreg-programma er imidlertid ikkje alltid på line med nasjonale planar og prioriteringar. Dette gjeld kanskje i serleg grad innanfor samferdselspolitikken, og merkast i størst grad i dei nordlegaste programma der arbeidet med tverrgåande samband mellom Noreg, Sverige og Finland ikkje alltid møter stor støtte i nasjonale planar korkje i Noreg eller Sverige.

Nytte og glede ved å vera med som norsk deltakar i eit Interreg-prosjekt

Interreg-programma og norsk deltaking i dei inneber erfaringar og nytte, og dei inneber kostnader og problem som må løysast. Deltaking i ulike typar grenseoverskridande samarbeidsprosjekt er nytt for mange av aktørane vi har møtt i dette arbeidet, meir kjent for andre, og velkjent for eit mindretal. I prosjektet har vi prøvd å registrere og måla erfaringane på ulike vis. Vi har spurt oss sjølve kva som kjem ut av norsk Interreg-deltaking, og vi har spurt dei som arbeider innanfor programma om det same. Og vi har funne svar, nokre i rapportane frå midtvegsevalueringane, men og i andre dokument, og kan hende serleg i svara frå folk i dei einskilde prosjekta vi har spurt direkte gjennom ei lita spørjeundersøking, og gjennom intervju med sentrale deltakarar frå den norske Interreg-krinsen.

Nytte er noko som kan målast på så mange måtar, og i Interreg-programma er det gjort til dels omfattande forsøk på dette. Fyrst og fremst på å talfeste nytte: gjennom nyskapte arbeidsplassar, gjennom tal på ulike arrangement, aktivitetar, nettverk og samarbeidstiltak, og gjennom registrering av kva som blir gjort eller skapt gjennom samarbeidet. Slik kan nytte talfestast. Men ein kan og setja ord på nytteverdien – fortelja kva som blir opplevd som nytte, som noko positivt for dei som er med på tiltaka.

Vår vesle undersøking av 26 utvalde prosjekt i dei sju programma som Noreg deltek i, samtalar med sentrale aktørar i fylkeskommunar, samarbeidsorganisasjonar og andre offentlege institusjonar, og vår lesing av midtvegsevalueringssrapportane har gjeve glimt av noko av det som ligg bak tala som står svart på kvitt når ”nytte” vert registrert. Det er slik som opplevingar knytt til det å vera med på å utvikle nye utdanningstilbod på tvers av landegrensene eller å auka kompetansen, utvikle nye bærsortar, nye haustemaskinar, nye rutinar for tryggleik til havs og på land, nye tenester som gjer det lettare å kryssa riksgrensene, eller å registrere draktskikkar innanfor det fellesnordiske sørsamiske området. Dette er alt saman nyttig, og til ein viss grad kan nytteverdien talfestast og.

Men det er likevel noko meir; ei glede over å kunne samarbeide på tvers av grenser, saman med andre som er opptatte av dei same problemstillingane og av dei same utfordringane. Og det er ikkje minst ei glede over å vera i eit større (fag)miljø, og kunna løyse utfordringar og problem ein ikkje kan klare åleine. Men korleis måler vi glede? Våre kategoriar i skjemaet var ikkje gode nok til å fullt ut kunne fange opp dette, men i tilføyingar og tekst frå informantane, og meir eller mindre mellom linene i rapportane, les vi og ei glede over sjølve samarbeidet. Og det må vel og takast med når ”nytte” og ”meirverdi” skal vurderast?

I det grensenedbyggjande arbeidet ligg ikkje berre det å minske verknadene av fysiske barrierar. Nei, det handlar like mykje om å skape forståing for andre land sin kultur og veremåtar, så vel administrative rutinar og skikkar som kultur i meir tradisjonell meining, og å vera open for at utfordringar og oppgåver kan løyast på mange måtar. Og her er ikkje alt like rosenraudt – serleg ikkje i prosjekt som strevar med å knyta nærare band til Russland. Som fleire av midtvegsevalueringane peikar på, er det særleg strukturfondsinstrumentet TACIS som skapar problem for dei russiske deltakarane. Ordninga er meint som ei støtte til nett deltaking frå partnerar frå det tidlegare Sovjetunionen, men det har synt seg gong på gong at det er vanskeleg å kombinere regelverk og prosedyrar som gjeld

for Interreg og TACIS. Og det er TACIS-reglane som ver peika ut som hovudproblemet – dei er for stivbeinte, vert det hevda.

Det nyttige rår ikkje alltid grunnen åleine. Interreg-samarbeid kan by på frustrasjonar og. Desse er ofte knytte til sjølve programforma og dei mange og detaljerte reglane som gjeld, men og til organiseringa av Interreg-satsingane. Det dreiar seg serleg om slike ting som:

- å få den norske praksisen med eittårige budsjettvedtak til å ”gå i takt med EU sine seksårige programbudsjett der finansieringa er bortimot garantert i alle åra frå det tidspunktet Kommisjonen har godkjent eit program
- den stramme regien og det kompliserte regelverket som må følgjast når EU-pengar skal brukast. Rett nok tillet ikkje reglane at EU sine pengar kan brukast utanfor fellesskapen sitt territorium, men dei reglane som gjeld må og følgjast av norske prosjektdeltakarar. Mellom anna er krava til openheit, - såkalla ’transparens’ –, pålitelegheit og objektivitet sers strenge. Mange meiner at deltakinga i det førre Interreg-programmet – Interreg II – fyrst og fremst var ein ”skule” for læring av det kompliserte regelverket som styrer Interreg
- dei harde rapporteringskrava som prosjekta vert stilte overfor, var uvande for mange til og byrja med. Prosjekta må rekna med tett oppfølging undervegs og det skal rapporterast mellom anna om resultat og aktivitetar kvar gong ein rekvirerer EU-midlar eller norske IR-pengar. Her er lite rom for ”slinger i valsen”
- det vanskelege og tidkrevjande arbeidet med å skaffa seg prosjektpartnerar. Dette er nok serleg eit problem for dei som vil samarbeide i lag med nokon innafor Interreg B- og C-programma der mange av partnerskapane er store og breie, og der programregionane dekker store flatevidder og har lange avstandar partnerane imellom.

Eit eksempel på at dei ulike budsjett-tradisjonane som Noreg og EU har, kan skapa ”slitasjemoment” synte seg i kjølvatnet av den såkalla ”ansvarsreforma” på norsk side av grensa frå 2003. Stutt fortalt innebar denne reforma at KRD desentraliserte ansvaret for og makta over bruken av dei distriktspolitiske verkemidla (Kap.551, postane 60 og 61 på statsbudsjettet) til fylkeskommunane. Fleire av midtvegsevalueringane peika på at dette skapte problem med medfinansieringa av prosjekta på norsk side, og at dette skapte frustrasjonar blant partnerane. Her må skytast inn at dette var mellombels frustrasjonar i ei kortare tid. Kommunal- og regionaldepartementet har sytt for ”friske pengar” slik at denne ”kneika” i Interreg-samarbeidet no er jamna ut.

Interreg-deltakinga har ikkje vore heilt lett å takle for dei samiske partnerane

Organiseringa av Interreg-programma har ikkje vore lette å takla for dei samiske deltakarane. I dag er det to samiske delprogram, eit nordleg, Sápmi, som høyrer til Interreg Nord, og eit sørleg, Åarjelsaemien dajve, som høyrer til Interreg Sverige-Noreg. Begge to vert på norsk side administrert frå Karasjok, av Sametinget. Og det som er det vanskelege, er fyrst og fremst tilhøvet mellom det som administrasjonen av delprogramma krev i forhold til kva midlar som finst til dette. Det finst berre vel to millionar kroner å dela ut til prosjekt kvart år. Administrasjonsoppgåvene og den stramme Interreg-regien med møte i styringsgrupper og overvakingskomité krev mykje meir i ressursar enn kva midlane til teknisk assistanse – om lag 150.000 kroner årleg – gjev rom for. Interreg-samarbeid mellom partnerar i dei samiske samfunna er utan tvil nyttig, men programadministrasjon, prosjekttreileing og møteavvikling krev mykje større ressursar enn kva det finst midlar til. Sametinget har heller ikkje ekstra midlar å skyta til. Det er såleis all grunn til å stilla spørsmål om den samiske Interreg-innsatsen kunne ha hatt meir

nytte av å vera ein del av ein ordinær Interreg-administrasjon, men med øyremerkta midlar til samiske tiltak.

Gledene og dei positive opplevingane er ikkje minst knytt til det å få verkeleggjort tilbod og løysingar som regionane kanskje har arbeidd med og for lenge, men ikkje har fått til, anten på grunn av pengemangel, eller på grunn av at tiltaket krev større innsats enn til dømes ein fylkeskommune åleine kan make. Samarbeidet over nasjonsgrensene opnar ikkje berre for meir pengar, men og for andre ressursar. Dette kjem klart til synes innanfor fleire felt, som kultursamarbeid, næringsutvikling og utdanningssamarbeid. Ikkje minst er det synleg innanfor utdanningssektoren, der det er fleire døme på at ein har fått i stand felles utdanningstilbod som kan nyttast av elever frå båe sider av nasjonsgrensa.

ESPON – den fjerde Interreg-armen

I det sjette og siste kapitlet gjev vi eit oversyn over det fjerde av Interreg-programma som er verksame i denne tredje programperioden (2000 – 2006). - ESPON.

Dei som kjenner til ESPON frå før, veit at programmet sitt kan hende fremste kjennemerke er alle dei fargerike karta som kjem som resultat av prosjektverksemda. Det vert lagt ned mykje tid og arbeid i dette programmet for å skaffa fram, systematisere og ikkje minst harmonisere datagrunnlag slik at ein kan laga indikatorar som gjer det mogeleg å samanlikne ulike fenomen i heile det europeiske territoriet. Difor var ein viktig grunn til at Noreg valte å vera med i programmet, at ein ville ”*setja Noreg betre på plass på det europeiske kartet*”. Ein annan viktig årsak til at Noreg deltek, er at ESPON er organisert som nettverk etter partnerskapsmodellen der ei mengd europeiske forskingsmiljø og forskarar er engasjerte i prosjektverksemda. Norske styresmakter såg det som sers viktig at og norske miljø og forskarar fekk høve til å delta i desse internasjonale forskarnettverka.

”ESPON 2006” – European Spatial Planning Observation Network – er eitt av ei rekkje tiltak som tek sikte på å setja i verk det såkalla *Europeiske perspektivet på regional utviklingsplanlegging* (dvs ESDP, som står for ”European Spatial Development Perspective”). Arbeidet tok sikte på å komma fram til sams perspektiv og strategiar for utviklinga av det europeiske territoriet. Alt frå ein tidlig fase i dette arbeidet vart det etterlyst betre kunnskap om territoriale utviklingsdrag og effektar av ulike sektorpolitikkar, så vel for EU15 som EU25 og på det alleuropeiske planet.

ESPON er ei vidareføring og ei konkretisering av ESPD

ESPON er altså uløysleg knytt til ESDP der det er ein føresetnad at visjonen om ei balansert og berekraftig utvikling av heile EU sitt territorium må bygge på at tre grunnleggjande mål – på politikkområda samfunn, miljø og økonomi – kan realiserast i like stor grad:

- i) økonomisk og sosialt samhald (’cohesion’)
- ii) vern av naturressursane og kulturarven
- iii) meir balanserte konkurransevilkår i Europa.

Territoriet, eller det romlege organisasjonsprinsippet som motstykke til sektorprinsippet, er utan tvil vorte ein mykje meir påakta dimensjon i EU etter kvart. Utvidinga av EU har ført med seg enda større utfordringar og trong for kunnskap knytt til den territoriale utviklinga, i EU så vel som i EU sine naboland.

Programmet er bygd opp av - for tida – over 30 forskings- og utgreiingsprosjekt. Nokre er ferdige, nokre er nett sette i gang, men dei fleste er undervegs.

Ei sentral forventning EU-kommisjonen har til ESPON-programmet, er at det nettverket av europeiske forskingsmiljø som er vakse fram under ESPON, skal medverke til å:

- i) identifisere faktorar som er særleg relevante og avgjerande for utviklinga av eit betre balansert europeisk territorium, det vil seia å støtte framveksten av eit betre balansert, polysentrisk europeisk bysystemⁱⁱ
- ii) utvikle territoriale indikatorar og typologiar som kan brukast til å kartleggje og overvake utviklingstrekk slik at ein kan halde auge med korleis måloppnåinga er når det gjeld framgang på vegen mot eit meir balansert og polysentrisk europeisk territorium
- iii) utvikle ulike reiskapar som støtte for ”diagnostisering” av viktige strukturelle hinder så vel som politiske valmogelegheiter
- iv) studere og analysere verknader av sektor- og strukturpolitikken
- v) utvikle ”integreerte reiskapar” til støtte for ei balansert og polysentrisk, territorial utvikling.

ESPON byggjer eit forskarnettverk for analysar av det europeiske rommet

ESPON vart sett i gang for å støtte politikktutvikling og for å byggje eit europeisk vitskapssamfunn kring feltet ”det europeiske territoriet/rommet”. Det fremste målet for ESPON er å auke det allmenne kunnskapsnivået når det gjeld emne som:

- romlege strukturar og mønster
- territoriale trendar, utviklingsdrag og mogelege framtidsscenario
- verknader av sektorpolitikkar (både EU sine og dei nasjonale) i ein utvida europeisk union.

ESPON produserer, i tillegg til titusentals rapport sider, mange oversiktlege og fargerike kart. Fine kart som syner ulike fenomen samla for heile ”ESPON-rommet” (”the ESPON Space”), er samstundes eitt av ESPON sine fremste kjennemerke. Den minste databerande eininga er i regelen dei såkalla NUTS 2ⁱⁱⁱ-regionane, men den finare NUTS 3 eller kombinasjonar av NUTS 2 og NUTS 3 vert og brukte i nokre av prosjekta. NUTS 3 svarar i ein norsk samanheng til dei 19 fylka våre. Ein del av ESPON-prosjekta har teke i bruk avanserte og nyskapande metodar og kartleggingsreiskapar.

Det er, eller har vore, norske partnarar i åtte ESPON-prosjekt. I alle med unnatak av eitt – der NIBR er hovudprosjektleder -, har dei norske hatt rolla som vanleg deltakar eller ekspert.

ESPON er eit viktig instrument for EU sin samhaldspolitik

I ESPON-dokumenta vert det m.a. vist til at den tredje samhaldsrapporten (frå februar 2004) gjorde seg god nytte av dei ESPON-resultata som til då hadde kome fram.. Ein ventar seg at når resultata frå alle ESPON-prosjekta ligg føre ein gong etter 2006, så vil EU-kommisjonen og medlemslanda ha til rådvelde:

- ein ”diagnose” for hovudtrendane i den territoriale utviklinga i EU og i heile Europa - med serleg vekt på identifisering av dei problema og dei moglegheitene som finst
- eit kartografisk bilete av dei viktigaste territoriale ulikskapane i Europa med mål og indikatorar som seier noko om deira styrke og intensitet

- eit sett med territoriale indikatorar og typologiar som kan vera til hjelp for prioriteringar som tek sikte på å få til eit betre balansert og meir polysentrisk, utvida europeisk territorium
- integrerte reiskapar og instrument som kan støtte arbeidet med å forbetre regional samordning av sektorpolitikane (databasar, indikatorar, metodar for territoriale konsekvensutgreiingar ('TIA')).

Summary

Bjørn Moen and Sigrid Skålnes

Norway in Europe – Norwegian partnerships in INTERREG programmes.

What does Norway gain by participating in the INTERREG III programmes A, B and C?
NIBR Report 2005:107

This report is the outcome of a project that NIBR was commissioned to do by the Norwegian Ministry for Local Government and Regional Development in the late autumn of 2004.

The main task of the project was to collect, analyze and synthesize experiences and knowledge that Norwegian partners have gained during the current Interreg programme period.

There was one precondition: most of the data and materials used should be of recent origin. This meant that the main interest lay in knowledge and experiences gained in the ongoing Interreg programming period – i.e. 2000 – 2006.

The rather voluminous material that had to be collected for the project have been used to present the first comprehensive report on Norwegian participation in Interreg-programmes ever. In addition, the materials have been used as the main source of information for a brochure that was prepared for an international conference on Interreg in the city of Ålesund in May this year <http://www.interreg.no/>.

In close dialogue with our sponsors it was decided that data and other materials should be collected from two main sources: i) the reports from the mid-term evaluations (MTEs) of all the seven Interreg programmes which have Norwegian partners, and ii) a special and thorough investigation of 26 carefully selected single projects. The selected projects can – of course – not claim any kind of representativeness in a formal statistical sense as they only make up about ten percent of the total number of Interreg-projects with Norwegian participants (the exact number of such projects was 265 by the end of 2004). The project lacked time as well as financial resources to choose a fully representative sample of projects. That said the selection was made in such a way that the sample of projects ensured a good mix of small and big projects (in financial terms), for project priorities and fields of interest as well as a balanced representation of projects from all the seven Interreg programmes.

Our sponsor also wanted a short presentation of the fourth Interreg strand – ESPON^{iv}: what it is, and what it does and especially what the Norwegian contribution to this programme is. At present, by the end of June 2005 there are Norwegian partners in over 400 Interreg projects.

There are five types of Interreg programmes in operation in the present programming period

Regjeringa legg derfor opp til at Noreg skal halde fram med å ta del i fleire typar samarbeid for regional utvikling over landegrensene. Dette gjeld både Barentssamarbeidet, nordisk samarbeid og Interreg. Regjeringa oppfordrar norske aktørar til å involvere seg i slike samarbeid og viser og til at lokal og regional deltaking er sers viktig.

”Regionalpolitikken er eit område der det internasjonale elementet er heilt sentralt. (...) Regjeringa vil streka under at Noreg så aktivt som mogeleg bør ta i bruk alle dei mogelegheiter vi har til å presentere synspunkta våre i dei prosessane som er i gang i EU”. Det er serleg viktig at dette skjer i dei innleiande fasane av politikktutforminga, der det er størst sjanse for å påverke. Lokale, regionale og nasjonale aktørar som deltek i internasjonalt, regionalpolitisk samarbeid ”kan alle aktivt medverke til å fram dei serskilde, norske regionalpolitiske utfordringane når det gjeld tilhøve som avstandar, spreidd busetnad, arktiske tilhøve og krevjande geografi”.

Regionalmeldinga peikar ut Interreg som eit av dei viktige instrumenta for slik påverknad. Strategiske samarbeidsområde som forskning og utvikling, miljø, forvaltning av vassressursar og tryggleik til sjøs vert peika ut som utfordringar som best kan løysast i samarbeid med andre.

I meldinga signaliserer regjeringa at ho ”vil arbeida for at Norge fortsatt kan vera ein aktiv samarbeidspartnar i neste programperiode og. Meldinga sleg og fast at det skal satsast på dei nye nabolandsprogramma (jamfør ENP og ENI). Regjeringa ”vil leggje stor vekt på å sikra at Noreg skal kunne vera med i dei nye nabolands-programmene med Russland som partnar. Det er viktig å vidareutvikle samarbeidet i så vel Barentsregionen som i Austersjøregionen ut frå både utanrikspolitiske og regionalpolitiske omsyn”

I meldinga slår ein og fast at samarbeid på tvers av landegrensene dei siste femten åra har fått stadig større verdi for Noreg, og Interreg III B og III C vert framheva som viktige arenaer for internasjonalt, regionalpolitisk samarbeid. Dette gjeld samarbeidet i Barentsregionen, i Austersjøregionen, i Nordsjøregionen og i Nordleg Periferi-programmet. ”Norsk deltaking i EU sine Interreg-program har vore eit vesentlig tilskot til norsk nærområde- og europapolitikkk”, heiter det i meldinga.

Auka vekt på samordning mellom nasjonal og regional planlegging i EU har resultert i at Sverige og Finland har rusta opp dei regionale forvaltingane sine. På norsk side kan den ”ansvarsreforma” som vart gjennomført i høve til fylkeskommunane frå 1. januar 2003, sjåast på som eit norsk svar på det same. Då vart ansvaret for bruken av dei distriktpolitiske virkemidla desentralisert frå departementsnivået til kvar einskild fylkeskommune som regjeringa ynskte skulle gå inn i rollen som ”regional utviklingsaktør” på ein heilhjarta og kraftfull måte.

Samarbeidsregjeringa si europapolitiske plattform frå februar 2002 peikar m.a. på at Regjeringa vil:

- arbeide for auka kontakt og samarbeid mellom Noreg og dei land som den gongen vart kalla "søkjjarland" til EU
- verka for sterkare samarbeid mellom regionane og dei nordiske land om det europeiske kultursamarbeidet
- stimulere ordskiftet - på kommunalt og regionalt nivå - om regionane sin plass i det framtidige Europa²
- betra informasjonsutvekslinga og samarbeidet med kommunar og fylkeskommunar og deira interesseorganisasjonar, landsdelsutvala (LU, Vestlandsrådet og Austlandssamarbeidet) og samepolitiske institusjonar om europapolitiske spørsmål
- stimulere desse til å byggje nettverk med regionar og regionale organisasjonar i andre land i Europa
- styrkje Europa-kompetansen i brei forstand i lokal og regional forvaltning og blant dei folkevalde
- etablere ei interdepartemental prosjektgruppe som får i oppgåve å vurdere desse spørsmåla og dessutan m.a.: invitera til samråd/forum om europapolitikk med KR D og UD, konsekvensane for lokale og regionale styresmakter i lys av dei forslaga som EU-kommisjonen set fram i kvitboka om styringsformer, UD og KR D sin medverknad i KS sitt internasjonale nettverk, nettverket til landsdelsutval, fylkeskommunar osv., vurdere tiltak for å auke deltakinga frå aktørar i kommunal sektor i relevante EU-program
- oppmuntre ikkje-offentlege aktørar til nettverksbygging i Europa - arbeide for å auke kunnskapen i skule, opplæring og høgere utdanning om europeisk politikk, økonomi og kultur, europeiske land, europeisk samarbeid og Noreg sin plass i Europa³
- arbeide for at det vert meir utveksling og mobilitet av studentar og lærlingar mellom Noreg og land i Europa.

I følge St.meld. nr. 19 (2001-2002)) "Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå" skal fylkeskommunane ha ei sentral rolle når det gjeld regional utvikling, ikkje minst gjennom å ta initiativ og setja i verk tiltak som styrkjer samhandlinga mellom alle aktørane som har ei rolle å spela i fylket/regionen. Regjeringa ynskte at fylkeskommunane skulle legge meir kraft i å spela denne rolla som regional utviklingsaktør og såg for seg at fylkeskommunane skulle ta leiinga i arbeidet med å byggje handlekraftige regionale partnerskapar. Fylkeskommunane sitt internasjonale arbeid og engasjement er ein integrert del av den nye rolla.

I samband med arbeidet med å styrke europakompetansen i lokal og regional forvaltning, og blant folkevalde, blir det gjennomførte diverse tiltak i offentleg regi. Opplæringstiltak på europaområdet for kommunar og fylkeskommunar vert i det store og heile dekt av KS

² Dette var ein del av konklusjonane frå EU-toppmøtet i Nice i desember 2000, og desse vart tekne opp igjen i fråsegna frå EU-toppmøtet i Laeken i desember 2001. Dette ordskiftet var og på dagsordenen for regjeringskonferansen i 2004.

³ I St.meld. nr. 22 (2004-2005): Kultur og næring er Interreg gjeve ein fyldig omtale. Tre Interreg-prosjekt vert lyfta fram som gode eksempel på at kultur og næring kan og bør kombinerast. I meldinga heiter det m.a. "Døme på Interreg-prosjekt som kombinerer kultur og næring er Nave Nortrail, Nordsjøsykkeleruta og RANE – Rock Art in Northern Europe. Alle dei tre prosjekta er baserte på ein aktiv og medviten bruk av kulturminne og kulturmiljø". RANE-prosjektet vert presentert nærare lenger ute i notatet, sjå avsnitt 4.11.

(tidlegare kalla Kommunenes Sentralforbund) og dei enskilte fylkeskommunane. Landsdelsutvala er tildelt ansvaret for informasjon om, opplæring i og iverksetjing av Interreg B-programma i Noreg.

Om internasjonalt arbeid heiter det i den same meldinga: ”Deltaking i internasjonalt, regionalpolitisk samarbeid tek som utgangspunkt dei forskjellige mulegheitene og utfordringane ein region står overfor. Deltaking i slikt samarbeid skal på same måte som andre verkemidlar tena til å fremme ei god regional utvikling. Fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør ansvar for å forankre eit slikt samarbeid regionalt og lokalt. Det internasjonale samarbeidet må inngå som ein integrert del av det regionale utviklingsprogrammet”.

Haldningane vi finn i desse dokumenta er ved fleire høve understreka av representantar for ulike regjeringar. Fylkeskommunane – og kommunar der det er tenleg – skal vera, og er, ein viktig medspelar i arbeidet med å konkretisere og fordjupa norsk Europa-politikk. Det kjem mellom anna klårt fram i St.meld. nr. 12 (2000-2001): Om Noreg og Europa ved inngangen til et nytt hundreår.

1.3 Interreg – EU-program for grensoverskridande, transnasjonalt og interregionalt samarbeid

Interreg er eit regionalpolitisk EU-program⁴ for grensoverskridande regionalt samarbeid der Noreg vart invitert til å delta av sine granneland Sverige og Finland då dei vart EU-medlemar i 1995 og såleis fekk høve til å ta imot midlar frå Fellesskapen sine strukturfond ERDF ((Det europeiske regionalutviklingsfondet) og ESF (Det europeiske sosialfondet). Interreg er det viktigaste instrumentet EU og EU-kommisjonen har i arbeidet med legge tilhøva betre til rette for å skapa økonomisk, sosial og territorial samordning og utvikling i Europa.⁵ Målet om å betre det territoriale samhaldet i Europa har grodd fram over tid, men då den tredje ”samhaldsrapporten” (”Third Report on economic and social cohesion: A new partnership for cohesion – convergence, competitiveness, cooperation”) vart lagt fram i februar i fjor, var dette målet lyft opp på same nivå i målhierarkiet som måla om økonomisk og sosialt samhald.

På bakgrunn av dette har norske, nasjonale styresmakter gjort vedtak om norsk deltaking i både Interreg II (1995-1999) og Interreg III (2000-2006). I St.meld. nr. 12 (2000-2001) heiter det m.a.:

Interreg-programmene har utviklet seg til å bli et viktig styringsmiddel for økt vekst og verdiskaping i grenseregioner. De bidrar også til miljø og bærekraftig regional utvikling, og til at felles kulturarv på tvers av nasjonale grenser blir ivaretatt. Norske fylker har hatt stort utbytte av å delta i ein rekke av Interreg-programmene. Deltakelse i programmene styrker også Norges samarbeid med andre land, ikke minst de nordiske,

⁴ Regionalpolitikk er ikkje ein del av EØS-avtalen og Noreg er avhengig av at ei regjering i eit naboland i EU inviterer Noreg og norske partnarar til å vera med i programverksemda.

⁵ Samhald er det ordet vi har vald å bruka for det som kallast ”cohesion” på EU-engelsk. På bokmål brukar ein visstnok ordet samhörighet. På svensk brukast ordet ”sammanhållning” om det same. Eit ord som i følgje Bonniers Svenska Ordbok, tyder ”enighet och lojalitet inom en grupp, speciellt gentemot omvärlden”. Dette målet om territorielt samhald er vorte stendig viktigare etter kvart som unionen har utvikla både breidda og djupna i samarbeidet og utvida talet på land som er medlemar frå femten til tjuufem.

gjennom utvidet samhandling mellom lokale og regionale aktører. Den viktigste virkningen av Interreg i Norge så langt er at det har bidratt til større sektorsamordning. Det har også gitt lokale myndigheter nye erfaringer å delta i programmer med ein mer forpliktende kobling mellom plan og virkemiddelbruk enn vi vanligvis finner i Norge. Interreg-samarbeidet bidrar også til å styrke det nordiske grenseregionale samarbeidet og det transnasjonale samarbeidet i Barentsregionen, Østersjøregionen og Nordsjøregionen. Dette inngår som en sentral del av norsk nærområdepolitikk som et bidrag til utviklingen av EUs nordlige dimensjon.

Interreg-programma - (Trans-European Co-operation for a Balanced Development) er ein del av EU sine "Felleskapsinitiativ" (the European Union's Community Initiative Programmes - CIP). Kvar av desse programma får budsjett som er fastsett sentralt av den europeiske unionen. Sidan føregår programarbeidet desentralisert ved at det vert oppnemnd overvakingskomitéar, styringskomitéar og vedtaksfora som velgjer ut og godkjenner prosjektforslag. EU-kommisjonen deltek om observatør og rådgjevar i nokre av desse organa som mellom anna har ansvaret for programskrivning og evalueringar på førehand og midtvegs i programma. Det er EU-kommisjonen sjølv i samarbeid med dei einskilde EU-land som tek ansvaret for etterhandsevalueringane ("Ex post evaluations").

Historia til Interreg strekk seg attende til 1990. Initiativet vart teke i bruk for å fremja samarbeid mellom naboregionar som var skilde av nasjonalgrenser innanfor den europeiske unionen. Eit av føremåla var å støtta utviklinga av ein felles marknad og eit Europa utan grenser. Land som har ulike tilknytingsformer til EU, slik som t.d. Noreg har gjennom EØS-avtala, kan delta i eit eller fleire av dei mange Interreg-programma dersom styresmaktene i eit EU-land inviterer til det. For Noreg sin del var det nett det Finland og Sverige gjorde i 1995. Interreg som program eller strukturfondsinitiativ går no mot slutten av den tredje perioden sin (2000-2006). Førebuingane til neste periode Interreg IV har vore i gong i lengre tid, og EU-kommisjonen har sendt ut fleire konsultasjons- og drøftingsnotat til medlemsland og til dei land utanfor som har vore knytt til program under Interreg III. Dette gjeld i høg grad for Noreg sin del og difor har det vore viktig for norske styresmakter både å følgja med på politikkkutforminga i EU og freista å la si røyst høyra så godt som mogeleg. Dette har gått føre seg på fleire plan og arenaer, men viktigast har nok samarbeidet med dei gode grannane i Norden vore.

1.4 Interreg III går mot slutten, men Interreg IV har allereie så smått starta

Interreg I gjekk føre seg i perioden mellom 1991 og 1993, og til saman 31 program vart sett i verk i denne bolken, dei fleste av dei langs, eller rettare sagt på bae sider av, indre eller ytre grenser i EU. Den samla EU-støtta var på 1,082 millionar euro.

Interreg II arbeidde i perioden mellom 1994 og 1999. Programmet var utvida samanlikna med pilotfasen slik at det romma tre delar:

1. Interreg IIA: ei løyving på 2,562 millionar euro finansierte gjennomføringa av 59 program med grenseoverskridande samarbeid i fokus. Det viktigaste kjenneteiknet ved slike samarbeidsprosjekt over landegrensene som blir støtta innanfor rammene av Interreg, er at dei anten dekker heile grenselengda eller avgrensa delar av den felles grensa

2. Interreg IIB: her var føremålet å stimulere til utvikling av visse på førehand utpeika energinettverk med eit budsjett på 550 million euro
3. Interreg IIC: hadde eit budsjett på 413 million euro som vart brukte til å finansiere samarbeidsprogram mellom ulike nasjonar og regionar.

Interreg III (2000 - 2006) inneheld på same måten som i perioden før, tre hovudprogram:

1. Interreg IIIA: denne delen av programmet held fram og støttar samarbeidsprosjekt i grensestrok, men i denne perioden er det lagt serskild vekt på samarbeid mellom byar og sentra i det sosio-økonomiske rommet langs grensene
2. Interreg IIIB: ved at ein skal satse sterkare på transnasjonalt samarbeid i denne perioden så vert dei aktivitetane som vart drivne i det førre Interreg IIC, vidareført.
3. Interreg IIIC: dette programmet støttar interregionalt samarbeid. Regionane kan ligga langt frå kvarandre og høyre heime i mange land. Hovudføremålet er å støtte opp under arbeid som kan forbetre iverksetjinga av gode prinsipp for regional utvikling og samholdspolitikken. Eit anna hovudføremål er å gjera effektiv bruk av dei midla som EU har sett av til dette føremålet og utnytta m.a. røynslene frå den førre perioden i dei svakast utvikla delane av EU –serleg regionar som har gått, og går, gjennom omstrukturingsprosessar av sektorar og bransjar.

1.5 Nokre hovudprinsipp gjeld for alle Interreg-programma

Interregprogramma er regionalpolitiske utviklingsprogram for EU, der også naboland kan delta ut frå klare reglar. For programma er det sett tydelege og klare reglar for korleis dei skal gjennomførast, og kva prinsipp som skal gjelde. Hovudprinsippa er som følgjer:

- regionane på kvar side av ei nasjonsgrense, eller nasjonane som deltek skal ha ein felles strategi og eit felles utviklingsprogram
- samarbeidet skal organiserast som ein partnerskap og skal byggje på ”grasrot-modellen” (”a bottom-up approach”)
- samarbeidet skal gå føre seg slik at dei generelle prinsippa som gjeld for bruken av strukturfondsmidlane vert følgde
- ei heilskapleg og tverrsektoriell tilnærming når det gjeld iverksetjinga av fellesskapsinitiativ (”the Community Initiatives”)
- harmonisering av bruken av dei midlane vert stilt til rådvelde for Interreg III og midlande som vart stilt til rådvelde for dei ti nye medlemsland fram til 1. mai 2004 (m.a. TACIS og PHARE, MEDA, CARDS og andre. Sjå vedlegg 1 for nærare opplysningar om desse akronyma).

1.5.1 Mange slag aktivitetar kan støttast i Interreg-programma

Interregprogramma gjev rom for mange og ulike aktivitetar, som alle skal vera med og utvikla deltakarlanda. Programma kan spenne frå aktivitetar som kommunikasjon og

transport til det å ta vare på kulturarven og miljøet. Nedanfor gjev vi eksempel på tiltak som kan støttast under Interregparaplyen.


- utvikling av urbane, rurale og kystnære strok
- framelsking og styrking av tiltakslust og entreprenørskap, små- og mellomstore private verksemdar og initiativ retta mot betre lokale sysselsettingstilhøve
- betre integrering av arbeidsmarknaden og tilpassing av den til den sosiale omgjevnaden
- deling av dei menneskelege ressursane og tilgangane som trengst for å utvikle teknologiar, forskning, utdanning, kulturliv, kommunikasjonar og helsetilbod slik at produktiviteten kan aukast og permanente jobbar skapast
- kulturarven og turismesatsingar og berekraftig og omsutsfull utnytting av naturressursar og naturgode
- styrke arbeidet med å verne miljøet lokalt så vel som globalt medan hushaldet med energiressursane og arbeidet med å auka bruken av fornybare energiressursar vert prioritert høgare
- utvikling av kommunikasjons- og informasjonsverktøy og –nettverk og transportliner så vel som vassforsynings og energinett og –overføringssystem
- tiltak som støt opp om samarbeid mellom lovgjeving og administrering slik at det vert betre tilhøve for økonomisk utvikling, betre sosialt samhold og tryggleik ved EU sine ytre grenser
- stendig auke og styrkje den menneskelege og institusjonelle kapasiteten til å drive effektiv og måltretta grenseoverskridande samhandling.

1.6 Fylkeskommunane - rollene som regional utviklingsaktør og som internasjonal partner

For å kunna spele rolla som regionalutviklar på ein så målretta og kraftfull måte som regjeringa ønskjer, må fylkeskommunane gjera seg opp ei meining om kva ein skal leggje i dei to omgrepa regional utvikling og utviklingsaktør. Her var det lite hjelp å hente i stortingsmeldinga for regjeringa valde å la fylkeskommunane sjølve definere innhaldet m.a. ut frå den erkjenninga at tilhøva i det langstrekke landet vårt er ulike og at ein ville få dei best tilpassa resultatata dersom fylkeskommunane sjølve skapte rolla og gav ho eit innhald som var best mogeleg tilpassa regionale (og lokale) rammer, utfordringar og mogelegheiter. I tillegg visste nok regjeringa at fylkeskommunane hadde svært ulike erfaringar med å drive regionalt utviklingsarbeid. Nokre, som Nordland og Aust-Agder, hadde gjennom frifylkeforsøka skaffa seg verdfull kunnskap og gode erfaringar, medan andre, som t.d. Vestfold og Akershus, låg utanfor det distriktpolitiske verkemiddelområdet og hadde færre tidlegare erfaringar å bygge på.

Slike ulikskapar i utfordringar og erfaringar i rolleutforminga heng tett i hop med kor mykje pengar dei einskilde fylkeskommunane har å rutta med til utviklingsarbeid, anten det gjeld næringsutvikling, infrastruktur- eller kompetanseoppbygging. Her kjem desentraliseringa av rådveldet over KRD sine distriktpolitiske verkemidlar frå 2004 inn med full kraft, og som figuren under syner er det store ulikskapar når det gjeld kor mykje kvar einskild fylkeskommune har til disposisjon til rolleutøvinga frå desse midlane.

Figur 1.1 Den "vesle", nye regionalpolitikken: tilskot til regional utvikling (post 60) og næringsretta utviklingstiltak (post 61) 2004 (Kjelde: Nordregio Working Paper 2005:1)



Inkluderer tildelinger til bransjespesifikke tiltak.

*Ikke justert for endringer som følge av revidert nasjonalbudsjett 2004 (St. prp.nr. 63 (2003-2004)).

I St.meld. nr. 19 (2001-2002) heiter det at "[rollen] som regional utviklingsaktør må defineres nærmere og gis et innhold av fylkeskommunen selv. Utforming av handlingsrommet er avhengig av konkret originalitet i form av visjoner, strategier, partnerskap og prosjektidéer. Dersom ambisjonen om den regionale merverdi skal ha mening, kreves det at aktørene i partnerskapet utvikler felles idéer om hva dette skal innebære; idéer som er interessante nok til at de enkelte aktørene er villige til å yte noe på kort sikt for en mer langsiktig gevinst".

I den same stortingsmeldinga vert det og gjort eit poeng av at fylkeskommunane skal gå over frå å ha ei rein myndighetsrolle til å ta leiarskap i regionale partnerskap. For mange vart dette fyrst og fremst eit spørsmål om å vidareføre og fordjupe RUP-arbeidet og gje meir kraft til det regionale næringsutviklingsarbeidet ved å vise og ta leiarskapen – å spela rollen som ein slags primus inter pares i sitt fylke. Ein grunn til dette er at den såkalla ansvarsreforma har tydeleggjort fylkeskommunen si rolle overfor Innovasjon Noreg og at dette nok har ført til at ein meir spesifisert og konkretisert næringspolitikk vert utvikla. Det er og ein tendens til at kommunar og næringsliv involverer seg meir i det regionale utviklingsarbeidet

Rolla som regional utviklingsaktør skal drivast fram og fyllast med innhald som ein felles idé av fylkeskommunane sjølve i samråd med andre regionale aktørar. Dei to siste åra er det lagt ned mykje innsats frå sentralt hald i form av utviklingstiltak retta mot fylkeskommunane, både mot det politiske nivået og mot det administrative apparatet, men og mot andre deltakarar i partnerskapane, for å setja fokus på utviklingsaktørrolla og partnerskapen sin funksjon og oppgåver.

Evalueringar (m.a. Nordregio 2005:1) har likevel synt at fylkeskommunane slit noko med å få på plass handlekraftige partnerskapar. Ein av grunnane til dette er nok at den norske frigjevinga av det regionale utviklingsomgrepet gjev dei mange statlege sektorane og aktørane ein tilsvarende stor fridom i måten dei møter fylkeskommunen som aktør på.

Det er likevel ingen tvil om at det har skjedd ei inkorporering av tankegods om strategisk næringstenking og samarbeidsbasert planlegging som har verka overfor alle fylka i landet. Ein trend ser ut til å vera at parallelt med at skiljet mellom fylkeskommunar med sterkt og svakt feste i det distriktpolitiske verkeområdet held seg, så har nye paradigme for regionalt utviklingsarbeid slått gjennom på brei front relativt uavhengig av dette skiljet.

Eit vel fungerande partnerskapsarbeid føreset truleg at det er ei klår rolledeling mellom politiske tillitsvalde og dei administrativt tilsette. Ei veldefinert rolledeling vil gjera fylkeskommunen tydelegare som regional utviklingsaktør overfor omgjevnadene, og dette er naudsynt for å gje dei regionale partnerskapane eit tydelegare strategisk innhald.

1.7 Utsikter for neste Interregperiode: 2007-2013

I førekant av den neste strukturfondsperioden (2007 til 2013) førebur EU-kommisjonen enno større endringar i evalueringsregiane. Her blir det lansert eit systemskifte. Midtvegsevalueringane skal ikkje lenger vera obligatoriske, men friviljuge for medlemsland og for programstyra. Det skal vera opp til nasjonale styresmakter og dei regionale/transnasjonale programstyreiningane å avgjera om tradisjonelle midtvegsevalueringar er den mest formålstenlege måten å skaffe fram den naudsynte styringsinformasjonen på. Eller om iverksetjingsorganisasjonane kan gjera dette både betre og billegare på andre måtar, til dømes ved å bruke stikkprøvar på utvalde strategiar, åtgjerder eller prosjekt. Andre metodar kan vera ein form for forvaltingsrevisjon eller ”på staden tilsyn”.

I tabellen nedanfor syner vi dei rettleiande (i EU-sjargongen vert det kalla ”indicative”) finansieringsrammene for dei tre hovudmåla og innsatsområda som vil styra Interreginnsetsen i neste periode. I følgje ei pressemelding frå Kommisjonen datert 6. april 2005 har Kommisjonen no lagd aller siste hand på verket med å få på plass EU sitt langtidsbudsjett for perioden 2007 – 2013 (”the Financial Framework 2007 – 2013”). Kommisjonen sitt framlegg summerar seg til i alt 1.025 milliardar euro fordelt på dei fem hovudgruppene av aktivitetar (”the headings”) pluss ein liten sum – 28,7 mrd. euro som går til ymse kostnadar som EU-pensjonar, EU-skular og slikt. Desse fem ”overskriftene” er (i vår oversetjing og med budsjettal og –andelar i prosent):

- i) *Konkurranskraft for vekst og sysselsetting* (”Competitiveness for growth and employment”): 132,7 mrd. euro og 13,0 % av totalbudsjettet.
- ii) *Samhald for vekst og sysselsetting* (”Cohesion for growth and employment”): 338,7 mrd. euro og 33,1 prosent. Det er her strukturfondsinnsettsane høyrer heime som vist i tabell 1.1. Dette politikkområdet i EU er for fyrste gongen større enn budsjettkapitla for den sams landbrukspolitikken (”CAP”).
- iii) *Freding og handtering av naturressursar* (”Preservation and management of natural resources”): 404,7 mrd. euro og 39,5 prosent. (Den tradisjonelle delen av landbruksstøtta – CAP – utgjer i dette forslaget 29,4 prosent av EU-budsjettet).
- iv) *Medborgarskap, fridom, tryggleik, rettferd og rettsvesen* (”Citizenship, Freedom, Security and Justice”): 24,7 mrd. euro og 2,4 prosent.
- v) *Den europeiske fellesskapen som ein global partnar* (”EU as a global partner”): 95,4 mrd. euro og 9,0 prosent.

Tabell 1.1 *Satsingsområde og rettleiande, finansielle rammer for Interregperioden*

Program og instrument	Gyldige område ("eligibility criteria")	Prioriterte satsingsområde	Stønadssomfang (% av kvart mål og i milliardar (mrd.) euro)
Målet om Konvergens			78,5 % (264 mrd. euro)
inkluderer også spesialprogrammet for dei ultra-perifere regionane (t.d. Azorane)			
Regionale og nasjonale program	Regionar med BNP/innbyggjar under 75 % av snittet i EU-25.	<ul style="list-style-type: none"> • innovasjon • miljø-/risikoførebygging • tilgjenge 	67,34 % = 177,8
ERDF og ESF	"Statistisk effekt": regionar med BNP/innbyggjar under 75 % i EU-15 og over 75 % i EU-25.	<ul style="list-style-type: none"> • infrastruktur • menneskelege ressursar • administrativ kapasitet 	8,38 % = 22,14
Samhaldsfondet ("Sammanhållningsfonden")	Medlemsland med ein BNI/innbyggjar under 90 % av det europeiske snittet.	<ul style="list-style-type: none"> • transport (RTE) • berekraftig transport • miljø • fornybar energi 	23,86 % = 62,99
Målet om Regional konkurransekraft og sysselsetjing			17,2 % (57,9 mrd. euro)
Regionale program (ERDF) og nasjonale program (ESF)	Kvart medlemsland legg fram ei liste over "gyldige" regionar (NUTS I eller NUTS II) "Innfasing" ("phasing-in") av regionar som dekkast av Mål 1 mellom 2000 og 2006, men ikkje av målet om konvergens	<ul style="list-style-type: none"> • innovasjon • miljø-/risikoførebygging • tilgjenge • europeisk strategi for sysselsetting 	83,44 % = 48,31 16,56 % = 9,58
Målet om Territorielt europeisk samarbeid			3,94 % (13,2 mrd. euro)
Grenseoverskridande og transnasjonale program og nettverk (ERDF)	Grenseregionar og større regionar i transnasjonalt samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • innovasjon • miljø-/risikoførebygging • tilgjenge • kultur og utdanning 	35,61 % grenseoverskridande = 4,7 12,12 % ENPI = 1,6 47,73 % transnasjonalt samarbeid = 6,3 4,54 % nettverk = 0,6
Anna (inkl. andre tiltak, administrasjon, ukjende kostnader)			0,2 % (2,5 mrd. euro)

Kjelde: "Sammanhållningen vid brytpunkten 2007. Förslag till förordningar från Europeiska kommissionen för den reformerade sammanhållningspolitiken (perioden 2007-2013)", vedteken av EU-kommisjonen den 14. juli 2004

ENPI står for det nye finansieringsinstrumentet som EU skal bruka i høve til dei nye naboland etter utvidinga 1. mai 2004: "European Neighbourhood and Partnership Instrument".

BNP står for "brutto nasjonalprodukt"; BNI er det same som "brutto nasjonalinntekt". RIT er akronymet for EU sitt energi- og transportforum (Reseau Trans-européen).


Strukturåtgjerdene vil i kommande periode omfatta eit samla (retteiandet) anslag på 336,1 milliardar euro, noko som tilsvarar om lag ein tredel av fellesskapsbudsjettet. Føremålet med reformene er at tiltaka skal verta:

- meir målretta mot EU sine strategiske satsingar (m.a. oppfølging av vedtaka frå Lisboa og Göteborg om ein konkurransesterk og berekraftig "kunnskapsøkonomi" og den europeiske sysselsettingsstrategien)
- meir konsentrert om dei mest attendeliggjande områda ("de minst gynnade regionarna") samstundes som ein og planlegg for utvikling i resten av unionen
- meir desentralisert handsaming og gjennomført på eit enklare vis som er opnare og effektivare.

Etter EU-kommisjonen si meining er reformforslaga sers omfattande ettersom føremålet er å byggja om på grunnvollen for den europeiske solidariteten i den utvida unionen samstundes som ein tek omsyn til den aukande økonomiske globaliseringa og (det forventa) oppsvinget for kunnskapsøkonomien. Strategien og ressursane til samholdspolitikken skal organiserast rundt dei tre nye, prioriterte måla for strukturiltaka som i stuttform er gitt denne forma: Konvergens, Konkurranseskraft og sysselsetting og Samarbeid.

2 Norsk deltaking i Interregprogram – eit oversyn

Figur 2.1 *Interregprogram som Noreg deltek i.*



Interreg er eit program for grenseregionalt, transnasjonalt og interregionalt samarbeid i regi av EU. Føremålet er å auke den sosiale og økonomiske integrasjonen i Europa. Noreg har delteke i programmet sidan 1996, i den andre perioden av Interregprogramma. Interreg har fokus på samarbeid som blant anna skal betre føresetnadane for næringsutvikling, kommunikasjonar og berekraftig utvikling. Den norske deltakinga i Interreg vert finansiert av offentlege midlar – der EU-land får støtte frå strukturfondsmidlar (ERDF), andre regionale og nasjonale midlar og i nokre prosjekt - private midlar.

Ein ny programperiode, Interreg III, starta formelt ved inngangen til år 2000 og vil vare ut 2006. Noreg vidarefører i alt vesentleg engasjementet sitt frå Interreg II-perioden i inneverande programperiode, det vil seia deltaking i dei same programma som i Interreg II-perioden. Noreg deltek såleis i tre grenseregionale program langs grensa til Sverige, Finland og Russland - A-programma⁶ - og tre transnasjonale program som dekkjer kvar for seg Austersjøland, land kring Nordsjøen og Nordleg Periferi-områda – B-programma. I tillegg deltek Noreg i interregionalt samarbeid med partnerar frå heile EU, dette siste er såkalla Interreg IIIC-program.

2.1 Økonomiske rammer for Interregprogramma

I EU er Interregprogramma finansierte av strukturfondsmidlar. Men midlar frå regionalfondet – ERDF – eller andre strukturfondsmidlar, kan ikkje brukast i Noreg. Den norske staten stiller derfor til rådvelde midlar til Interregprogramma over statsbudsjettet. I samband med ”ansvarsreforma” vart ansvaret for fordelinga av tilskota til Interreg A-programma og -prosjekta desentralisert til fylkeskommunane medan tilskot til Interreg B og C framleis vert handterte på sentralt hald i KR D.

Tabell 2.1 *Rettleiande EU-finansiering mm. av dei ulike programma som Noreg deltek i, i Interreg III-perioden 2000 - 20006*

Program	A ERDF-finansiering (Mill. euro)	B Total offentlig finansiering x)	C Prosentfordeling kolonne A
INTERREG III A-program: indre EU15-grenser (24 program)			
Total sum (Ingen norske med)	1.899,21	3.130,43	37,76
INTERREG III A-program: ytre grenser med naboland (Noreg, Sveits) (6 program)			
Sverige-Noreg	32,00	57,24	0,69
Kvarken-Mittskandia	23,90	47,80	0,58
Total sum Sverige - Noreg + Kvarken-/Mittskandia	55,90	105,04	1,27
Total III A: Ytre grenser	151,22	288,52	3,48
INTERREG III A-program: nye medlemsland (12 program)			
Total sum (Ingen norske med)	683,44	1.064,01	12,83
INTERREG III A-program: ytre grenser med tredjeland (11 program)			
Nord	50,51	80,00	1,06
Total III A: Grense med tredjeland	724,00	1.104,22	15,13
Total INTERREG IIIA (53 program)	3457,65	5587,18	72,27
INTERREG III B-program (13 program)			
Nordsjø-programmet	129,22	254,44	3,07
Nordleg periferi	21,28	30,02	0,36
Austersjø-programmet	97,11	182,51	2,20
Nordvest Europa	329,68	655,79	
Sum dei fire over	577,29	1.122,76	13,54
Total INTERREG III B (13 program)	1.295,52	2.186,69	26,37
INTERREG IIIC program (4 program)			
Sone Nord	27,39	44,67	0,54
Sone Sør	131,45	207,59	

⁶ I Interreg IIA-perioden var dette sju program, som vart slegne saman til tre for inneverande periode. Sverige-Noreg omfattar såleis dei tidlegare programma Nordens Grøne Belte, Åarjelsaemien Dajve, Indre Skandinavia og Grenselaust Samarbeid. Nord omfattar dei tidlegare programma Nordkalotten og Barents. I tillegg omfattar Nord i dag delprogrammet Sápmi.

Sone Vest	89,42	147,05	
Sone Aust	44,30	71,09	
TOTAL INTERREG III C (4 program)	292,56	470,40	5,67
Totalsum INTERREG III A, B og C (70 program)	4753,17	8244,27	99,43
ESPON			
	6,0	12,0	0,15
INTERACT			
	25,0	35,0	0,42
Totalsum: dei tre INTERREG-armane A, B og C samt ESPON og INTERACT			
Sum alle INTERREG III-aktivitetane 2000 - 2006	4784,17	8291,27	100

x) Dette omgrepet er ikkje definert, men tala tyder på at det er summen av ERDF-midlar og regionale og nasjonale midlar på EU si side av grensa. Dvs. eksklusive m.a. slikt som norske Interreg-midlar, Tacis CBC- og Phare-midlar. Den norske medfinansieringa er varierende i dei ulike programma Noreg deltek i. I det svensk-norske programmet Sverige-Noreg der det berre er to land med, kan ein som ein tommelfingerregel bruka at norske midlar er om lag like store som summen av EU-midlar og nasjonal/regional medfinansiering på EU-sida av grensa. I dei andre programma der fleire land er med, er Noreg sin part mindre og heilt ned i til ti prosent der det er mange land med.

Kjelde: Taylor, S, K. Olejniczak and J. Bachtler (November 2004): A Study of the Mid-Term Evaluations of INTERREG Programmes for the Programming Period 2000-2006. Final Report to the INTERACT Secretariat. European Policies Research Centre. University of Strathclyde; Glasgow UK. Source of figures: Compiled primarily from DG Regio Inforegio information.

Av i alt 53 Interreg A-program er Noreg med i tre, og desse tre programma utgjer til saman om lag 2,3 prosent av den samla finansielle innsatsen i alle dei Interreg-armane som Noreg er med i. Noreg er med i tre av dei 13 Interreg B-programma og denne innsatsen utgjer til saman om lag 5,6 prosent av den samla Interreg-innsatsen. Noreg er med i alle dei fire delane av Interreg C-programmet⁷, men vi har berre data for finansieringa i sone Nord, og innsatsen her står for vel ein halv prosent av totalinnsatsen.

For å gje ein peikepinn på den samla ressursinnsatsen i de programma og områda der det er norske partnarar med i prosjekta, kan dei overslagstala som er vist nedanfor brukast. Vi gjer merksame på at det er ein sers krevjande jobb å skaffa fram heilt pålitelege og samanliknberre tal for den samla Interreg-verksemda. Dette kjem mellom anna av at dei kronglete og detaljerte reglane som gjeld for bruken av strukturfondsmidlane, ikkje er innretta på å gje eit samla oversyn over ressursinnsatsen regionalt. Regelverket er laga for å føra kontroll fyrst og fremst med bruken av EU sine strukturfondspengar, og det er langt frå støtt at slike finansielle oversikter har med tal som syner ressursinnsatsen frå ikkje-medlemsland.

På grunnlag av tabell 2.1 kan vi grovt estimere at aktivitetane i dei ulike programma som Noreg deltek i, har dette omfanget⁸:

⁷ Interreg III C er delt opp i fire geografiske soner: nord, aust, vest og sør. Inndelinga er gjort ut ifrå kor hovudprosjektleiaren held til. Dette er ei rein administrativ inndeling.


⁸ Desse estimata er noko usikre, men samstundes dei beste som kan skaffast. Dei byggjer mellom anna på opplysningar vi har fått frå folk som sit sentralt i dei ulike programorganisasjonane. Ved omrekninga frå euro til norske kronar har vi brukt kurs: 1 euro lik NOK 8,2. I parentes er oppgitt norsk prosentdel/nasjonalt tilskot i forhold til: ERDF-tilskot og EU-land sin del. I tillegg til det

- III A Nord (16 mill. euro; 20 – 80): 112 mill. euro eller vel 918 millionar kroner
- III A Kvarken-Midtskandia (2,7 mill. euro); 10 - 90): 53,2 mill. euro eller om lag 436 millionar kroner
- IIIA Sverige – Noreg (25 mill. euro; 50 - 50 prosent): 107,2 mill. euro eller nær 880 millionar kroner
- IIIB Nordsjø-programmet (6 mill. euro): 266,5 mill. euro eller 2185 millionar kroner
- III B Nordleg periferi-programmet (5,5 mill. euro): 41 mill. euro eller vel 336 millionar kroner
- III B Austersjø-programmet (10 mill. euro): 202,5 mill. euro eller vel 1660 millionar kroner
- III C Nord-programmet (3 mill. euro): 50,7 mill. euro eller vel 415 millionar kroner.

Alt i alt summerar dette seg til eit høgt tal: heile **6,83 milliardar norske kroner**. I gjennomsnitt vert dette per år for heile programperioden frå 2001 og ut 2006 ein innsats på vel 1138 millionar kroner.

Desse tala er framstilte i søylediagrammet nedanfor.

Figur 2.2 *Samla økonomiske løyvingar til Interreg-programma Noreg deltek i. Mill. NOK*



Dette talet, eller rettare desse tala, kan til dømes samanliknast med dei løyvingane som fylkeskommunane årleg får tilført frå statsbudsjettet til regional utvikling (post 551.60). I revidert budsjett for 2004 vart summen på 1032,15 millionar kroner og i framlegget til budsjett for 2005 var talet 1012 millionar kroner⁹. Vi ser altså at den EU-initierte og – inspirerte innsatsen med strukturfondsinstrumenta i program der Noreg deltek, utløyser ressursar i om lag den same storleiken som staten legg inn i ”ansvarsreforma”.


nasjonale tilskotet kjem i regelen eit om lag like stort tilskot i form av regional eller lokal medfinansiering.

⁹ Løyvingane til desse innsatsane har gått ned frå år til år den siste tida. For dei same to åra har post 552.72 Nasjonale tiltak for regional utvikling desse tala 278 og 269,3 millionar kroner.

Det er dei to Interreg III B-programma for Nordsjøen og Austersjøen som er tungvektarane i dette Interreg-biletet, saman stikk dei av med vel 56 prosent av dei midlane som vert brukt (56,3 prosent). I tillegg må det nemnast at Austersjøprogrammet fekk tilført 25 millionar euro ekstra i 2004, etter EU-utvidinga, då dei baltiske statane og Polen vart fullverdige medlemmer av EU. Interreg III A Nord er storebroren i Interreg A-familien tett følgt av Sverige-Noreg. Nord disponerer om lag 13,5 prosent og Sverige-Noreg 12,9 prosent av dei samla ressursane i denne Interreg-perioden.

Figuren nedanfor gjev eit oversyn over norsk offentleg finansiering av Interreg-programma, men kan ikkje heilt samanliknast med figuren som syner EU-finansieringa, i og med at figur 2.3 berre dekkar perioden frå 2000 og til og med 2004. Den dekkar altså ikkje heile programperioden slik tabellen over EU-finansieringa gjer. Den gjev likevel eit bilete av kor store summar den norske regjeringa brukar på norsk deltaking i denne delen av den norske europapolitikken.

Figur 2.3 *Norsk, statleg Interreg- finansiering 2000 – 2004 i NOK.*



3 Sju Interregprogram – røynsler og råd midtvegs

3.1 Innleiing

I dette kapitlet presenterer vi ei oppsummering av norsk erfaring med deltaking i Interregprogram, midtvegs i Interreg III-perioden. Programperioden for alle dei sju programma som Noreg er med i, strekkjer seg frå 2000 til 2006, men verksemda kom ikkje like snøgt i gang i alle programma. Programma sluttar formelt ved utgangen av 2006, men prosjekta kan halda på til ut 2008.

Vi kjem til å omtale røynsler både med deltaking i A-, B- og C-programma.

3.2 Midtvegsevalueringane¹⁰

Alle dei sju programma er midtvegsevaluerte etter meir eller mindre den same malen. Alle inneheld vurderingar knytte til dei følgjande emna:

- i) Ei fornya vurdering av om den valde hovudstrategien framleis er relevant og konsistent i høve til dei overordna måla som programmet har
- ii) Ei vurdering av om måla og dei resultata ein ventar seg er talfesta på ein god måte slik at dei som styrer programmet kan halda oversikt over om kursen og framdrifta er god
- iii) Ei vurdering av om pengebruken er effektiv både når det gjeld kostnadseffektivitet i arbeidet og når det gjeld å vedta prosjekt og når det gjeld tempoet i rekvireringane
- iv) Ein analyse av iverksetjings- og overvakingsmekanismane med sikte på å finne ut om di har god kvalitet og verkar tilfredsstillande
- v) Ei vurdering av om programmet gjev gode nok bidrag når det gjeld å få til meirverdi for EU-fellesskapen ("Community added value")

Midtvegsevalueringane av strukturfondsinnsetningane i inneverande periode var ein omfattande eksersis som i nokon tilfelle varte oppimot tre år frå planleggingsstadiet og til dei endelege rapportane låg føre. I følgje EU-kommisjonen var desse evalueringane gjennomgåande av god kvalitet og dei gav mykje innsikt i korleis programma presterte. Like så kom det fram mange gode råd om korleis ein kunne auke kvaliteten på og relevansen til innsetningane i den tida som var att av programperioden.

¹⁰ Kjelde: "The 2000-2006 Programming Period: Methodological Working Papers; Working Paper no 9: The Update of the Mid Term Evaluation of Structural Fund Interventions".

Alle midtvegsevalueringane vart levert då dei skulle og EU-kommisjonen viser til at det er brei semje om at dei gjennomgåande var gode og at dei var betre enn dei som vart gjort i førre programperiode. Midtvegsevalueringane hadde lagt mykje vekt på og arbeid i å granske iverksetjingsorganisasjonane og deira prestasjonar. Det finn EU-kommisjonen naturleg sidan så mange av programma nett hadde kome skikkeleg i gang. Det som var svakast i midtvegsevalueringane var, etter EU-kommisjonen si meining, analysane av programma sin indre og ytre effektivitet og av venta verknader. Dette har og si årsak i at det var så få resultat og verknader å rapportere om midtvegs i 2003¹¹. Ein anna årsak var at mange av overvakingssystema lei av barnesjukdomar og hadde vanskar med å få fram heilskaplege og pålitelege data til evalueringane.

No, i 2005, skal desse midtvegsrapportane oppdaterast i ein ny eksersis – 'updating the MTEs'. EU-kommisjonen foreslår at oppdateringane skal byggja på midtvegs-evalueringane, "men serleg rette blikket – fokusere – på område der det kan skapa meirverdi heller enn å ta opp att alle emna frå 2003-eksersisen". Sidan EU-kommisjonen er ein erklært tilhengjar av subsidiaritet og proporsjonalitet – i følge EU-kommisjonen sjølv – så foreslår han å gje ut eit "kjernepensum" som alle evalueringane skal ta omsyn til, medan det elles vert opp til dei einskilde programstyresmaktene å avgjera om det trengst andre evalueringsemne i tillegg. EU-kommisjonen føreslår og tiltak som skal gjera sjølve oppdateringsprosessen meir fleksibel og med betre proporsjonar i høve til det som er oppgåva.

Dette "kjernepensumet" meiner EU-kommisjonen skal innehalde dei følgjande momenta:

- Analyse av dei førre – frå 2003 –evalueringsresultata
- Gransking av om resultata frå ex ante evalueringane sine SWOT-analysar framleis er gyldige
- Vurderingar av om dei valde strategiane framleis er relevante og konsistente i høve til dei måla som var sett for programverksemda
- Talfesting og vurdering av dei måla ein sette seg, og dei resultata ein har oppnådd: prosjektresultat, effektar og verknader i omgjevnaden og for målgruppene
- Gransking av kvaliteten på iverksetjings- og overvakingssystemorganisasjonane
- Prestasjonsreserven¹².

3.3 Interreg III A – grenseregionalt samarbeid – dei tre programma Nord, Kvarken-MidtSkandia og Sverige-Noreg

Under det grenseregionale samarbeidet – Interreg III A – deltek Noreg i tre program: Nord, Kvarken-MidtSkandia og Sverige-Noreg. I det følgjande vil vi presentere norske erfaringar med deltaking i desse programma, slik dei er oppsummerte i midtvegsevalueringane frå IIIA-programma.

¹¹ Dette er berre "midtvegs" i formell forstand. I realiteten var dei fleste programma berre kome om lag ein tredel av vegen.

¹² The Performance Reserve er ein viss del av programma sine samla rammer, i regelen 3-4 prosent, som vert sett av slik at dei kan brukast som insentivinstrument, dvs. til å premiere dei som gjer det serskilt godt.


3.3.1 NORD

Programgeografien NORD

I Interreg NORD-programmet deltek dei to EU-land Finland, Sverige og ”utanforland” Noreg, og Russland. Programmet omfattar følgjande geografisk område:

Finland:	Lapplands län
Sverige:	Norrbottens län
Noreg:	Finnmark, Troms, Nordland fylke
Russland:	Murmansk og Arkhangelsk oblast, Nenets autonome område
Tilslutta område:	Norra Österbottens län i Finland, Västerbottens län i Sverige, Karelske republikk, Leningrad oblast og St. Petersburg by i Russland. ¹³

Figur 3.1 Områda som høyrer til Interreg Nord



Programmet er samansett av tre delprogram, der Kolarctic-delprogrammet omfattar heile området ovanfor, Nordkalotten omfattar området med unntak av det russiske området, og Sápmi omfattar dei samiske busetjingsområda i NORD-regionen.

Programstrategien

Interreg IIIA er ei vidareføring av dei to programma Interreg IIA Nordkalotten og Interreg IIA Barents (1995-99). Det er noko ulik strategi for dei tre delprogramma i

¹³ Dei russiske områda som er tilslutta, kan berre delta i næringslivsprosjekt.

NORD-programmet, men det som er likt for alle er ei satsing på å fremja grenseoverskridande samarbeid og å styrka vilkåra for fellesskapen i området. Dette har også å gjera med at delprogramma har noko ulike overordna mål, som at Nordkalotten sine overordna mål er å ”øke regionens funksjonalitet gjennom næringslivssamarbeid, infrastrukturensamarbeid, utvikling av spesialkompetanse og identitetsskapende innsatser.”

Kolarctic-delprogrammet har som mål å redusere problema som perifer plassering inneber for grenseregionane, og å oppmode til grenseoverskridande samarbeid. Vidare er det viktig å styrkje samarbeidsstrukturar som alt finst, og byggje på dette. Det er også viktig å styrkje regionen sine føresetnader for å ta i mot store, internasjonale investeringar gjennom å utnytte spesialkunnskap i regionen, og såleis få større nytte frå dei store investeringane som er planlagde i regionen.

Sápmi-delprogrammet sitt mål er å skapa eit differensiert, aktivt og velutvikla samisk samfunnsliv for å styrka samisk identitet, språk, kultur og næring gjennom vidareutvikling av grenseoverskridande samarbeid.

Tabell 3.1 *Programstrategien for dei tre delprogramma under Interreg III A Nord*

Nordkalotten	Kolarctic	Sápmi
Gje høvelege og potensielle utviklingsmiljø i regionen føresetnader for grenseoverskridande samarbeid	Auke bedriftssamarbeidet i regionen, for å få best mogeleg nytte av storinvesteringane i regionen. Også kompetanse-satsing høyrer med til denne strategien	Skapa føresetnader og høve for samefolket ved å arbeide for eit ”regionens Sápmi”
Utvikle nettverk og samarbeidsarenaer med langsiktig berekraft	Kompetanse spelar ei viktig rolle også i utviklinga av velferdstenestene, slik at dei sosiale problema som finst, ikkje blir tilspissa og forstyrrar føresetnadene for samverke.	Identifisere moglegheiter for samarbeid over grensene innan samisk samfunnsliv, og skapa føresetnader for å gjennomføre dette
Identifisere og rydda bort administrative og institusjonelle hindringar som gjer grenseoverskridande samarbeid vanskeleg	Med bakgrunn i dette utgjer kompetanse- og velferds-utvikling ein sentral del av strategien for å oppnå måla som er stilte i delprogrammet.	Skapa føresetnader for utbreiing og fordjuping av kompetanse gjennom overføring av tradisjonell samisk kunnskap, teoretisk utdanning på samisk grunnlag, forskning, dokumentasjon på alle nivå og på samiske vilkår
Støtte samarbeid som styrker den regionale identiteten og samholdet		
Medverke til auka samordning og felles planlegging mellom regionale og lokale styresmakter	For at programområdet skal kunna verke som eit effektivt samarbeidsområde, må den indre funksjonaliteten i programområdet forbetras gjennom utvikling av infrastruktur, transport og datakommunikasjon	
Støtte aktivitetar som fremjar likestilling mellom menn og kvinner		

Finland har hovudsekretariatet for Interreg NORD, med plassering i Rovaniemi. Lapplands förbund fungerer som felles forvaltings- og utbetalingsmyndigheit for heile programmet. Hovudsekretariatet står for det daglege ansvaret for heile programmet, og har hovudansvar for delprogram Kolarctic. Sekretariatet har tre tilsette. Hovudsekretariatet for delprogrammet Nordkalotten er plassert ved Länsstyrelsen for

Norrbotten i Luleå. Ved sekretariatet er det tilsett fire personar på heiltid. Sekretariatet fungerer og som rådgjevar for svenske saker som gjeld delprogrammet Kolarctic.

Det norske sekretariatet, med to tilsette, for delprogrammet Kolarctic er Finnmark fylkeskommune. Sekretariatet har utbetalings- og forvaltingsansvar for dei norske Interregmidlane i alle prosjekt der det er norske aktørar. Sekretariatet handsamar og innstiller alle bilaterale norsk-russiske søknader for styringskomiteén sitt sekretariat i Rovaniemi. Det norske sekretariatet for delprogrammet Nordkalotten er plassert i Tromsø, hos Troms fylkeskommune.

Sekretariatet for delprogrammet Sápmi er plassert ved det svenske Sametinget i Kiruna. I tillegg er det eit eige sekretariat ved det norske Sametinget i Karasjok. Begge sekretariata har ein person som arbeider tilnærma heiltid med Interreg. Det norske sekretariatet har også ansvar for delprogrammet Åarjelsaemien dajve under Interreg IIIA Sverige-Noreg, slik at kapasiteten for IIIA Sápmi sin del er tilsvarande mindre.

Innsatsområde og åtgjerder¹⁴.

Delprogrammet Nordkalotten omfattar to innsatsområde med til saman fem åtgjerder. Innsatsområdet Utvikling av næringslivet på Nordkalotten omfattar tre åtgjerder, medan utviklingsområdet Grenseoverskridande regional og lokal kompetanseutvikling og ressursmobilisering dekker to tiltaksområde. Delprogrammet Kolarctic har tre innsatsområde fordelt på sju åtgjerder. Delprogrammet Sápmi har eitt innsatsområde fordelt på to åtgjerder.

Tabell 3.2 *Innsatsområde og åtgjerder i dei tre delprogramma*

Nordkalotten	Barents	Sápmi
1 Utvikling av næringslivet på Nordkalotten	3. Foretakssamarbeid	6.1 Samisk samfunnsutvikling
1.1. Logistisk, produksjonsteknisk og forretningsøkonomisk samarbeid	3.1 Produktivt samarbeid og foretaksnettverk	6.2 Kunnskap og kompetanse
1.2 Felles IT-utnytting	3.2 Kompetanseoppbygging i foretak	
1.3 Tema-, kultur- og opplevingsturisme	4. Kompetanse og velferd	
2 Grenseoverskridande regional og lokal kompetanseutvikling og ressursmobilisering	4.1. Utdanning	
1.2 Utdanning og forskning	4.2. Forskings- og utviklingsverksemd	
1.3 Grenseoverskridande regional- og lokal ressursmobilisering	4.3. Kultur- og velferdstiltak	
	5. Programområdet sin indre funksjonalitet	
	5.1. Infrastruktur og transport	
	5.2. Informasjonsteknologi og –formidling	

¹⁴ I denne rapporten brukar vi ordet "åtgjerd" der det i norske utgåver av Interreg-program vanlegvis blir brukt ordet "tiltak" eller "tiltaksområde". I dei svenskspråklege utgåvene av dei same Interreg-programma blir ordet "åtgjerd" brukt, den svenske versjonen at det norrøne ordet er elles "åtgärd". "Åtgjerd" står i norske ordbøker, både bokmåls- og nynorskordbøker. I Bokmålsordboka (Universitetsforlaget 1986, side 697) er ordet forklart slik: **åtgjerd** fl (ml) (norr *atgerð* /foretak, tiltak", *gerð* av *gera* "gjøre"): 1 forholdsregel, 2 reparasjon, 3 forsøk på å helbrede.

Delprogrammet Nordkalotten hadde innan sommaren 2003, då midtvegsevalueringa vart gjennomført, godkjend 57 prosjekt, 15 søknader hadde fått avslag og 40 var kalla attende¹⁵ av søkjarane. Innan sommaren 2003 hadde delprogrammet Kolarctic godkjend 47 søknadar, og avslått 32. 19 søknadar var trekte attende av prosjektsøkjarane.

Programøkonomien

Per 12 juni 2003 var nærare 43 prosent av EU-midlane for Nordkalott-delprogrammet disponerte. Av det samla budsjettet for delprogrammet var 19,7 millionar bundne i ulike prosjekt, og det omfatta i all hovudsak tildelte offentlege midlar, men og noko privat medfinansiering. Prosentvis flest midlar var disponerte innan åtgjerdene 2.2 (Grenseoverskridande regional og lokal ressursmobilisering), åtgjerd 2.1 (Utdanning og forskning) og åtgjerd 1.1. (Logistisk, produksjonsteknisk og bedriftsøkonomisk samarbeid). Der var nærast halvparten av EU-midlane tildelte, og meir enn ein tredel av det samla budsjettet for dei tre åtgjerdene var øyremerkte til ulike prosjekt. Tildelingstakten var lågast i åtgjerd 1.2 (Felles IT-utnytting), der mindre enn 25 prosent av dei budsjetterte EU-midlane var tildelte.

Tabell 3.3 *Oversikt over tildelingar av EU-midlar og samla finansiering per 12.06.2003*

	EU-budsjett			Totalbudsjett (offentlege og private midlar)		
	Rettleiande EU-kostnad (tusen €)	Godkjende prosjekt (tusen €)	Prosent av EU-budsjett for (del) programmet	Totalbudsjett for (del)programmet (tusen €)	Vedtak ¹⁶ (tusen €)	Prosent av totalbudsjettet for (del) programmet
NORD	42820	15603,8	36,4	118200	41846,4	35,4
Nordkalotten	18560	7926,7	42,7	49590	19769,0	39,9
Kolarctic	21200	7137,1	33,7	60980	20682,0	33,9
Sápmi	3060	536,0	17,5	7630	1395,4	18,3

Kolarctic-delprogrammet hadde tildelt noko mindre av dei samla EU-kostnadane enn Nordkalott-delprogrammet hadde; vel 33 prosent. Det tilsvara 7,14 millionar euro. Av det samla budsjettet for delprogrammet var nærast 20,7 millionar bundne til ulike prosjekt. Godkjenningstakten i delprogrammet var størst i åtgjerdene 4.2 (Forskings- og utdanningssamarbeid) og 4.3 (Kultur og velferd). Der var langt meir enn halvparten av EU-midlane øyremerka ulike prosjekt. Det var godkjent få prosjekt i åtgjerdene 4.1 (Utdanning) og 3.2 (Kompetanseoppbygging hos foretak), der berre litt over 20 prosent av ramma for EU-midlane var tildelte. Innan åtgjerd 3.2 var det svært vanskeleg å mobilisere privat medfinansiering, og berre vel ni prosent av totalbudsjettet for åtgjerda var øyremerkt prosjekt så langt.

Sápmi-delprogrammet hadde på same tidspunkt tildelt vel 17 prosent av samla EU-midlar. Det tilsvara 0,54 millionar euro. Av det samla budsjettet for delprogrammet var

¹⁵ I den svenske søknadshandsaminga av Interreg-prosjekt er det ikkje uvanleg at ein søkjar "kallar attende" eller trekkjer søknaden undervegs, medan den blir handsama, men før prosessen er komen fram til handsaming i vedtaksgruppa (på svensk: "beslutsgruppen"). Attendekallinga skjer anten ved at søkjar ser at han eller ho ikkje maktar å gjera søknaden i slik stand at det er fornuftig å be om handsaming i vedtaksgruppa, eller etter at sekretariatet har gjeve råd om attendekalling fordi søknaden ikkje er god nok, og må rekne med avslag. I mange tilfelle kjem søkjar attende med ny og meir gjennomarbeidd søknad på eit seinare tidspunkt.

¹⁶ Støtta og tilrådde prosjekt.

nærare 1,4 millionar euro bundne i godkjende prosjekt. I åtgjerd 6.1 (Samisk samfunnsutvikling) var den russiske medfinansieringa for åtgjerda alt i mål i forhold til budsjettet for heile programperioden. Godkjenningstakten var så langt størst for 6.2 (Kunnskap og kompetanse), men den største delen av aktivitetane – tildeling til nye prosjekt – hadde skjedd i 2003. For Sápmi delprogrammet synest medfinansieringa å utgjera eit vesentleg problem i forhold til å få i gang prosjektaktivitetar. Problem med medfinansiering elles finst fyrst og fremst i forhold til russiske prosjektdeltakarar og deira finansiering.

Innan sommaren 2003 hadde delprogrammet Sápmi tildelt midlar til tre prosjekt. 11 søknader var avslåtte og to av søkjarane hadde kalla attende søknaden sin.

Det samla resultatet for dei tre delprogramma fram til sommaren 2003 var at 41 prosent av innkomne prosjektsøknader var godkjende – med eller utan vilkår. I den same perioden var om lag eit like stort tal – 39 prosent – av søknadene kalla attende av søkjarane før handsaming i styringsgruppene. Dette er eit heller stort tal. Bak talet ligg det fleire forklaringar, der serleg rettleiing og rådgjeving frå sekretariata er vesentleg. Denne rådgjevinga munna i mange tilfelle ut i at det mest føremålstenelege for søkjaren, var å trekkje søknaden før handsaming, og – om mogeleg – koma attende med ny søknad. Rettleiinga frå sekretariata fungerer såleis på ein måte som medverkar til å forbetre søknadane, eventuelt til at søkjar trekkjer søknad og ikkje risikerer avslag i styringsgruppa. Men resultatet fortel og om at det trengst betre kunnskap og meir røynsle i regionen for å kunna utvikle grenseregionale samarbeidsprosjekt, og få i stand den medfinansieringa som trengst.

Det er ganske store ulikskapa i tilgang og gjennomslag for søknader innanfor dei ulike åtgjerdene, og dette gjeld for alle tre delprogramma. Det er også store ulikskapar på prosjekta med omsyn til omfang og økonomisk ramme. Søknadstilgangen til alle delprogramma er stor, men det er også eit stort innslag av attendekalla eller avslåtte søknadar. Det er flest attendekalla søknadar innanfor Nordkalotten, færre innanfor Kolarctic og få innanfor Sápmi.

Mange av prosjektsøkjarane har tidlegare delteke i grenseregionalt samarbeid, men det er også nye aktørar med. Prosjektaddisjonaliteten er høg, det vil seia at prosjektresultata etter kvart som dei blir realiserte, fullt ut kan tilskrivast programmet.

Fram til eit stykke etter midtvegsevalueringa var det eit problem med finansieringa knytt til Noreg si deltaking i Interregprogrammet. Då programmet starta, aksepterte Noreg invitasjonen til å delta, og gav rettleiande tilsegner om å vera med på finansieringa på lik line som dei finske og svenske deltakarane og EU-kommisjonen, men fram til sommaren 2003 følgde ikkje Noreg opp desse lovnadane fullt ut. Samla sett ville då ei vidareutvikling av løyvningsnivået innebera ei nedskjering av den norske innsatsen i programmet på om lag 25 prosent. Problema ville først bli markerte frå 2003 av. Ein utgang på dette kunne bli at når dei norske midlane var oppbrukte, så gjekk programmet over til å bli eit rent svensk/finsk program med russisk deltaking. Slik vart det likevel ikkje fordi i framlegget til statsbudsjett for 2005 går det fram at KRD gjennom skjønnsdeling vil medverke til at Noreg gjennom fylkeskommunane i størst mogeleg grad kan oppfylle pliktene sine til statleg medfinansiering av Interreg III A, og løyvinga til programmet vart difor auka med om lag 15 millionar kroner. Dette vart då også resultatet etter at Stortinget hadde vedteke statsbudsjettet for 2005.

Resultat midtvegs – og retninga vidare

Noko av det midtvegsevalueringa av Interreg Nord viser klart, er at ambisjonsnivået for programmet er svært høgt, - eller vi kan seia urealistisk høgt. Om lag same kva slags

målemetode eller målestokk vi brukar, så viser programma ein svært stor avstand mellom planlagt måloppnåing, anten det gjeld nye kontaktar, nye nettverk, nye aktivitetar, eller nye arbeidsplassar, og kva som er oppnådd halvvegs i programperioden. Sjølv med ein mykje raskare takt i programmet framover, kan vi ikkje vente at programma kan oppfylle målsetjingane slik dei er tenkte frå dei programansvarlege. Og dette gjeld alle dei tre delprogramma. Det er likevel ingen grunn til å karakterisere programmet som mindre vellukka ut frå dette, problemet er ikkje gjennomføring og aktivitetsnivå undervegs, men for høgt og urealistisk ambisjonsnivå frå starten. Nytt samarbeid tek tid, ikkje minst gjeld dette når partar frå fleire land skal delta.

Midtvegsevalueringa oppsummerar erfaringane frå NORD-programmet slik:


- Det trengst meir og betre rettleiing, her under hjelp til å få medfinansieringa på plass, overfor potensielle prosjektsøkjjarar. På dette området må sekretariata styrkast. Dette kan også medverke til ein betre balanse i forbruket av midlane innanfor ulike åtgjerder
- Informasjon om Interreg – med krav for deltaking – bør formidlast betre og breiare. Dette gjeld serleg på programnivå, og spesielt overfor næringslivet, der det er trong for ekstraordinær innsats frå sekretariata si side for å auke deltakinga. Det same gjeld overfor små/mindre friviljuge foreiningar og organisasjonar. Innsatsen må rettast mot regionale bransje- og interesseorganisasjonar i form av målretta, oppsøkjande verksemd
- I første halvdel av programperioden har konsulentbransjen hatt ein noko dominerande stilling. Dette er uheldig, og den praksisendringa – med medverknad i førekant, ikkje etterkant av prosjektutvikling – er ei viktig og god endring
- EU sine retningsliner for, og styring av, TACIS-programmet gjer det vanskeleg å skaffe russisk medfinansiering til aktuelle Interreg-prosjekt. Om mogeleg bør praksis endrast i meir fleksibel retning i løpet av programperioden. Praksis bør forberast før ein eventuell neste Interreg A-periode
- Styringskomité og sekretariat bør engasjere seg ekstra for å formidle kunnskap om Interreg-systemet og røynsle med å delta i det, til sine partnerar på russisk side av grensene
- Interreg-reglane om hovudsøkjaren sin nasjonalitet skaper problem for samarbeid mellom samane i Västerbotten og på Helgeland. Ved eit eventuelt neste Interreg-program bør Kvarken-MidtSkandia få eit eige samisk delprogram
- Både styringsgrupper og sekretariat må bera seg betre og langt meir aktivt åt andsynes likestillingsspørsmålet. Det må gjerast ein ekstraordinær innsats på dette området i programregionen – både når det gjeld prosjekteigarar/-deltakarar og når det gjeld prosjektinnhald
- Delprogramma manglar system for jamleg og pålitelig innhenting av indikatorinformasjon, og er i for stor grad prisgitt data som prosjekteigarar presenterer – serleg som ledd i rekvisisjonar. Det bør utviklast kontrollprosedyrar og system for dette på programnivået
- Samarbeidet over den russiske grensa er på langt nær blitt slik som ein vona og planla då programmet ble utarbeidd. Det trengst ekstraordinær innsats frå involverte på alle nivå for å rydde dei viktigaste hindringane av vegen for eit utvida og forsterka, regionalt samarbeid over grensa mellom dei nordiske land og Russland.

3.3.2 Kvarken-Midtskandia

Programgeografien Kvarken-Midtskandia

Programmet omfattar Västerbottens län i Sverige og landskapa Österbotten og Mellersta Österbotten i Finland, som var den regionen som EU-kommisjonen utpeika som Interregområde, og Helgeland i Noreg. Frå Noreg deltek atten Helgelandskommunar og frå Sverige er femten Västerbotten-kommunar med saman med Örnsköldsvik i Västernorrlands län. Frå Finland kjem 18 kommuner frå Österbotten landskap, 12 kommuner frå Mellersta Österbotten og 27 kommuner frå Södra Österbotten landskap.

Figur 3.2 Områda som høyrer til Interreg Kvarken-Midtskandia-programmet



Örnsköldsvik kommune og landskapet Södra Österbotten i Finland er med i programmet, men då på vilkår av at høgst 20 prosent av EU-midlane vert brukt i desse områda¹⁷.

¹⁷ Regelen inneber at inntil 20 prosent av dei pengemidlar som programma rår over, kan brukast i område som ikkje er definert som ein del av sjølve Interreg-regionen. Regelen blir berre brukt i Interreg A-programma.

Programmet sin visjon og innsatsområde

Programmet sin visjon er at Kvarken og Midtskandia saman skal bli ein region med gode kommunikasjonar, serleg i aust-vest-retning, prega av aktivt samarbeid og stort samhald. Det er Interreg-programmet si oppgåve å syte for at visjonen kan innfriast ved å støtte opp under regionalt og grenseoverskridande utviklingsarbeid.

Programmet har tre innsatsområde

- i) *Felles funksjonar* der ein prioriterer tiltak som tek sikte på å utvikle det grenseoverskridande samarbeidet. Tyngdepunktet ligg på å betre kommunikasjonane mellom dei tre land (Finland, Sverige og Noreg) og å auke verksemda på områda kompetanseheving og næringslivssamarbeid av ulikt slag.
- ii) *Felles verdiar* rommar åtgjerdar som gjer den regionale identiteten sterkare, og som styrkjer samhaldet mellom land og dei som bur i dei ulike delane av programregionen.
- iii) *Teknisk støtte* er dei åtgjerdene som må til for iverksetjinga av programmet (gjennomføringsorganisasjon, komitéar, sekretariat, støttesystem osv.) og tiltak for informasjon om programmet til offentlegheita, rådgjeving, evaluering og støtte til grenseregionale institusjonar av ulikt slag.

Interreg-programmet disponerer i alt 23,9 millionar euro i strukturfondsmidlar (frå ERDF). Saman med offentleg og privat finansiering er den samla omsetnaden i programmet i heile programperioden frå 2000 til 2006 (+) rekna til 56,7 millionar euro.

Tabell 3.4 *Innsatsområde med budsjett*

Innsatsområde	Totalkostnad (Meuro)	EU-medel (Meuro)	Norsk finansiering
i) Felles funksjonar	40,0	16,55	4,3
ii) Felles verdiar	12,5	5,45	1,0
iii) Teknisk støtte	4,2	1,90	0,4
Innsatsområda i alt	56,7	23,9	5,7

Ved årsskiftet 2002/2003 var 35 prosjekt godkjende. Korleis prosjekta fordelte seg mellom åtgjerdene og storleiken på kvart prosjekt var i stort monn ei følge av dei søknadane som var komne inn, det vil seia at dei spegla dei ønskemåla som prosjekteigarane hadde. Dette syner seg og ved at berre to prosjektsøknader hadde fått avslag. Det finst og nokre få eksempel på at prosjektsøkjalar har trekt søknaden sin, eller valt å ikkje søkje. I desse tilfella har avgjerda vorte gjort etter råd frå sekretariatet eller medlemmer av styringskomitéen.

Tyngdepunktet i prosjektporteføljen ligg i åtgjerd 1.2 Kompetanse og marknad som omfattar 15 prosjekt med eit samla budsjett på 4,33 Meuro. Åtgjerd 2.1 Felles verdiar omfattar 13 prosjekt med ei ramme på i alt 3,3 millionar euro. I åtgjerd 1.1 Kommunikasjonar og infrastruktur er prosjekta mykje større enn i dei andre to åtgjerdene. Desse prosjekta er i gjennomsnitt drygt 30 prosent større enn dei andre prosjekta.

Tabell 3.5 *Innsatsområde, åtgjerder, prosjekt og tildelte midlar (Mill. euro), per 31.12.2002*

Innsatsområde	Åtgjerd	Tal på prosjekt	Tildelte midlar Meuro	Meuro per prosjekt
1. Felles funksjonar	1.1 Kommunikasjonar/ infrastruktur	7	2,51	0,36
	1.2 Kompetanse og marknad	15	4,33	0,29
I alt			6,84	
2. Felles verdiar	2.1 Felles verdiar	13	3,30	0,25
3. Teknisk støtte	3.1 Program-administrasjon	-	0,47	-
	3.2 Informasjon mm	-	0,40	-
I alt			0,87	
I alt		35	11,01	-

I åtgjerdene Kompetanse og marknad og Felles verdiar hadde programmet ved årsskiftet 2002/2003 øyremarka 66 prosent respektive 61 prosent av dei tilgjengelege midlane. I åtgjerda Kommunikasjonar og infrastruktur var berre 25 prosent av pengane disponerte.

Tabell 3.6 *Programmet sine EU-ressursar og bruk av desse i høve til budsjettet*

Innsatsområde/ Åtgjerd	Budsjetterte midlar 2000 - 2006	Del av budsjettet (%)	Løyvde midlar 31.12. 2002	Del av løyvde midlar (%)
Felles funksjonar	16,55	69,2	6,85	41
1.1 Kommunikasjonar/ infrastruktur	10,00	41,9	2,51	25
1.2 Kompetanse og marknad	6,55	27,4	4,33	66
Felles verdiar	5,44	22,7	3,30	61
2.1 Felles verdiar	5,44	22,7	3,30	61
Teknisk støtte	1,90	7,9	0,87	46
3.1 Program-administrasjon	1,01	4,2	0,47	47
3.2 Informasjon mm	0,88	3,7	0,40	45
Totalt	23,90	100	11,01	46

Den manglande prosjekttilgangen på åtgjerd 1.1 gjorde at styringskomitéen tok eit initiativ for å omdisponere 2,5 Meuro frå denne åtgjerda og overføra pengane til åtgjerda Kompetanse og marknad. Dette vart støtta av overvakingskomitéen som informerte EU-kommisjonen om sitt syn.

Kvarkenrådet¹⁸ er den dominerande prosjekteigaren i Kvarken-Midtskandia-programmet, og om våren i 2003 stod det bak halvparten av prosjektporteføljen. I åtgjerd 1.1

¹⁸ Kvarkenrådet er eit samarbeidsorgan med lange tradisjonar. Kvarkensamarbetet består av kommunar og kommunesamanslutningar i dei delane av Finland og Sverige som grenser til den nordre, trongaste delen nord i Bottenvika – Kvarken. Kvarken-området har ingen presise geografiske grenser, det er meir å sjå på som ein region på et 'mentalt kart'. Kvarken-omgrepet har lenge hatt ei symboltyding for folk som budde og bur i området, og samarbeid – og ei viss rivalisering – mellom svenskar og finnar har funne stad i mange generasjonar attende i historia. Kvarkenrådet vart formelt stifta i oktober 1973 og er eit interkommunalt samarbeidsforum. Det

Kommunikasjonar og infrastruktur dreiv Kvarkenrådet to prosjekt som til saman utgjorde 76 prosent av pengane som var løyvde til denne åtgjerda. Begge prosjekta var innretta på utgreiings-, informasjons-, marknadsførings- og utviklingsspørsmål som hadde å gjera med kommunikasjonane over Kvarken. Serleg stor merksemd blei via ferjetrafikken.

Kommunar, kommunale verksemdar og ulike helseorganisasjonar svarar for 14 av prosjekta og prosjekteigarane frå desse gruppene disponerte 16,1 prosent av alle godkjende prosjekt. Dette var om lag den same delen som prosjekt som vert drivne av universitet, høgskular og forskingsinstitutt. Fem prosjekt hadde næringslivsorganisasjonar eller private verksemdar som prosjekteigarar, noko som utgjorde knapt sju prosent av dei pengane som så langt var sette av til godkjende prosjekt.

Midtvegsevalueringa og kursen vidare

Evaluatorane gjev Kvarken-Midtskandia programmet gode karakterar og meiner at det berre er naudsynt med mindre kurskorrigeringar her og der. Dei peikar på at gjennomføringsorganisasjonen stort sett fungerer tilfredsstillande. Det viktigaste punktet dei set fingeren på, er den strategiske styringa av programmet, på oppfølgingsmekanismane, på det manglande gjennomslaget som dei horisontale kriterier og serleg likestillingskriteriet har, og ei, etter evaluatorane si meining, altfor sterk prioritering av ressursar til infrastrukturspørsmål.¹⁹

Det evaluatorane meiner med dette, er truleg ein kritikk av den mangeårige innsatsen som Kvarkenrådet har gjort for å betre kommunikasjonstilhøva mellom Sverige og Finland. Det gjeld ferjetrafikken som fekk eit skot for baugen då det vart slutt på tax free-salet om bord då Finland og Sverige vart EU-medlemmar, men og utgreiingar av marknads-potensial og kundeunderlag for flyruter. Finske styresmakter har vore viljuge til å subsidiera ferjedrifta etter at passasjeretale sank dramatisk sist på 1990-talet, men sentrale styresmakter på den svenske sida av Kvarken har vore lunkne til slike planar. Gode kommunikasjonar over Kvarken er sers viktig for samhandling og samkvem i dette området. Det gjeld både innan utdannings- og helsesektoren kor det er lange tradisjonar for samarbeid og utveksling av elevar, lærarar og helsepersonell. At det er lett å ferdast fram og attende over Kvarken er og sers viktig for den svenskspråklege minoriteten i denne delen av Finland. Det er mange som er misnøgde over at dei sentrale styresmaktene i Stockholm ikkje legg stor nok vekt på dette.

Eit anna område som kan forberast i resten av programperioden, er å syta for at prosjekta følgjer opp indikatorrapporteringa og i høve til andre føringar som ligg i prosjektgodkjeningsvedtaka på ein betre og meir samordna måte. Evaluatorane tilrår – i dette programmet som i dei aller fleste av dei andre programma – at ein gjer eit oversyn over indikatorane som er valde, og strevar etter ei betre tilpassing til aktivitetane og prosjekta som går føre seg. Evaluatorane meiner at mange av dei indikatorane som er i bruk, ikkje speglar røyndomen i det praktiske, konkrete arbeidet og såleis ikkje evnar å få fram viktige kvalitetar som skapast på grasrotnivået i programorganisasjonen. Dei peikar på at det ser ut til å vera ein viss strid mellom overvakingskomitéen som legg vekt på "harde"

geografiske området som vert dekkja av dei deltakande kommunar, er det området som Kvarkensamarbeidet omfattar. Fram til 1993 – då Örnsköldsvik kommune vart teken opp i Kvarkenrådet – besto dette området av Vasa län på finsk side og Västernorrlands län på svensk. I august 1997 vart Vasa län nedlagd som ein følgje av den gjennomgripande reforma av den regionale forvaltingsstrukturen i Finland. Frå finsk side har sidan då desse regionane – landskapsområda - delteke i samarbeidet: Österbotten, Mellersta Österbotten og Södra Österbotten.¹⁹ Her tek evaluatorane etter vår meining fleire steg ut av evaluatorrolla si. Dette er eit reint programpolitisk spørsmål som dei rette organa alt har teke standpunkt til i sjølve programdokumentet og – komplementet.

data og emne og prosjekteigarane som vektlegg ”mjuke” data og emne slik som felles verdigrunnlag, nettverksbygging og liknande.

Evaluatorane peikar elles på dei velkjende problema med stivbeinte EU-regler og – byråkrati, systemet med fast vekslingkurs og medfinansieringa på den finske sida av grensa.


Kvarken-Midtskandia-programmet har eit godt ry i Interreg-krinsar. Programorganisasjonen får sers gode skotsmål når det gjeld slike viktige saker som presisjon og grannsemd i rapporteringa, og det å vera nøyaktig i rekvisisjons- og pengeløyvingsarbeidet. Programorganisasjonen får og ros for at dei er flinke til å setja seg realistiske mål, dei er gode til å organisere prosjektdrifta og dei oppnår konkrete resultat.

3.3.3 Sverige-Noreg

Programgeografien Sverige – Noreg

Interreg IIIA Sverige-Noreg er ei fortsetjing og vidareutvikling av det tidlegare Interreg IIA-programmet. Dette var den gongen tre geografisk, frittstående grenseregionar med kvar sine Interreg-program. I inneverande Interreg-periode vert dei drivne som eitt felles program med felles overvakingskomité og andre styringsorgan. Programmet har fire delprogram: Gränslöst Samarbete, Inre Skandinavia, Nordens Gröna Bälte og det sørsamiske området Åarjelsaemien dajve.

Figur 3.3 Områda som høyrer til Interreg Sverige-Noreg-programmet



I Gränslöst Samarbeite samarbeider Østfold fylkeskommune, Västra Götalands län og dei svenske kommunane: Strömstad, Tanum, Sotenäs, Munkedal, Lysekil, Uddevalla, Trollhättan, Vänersborg, Färgeland, Mellerud, Åmål, Bengtsfors og Dals Ed i Västra Götalands län (Fyrbodalområdet), med desse norske kommunane: Halden, Moss, Sarpsborg, Fredrikstad, Hvaler, Råde, Rygge, Våler og Rakkestad i Østfold fylke. Innom ramma av 20 prosent-regelen kan prosjekt få støtte innom dei andre kommunane i Västra Götalands län. Det same gjeld prosjekt der Oslo kommune deltek.

I Inre Skandinavia-programmet samarbeider Värmlands län, kommunane Malung og Älvdalen i Dalarnas län, Hedmark fylkeskommune, kommunane Askim, Skiptvet, Eidsberg, Trøgstad, Marker, Rømskog, Aremark, Hobøl og Spydeberg i Østfold fylke, kommunane Hurdal, Nannestad, Gjerdrum, Eidsvoll, Ullensaker, Nes, Fet, Sørums og Aurskog-Høland i Akershus fylke.

Innom ramma av 20 prosent-regelen, kan og prosjekt i kommunane Lillehammer og Gjøvik i Oppland fylke og kommunane Skedsmo og Ås i Akershus fylke støttast. Nordens Grøna Bälte omfattar Jämtlands län, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommunar.

Åarjelsaemien dajve omfattar Jämtlands län, samt Nord- og Sør-Trøndelag, Idre sameby i Dalarnas län og Elgå reinbeitedistrikt i Hedmark fylke.

Innom ramma av 20 prosent-regelen kan og prosjekt frå Västerbottens län og frå delar av Nordland fylke (Helgeland) få støtte.

Programstrategien

Interreg IIIA-programmet Sverige – Noreg er som alt fortalt ei vidareføring av fire einskildprogram frå førre Interreg-periode. Arbeidet med å utforma programma for Interreg III-perioden starta då og med at dei fire programma gjekk laus på oppgåva kvar for seg. Det vart laga eigne SWOT-analysar for kvart av dei tidlegare programområda og det var fyrst etter at ex ante-evalueringane var sett i gang at ein for alvor tok fatt på å samordna programskrivninga.

Innhaldet i programmet tek utgangspunkt i dei regionale svenske tilvekstavtalane, i norske fylkesplanar og i norske regionale utviklingsprogram.

Programmet har som visjon:

Gjennom grenseoverskridande samarbeid å skapa ein attraktiv og konkurransekraftig region med gode livsmiljø og berekraftig utvikling der folk sine ulike krav og lengtar og voksterhøve vert tekne hand om.

Til denne overgripande visjonen er det knytt to såkalla visjonsmål som er talsette slik at dei let seg etterprøva når programperioden er omme:

- Utflyttingstendensen skal vera redusert i dei svakaste områda og folketalet i heile regionen skal vera det same eller høgare i 2006 jamført med år 2000
- Sysselsettingsnivået i dei svakaste områda skal ligga på minst det same nivået i år 2006 som det var i 2000.

Innsatsen i programmet skjer innafor tre definerte innsatsområde. To av desse (A og B) er retta mot dei fire delområda der programverksemda går føre seg, medan innsatsområde C inneheld sams prosjektaktivitetar og teknisk støtte.

Tabell 3.7 *Innsatsområde i Sverige-Noreg-programmet*

	ÅS	NGB	IS	GS
Innsatsområde A – Næringslivs- og kompetanseutvikling				
Åtgjerd A1: Kunnskap og kompetanseutvikling	X	X	X	X
Åtgjerd A2: Utvikling av verksemder og gründarhaldningar	-	X	X	X
Åtgjerd A3: Samisk samfunnsutvikling	X	-	-	-
Åtgjerd A4: Regionovergripande prosjekt	X	X	X	X
Innsatsområde B – Livsmiljø og samfunnsutvikling				
Åtgjerd B1: Infrastruktur og kommunikasjonar	-	X	X	X
Åtgjerd B2: Miljø og helse	-	X	X	X
Åtgjerd B3: Kultur, regional identitet og tiltrekkingskraft	-	X	X	X
Åtgjerd B4: Regionovergripande prosjekt	-	X	X	X
Innsatsområde C – Teknisk støtte				
Åtgjerd C1: Administrasjon	X	X	X	X
Åtgjerd C2: Informasjon og datastøtte	X	X	X	X

ÅS = Åarjelsaemien dajve, NGB = Nordens Gröna Bälte, IS = Inre Skandinavia, GS = Gränslöst Samarbete

Dei gjennomgåande, horisontale måla for programmet

Heile iverksetjinga av programmet skal gjennomsyra av nokre grunnleggjande premiss og verdival – dei såkalla horisontale kriteria. Desse skal styra hovudaktivitetane: prosjektgodkjenning, evaluering, oppfølging og gjennomføring. I Sverige – Noreg-programmet er desse kriteria i bruk:

- Grenseregionalitet og auka konkurransekraft

Grenseregionalitet er det viktigaste kriteriet i programmet. Kriteriet er operasjonalisert på denne måten: ”alle prosjekta skal kjenneteiknast av at dei vert drivne i fellesskap mellom to eller fleire partnarar og slik at ein oppnår direkte nytte/verknad på begge sider av grensa, og slik at den verknaden ein vonar å få frå det grenseoverskridande prosjektet på denne måten vil vera større enn om prosjektet hadde vorte gjennomført som to delprosjekt kvar for seg på respektive side av riksgrensa

- Likestilling mellom kvinner og menn

Alle åtgjerder og prosjekt skal ha omtanke for likestilling mellom kjønna og medverka til at dei tradisjonelle kjønnsmonstra vert brotne ned. Likestillingsmålet er teke inn i programmet sitt overordna mål som stadfestar at all verksemd skal kvoterast med minst 40 prosent av kvart kjønn

- Integrering

Dette kriteriet tek vare på omsynet til at alle skal ha like høve til å ta del i gjennomføringa av programmet uavhengig av kva kjønn dei har, kva utdanning dei har teke, kva dei arbeider med, om dei har funksjonshemming eller kva slag etnisk eller annan gruppe dei høyrer til

- Miljø

Programmet skal gjennomførast med innretning på ei økologisk berekraftig utvikling der det som folk treng i dag, skal komma til møtes utan at det kommande generasjonar treng, vert sett over styr

- Sysselsetting

Sysselsettingskriteriet er knytt til det langsiktige perspektivet om at eit velutvikla grenseoverskridande samarbeid vil vera positivt for næringslivet og den framtidige jobbskapinga i grenseområda

- Det samiske språket

Dette er eit eige horisontalt kriterium for delområdet Åarjelsaemien dajve. Kriteriet skal løfta fram dei samiske språka sin verdi og stimulere til at dei vert haldne i hevd og brukte så mykje som råd er.

Program- og styringsstruktur

Interreg IIIA Sverige-Noreg er bygd opp som eitt program med sams forvaltning, sams utbetalande myndigheit og sams overvåkingskomité. Vedtak om godkjenning eller avslag på søknadar, rettleiing og annan informasjon til prosjekta – potensielle som igangverande - skjer derimot regionalt, og ut frå omsyn i kvart delområde gjennom regionale sekretariat og vedtaksorgan ("interregionala beslutsgrupper"). Dei fire delområda har ulike rammer for innsatsområde og åtgjerder.

Kvart delområde har sitt eige budsjett med eigne prioriteringar som er sett opp i samvirke med dei regionale partnerskapane slik at innsatsen speglar dei ressursane, føresetnadane og forventingane som er til stades i det eigne området. Alle dei regionale prioriteringane må likevel finna sin plass innanfor programmet sin felles innsats- og åtgjerdsstruktur. På denne måten skal ein sikra at programmet har ei regional forankring som og tek omsyn til at det er store regionale skilnader mellom dei ulike delane av det langstrekke programområdet. Kvart delområde har eit sekretariat på den svenske og på den norske sida av riksgrensa og ei vedtaksgruppe med medlemar frå Sverige og Noreg. I tillegg til dette har programmet ei felles vedtaksgruppe som tek på seg ansvaret for å sakshandsama prosjektsøknadar som gjeld samarbeid på tvers av delområda –prosjekta i åtgjerdene A4 og B4.

Forvaltings- og utbetalingsmyndigheit er lagt til länsstyrelsen i Jämtlands län som har ansvaret for at programmet vert drive på rett måte andsynes EU-kommisjonen. Det er desse styresmaktene som garanterer at programmet vert gjennomført på ein effektiv og korrekt måte, og som ein viktig del av dette ansvaret, syta for at alle vedtak og utbetalingar av EU-midlar vert gjort i samsvar med Fellesskapen sine lovar og reglar.

Den felles vedtaksgruppa er samansett av ordførar og varaordførar frå kvar av dei regionale vedtaksgruppene. Overvåkingskomitéen har medlemmar som representerar nasjonale og regionale myndigheiter, frå næringslivsorganisasjonar og arbeidsmarknads-etaten. Ein representant frå EU-kommisjonen deltek under sakshandsaminga, men er ikkje medlem av komitéen. Dei regionale vedtaksgruppene er sett saman av lokale og regionale politikarar og tenestekvinner og –menn som har sitt daglege arbeid i ei regionalt myndigheit. I NGB har og næringslivet ein plass i gruppa. Desse gruppene skal ha ein

jamn, balansert fordeling av kvinner og menn og på land Sverige og Noreg. Kvar av desse regionale vedtaksgruppene har sitt eige sekretariat.

Programøkonomien


EU-midlane vert utbetalte i etterskott utifrå dei faktiske og dokumenterte kostnadane som prosjekta har hatt. Forskottsutbetaling kan førekomma i visse einskildprosjekt der prosjekteigaren ikkje er ein offentleg deltakar. Rekvisisjonar om å få dekt kostnader går til det respektive delområde sitt Interreg-sekretariat for gransking og deretter vidare til strukturfondsavdelinga hos løyvingmyndigheita. Her vert underlaget for rekvisjonen kontrollert og pengane vert sidan utbetalt - om alt er i orden. Utbetalinga av dei norske, statlege Interreg-midlane følgjer i prinsippet den same prosedyren som brukast på svensk side for EU-pengane og den svenske medfinansieringa, den einaste forskjellen er at det er den aktuelle fylkeskommunen som kontrollerer og betaler ut dei norske kronene. På den norske sida av grensa kan opptil 25 prosent av prosjektbudsjettet betalas ut som forskott dersom det trengst. Denne ordninga skal vera med på å gjera det lettare å komma i gong med prosjekta så snøgt som mogeleg.

Rapporten frå midtvegsevalueringa inneheld svært få absolutte tal som syner den finansielle situasjonen i programmet. Dette gjer at vi må bruka dei figurane som finst, slik dei er i originalen. Det er ikkje mogeleg å bryta ned eller å endra på innhaldet i t.d. stolpe- eller søylediagram på nokon meiningsfull måte. Figuren nedanfor gjer eit slags bilete av korleis framdrifta var i dei ulike innsatsområda og i dei fire delane av programområdet.

Lengda på heile søyla er den samla ramma som kvart av dei fire delområda har til rådvelde for dei ulike åtgjerdene som kvart av innsatsområda har. Summane er gjevne i svenske kronar (etter kurs 1 euro lik SEK 8,50) og syner situasjonen per 31.3.2003). Hovudintrykket er at det er ujamn vedtakstakt – og dermed ujamn utbetalingstakt – i innsatsområda så vel som i åtgjerdene. Dette er velkjende fenomen i rapportar frå midtvegsevalueringar og treng ikkje vera noko farleg eller negativt så sant styringskomitéen og overvakingskomitéen er oppmerksame og tek fatt i utfordringane.


Stolpane for A3: Samisk samfunnsutvikling og A4: Regionovergripande prosjekt viser at ein har hatt startproblem, og knapt er kome i gang med nokre prosjekt.

Figur 3.4 Plan versus status (løyvde EU-midlar i Sverige-Noreg)



Det andre stolpediagrammet syner korleis stoda er når det gjeld finansiering av den norske Interreg-innsatsen. Evaluatørane konstaterer at for tre av åtgjerdene (A2, B1 og B3) i Nordens grønne belte er det lite pengar att på norsk side og dei trur at dette heng saman med innføringa av "Ansvarsreforma" frå 1.1.2003. Dei trur og at dette kan føra til at mogelege nye prosjekt "kommer att støta på svårigheter vad gäller finansiering från den norska sidan".

Figur 3.5 Plan versus status (løyvde norske, offentlege midlar i Sverige-Noreg)



Forventa resultat av prosjekta halvvegs i programperioden

Rapporten frå midtvegsevalueringa er mangelfull når det gjeld presise data om prosjektdrifta. Det står ein stad at berre fem prosjekt er gjennomført og sluttrapportert, men det står ingen stad kor mange prosjekt som er godkjente og i gong. Dei aller fleste opplysningane som har med prosjekt å gjera, er gjevne på relativ form som prosentar eller liknande. Ein figur som syner korleis prosjekresultata er spreidde på dei ulike indikatorane, byggjer på data frå desse fem prosjekta og tre prosjekt som er i arbeid. Figuren gjev ingen meningsfull informasjon.

Når det gjeld vurderingane av program- og prosjektframdrifta, så byggjer evalueringa på indikatordata om prosjekta sine forventingar til resultat per 31. mars 2003. Det syner seg at det er store, til dels svært store avvik, mellom dei talsette resultatmåla som programmet har, og summen av prosjekta sine forventa resultatmål. På dei aller fleste indikatorane ligg dei aggregerte forventa prosjekresultata langt over programmåla. Midtvegsevalueringa gjev få haldepunkt for å vurdere om prosjekta og prosjektleiarane sine voner og ambisjonar står i eit rimeleg bra tilhøve til realistiske framtidsutsiktar.

Når det gjeld nedbygging av grensehinder, oppretting av velfungerande samarbeidsavtalar og bygging av grenseregionale nettverk oppgjev prosjekta at dei alt midtvegs har nådd eller overgått programmåla. Og prosjekta ventar seg, som nemnd, ennå fleire og betre resultat. På utdannings- og kursfronten er prestasjonane midtvegs mindre tilfredsstillande, her er det langt att til ein har nådd halvvegs i høve til programålet på 2000 kursdeltakarar. Sysselsetjingsmålet var todelt: minst 75 nye heiltidsjobbar og minst 100 oppretthaldne heiltidsjobbar. Her er resultatet halvvegs to nye jobbar og ingen oppretthaldne. Evaluatorane meiner det er tvilsamt om ein vil klare å nå sysselsetjingsmåla.

Forventa resultat for innsatsområde A: Næringslivs- og kompetanseutvikling

Resultatoppnåinga er ujamn på dette innsatsområdet og. Ein er godt i rute når det gjeld å stabla grenseregionale nettverk på beina; her er fem alt på plass medan det samla målet var ti. Det var og eit mål å få 25 nye organisasjonar i grenseområda med i slike nettverk – resultatet halvvegs vert rapportert til heile 33 organisasjonar.

Det er dårlegare stelt med utdannings- og kompetanseoppbyggingsverksemda. Her var eit av måla t.d. å arrangere 60 ulike kurs, men berre 20 var gjennomført så langt. Det var og langt att til målet om at minst 5000 næringsverksemdar skulle ha vore med i ”kontaktskapande aktivitetar”. Berre 51 verksemdar hadde delteke i slike aktivitetar halvvegs i programperioden.

I den samiske delen av programmet, som kom veldig seint i gang, var det ingen resultat å melde frå om då midtvegsevalueringa vart gjennomført.

Forventa resultat i Innsatsområde B: Livsmiljø og samfunnsutvikling

Midtvegs var situasjonen noko betre for dette innsatsområdet enn det var for A når det gjaldt nettverkbygging og talet på nye, deltakande organisasjonar. Her var prestasjonane over måltala allereie. 16 nettverk var ”oppe og gjekk” samanlikna med målet om ”minst ti” i løpet av heile programperioden – og prosjekta hadde forventingar om å danna heile 143 slike nettverk. Og det var registrert 75 nye organisasjonar i desse nettverka mot målet på 25 – her var prosjekta sine vonar/planar på overveldande 1048 organisasjonar. Jamvel om dette programmet opererer langs ein stor del av den svensk-norske grensa, så er mykje av grensestroka grisgrendte og tynt busette og dette talet verkar vel ambisiøst sjølv om det sjølvsagt kan vera ein del ”dobbeltgjengarar” i tala.

Ein var komen om lag halvvegs mot målet om å forbetra ulike sider av infrastrukturen over grensa: sju gjennomførte tiltak mot 15 som målet var, medan det låg dårlegare an når det gjaldt grenseoverskridande IKT- eller kommunikasjonsløysingar: to realiserte mot dei målsette 15. Dårlegast framdrift var det på områda som gjaldt forbetring av helsestell og –tilbod og innsatsar for miljøet. Her var det knapt resultat å visa til medan måla var 30 gjennomførte tiltak på helsesida og 35 på miljøfronten. Det same gjaldt målet om å skapa minst ti ”natur-/kulturprodukt”, her var det førebels ikkje skapt nokon ting.

Midtvegsevalueringa og kursen vidare

Evaluatorane gjev Sverige-Noreg programmet gode karakterar, og meiner at det berre er naudsynt med mindre kurskorrigeringar her og der. Dei peikar på at gjennomføringsorganisasjonen stort sett fungerer tilfredsstillande og at ein har lykkast godt med å kommunisere måla til programmet utover i programorganisasjonen. Dette gjeld og dei horisontale kriteria – miljø- og likestillingskriteria – men desse kriteria synest å vera vanskelege å handtere i praksis. Overraskande nok klagar folk frå sekretariata også over dette, og hevdar at dei manglar kunnskapar og kompetanse på desse områda.

Evaluatorane set fingeren på visse manglar ved oppfølgingsmekanismane og ved indikatorane. Når det gjeld dette siste, så er det ikkje indikatorane sin relevans som måleinstrument som evaluatorane kritiserer, men måten dei er definerte på og korleis dei er kommunisert ut til prosjekteigarane. Dei hevdar og at indikatorane i for høg grad vert brukte og opplevde som kontrollreiskapar.

Evaluatorane slår elles fast at programmet har fått på plass ein vel fungerande organisasjon som handterer den store etterspurnaden etter det programmet kan by på, slik det visar seg mellom anna i den gode prosjekttilgangen, på ein smidig og profesjonell

måte. Ein har lukkast vel med å skapa ein integrert organisasjon av det som tidlegare var fire frittstående program med kvar sine regionar å tena.

Arbeidet i det samiske programmet kom seint i gang, og har eit etterslep når det gjeld så vel prosjektgodkjenningar som utbetalingar.

Evaluatorane viser til at ein alt har generert ei mengd resultat og erfaringar på prosjekt-nivået og ”bodskapen er at prosjekta vert drivne i tråd med programmet sine mål”. Dei peikar og på at grenseoverskridande samarbeid og grenserelevante problemstillingar er sentrale oppgåver i programverksemda. Programmet sin addisjonaltet er høg, og evaluatorane hevdar at den klåre prioriteringa av det grenseregionale har gjeve det ein ”unik profil på marknaden”. Til sist peikar evaluatorane på at dersom program-organisasjonen vel å satsa fullt og heilt på det, så kan Interreg IIIA Sverige- Noreg ”utviklast til ein profilert kunnskapskjelde på området grenseover-skridande samarbeid og grenseområdeproblematikk” – ein kunnskapsbase som til og med kan eksporterast til andre delar av Europa.

Tilhøvet til regional utvikling og nasjonal sektorpolitikk

På dette området gjev rapporten frå midtvegsevalueringa ingen haldepunkt. Vi er likevel kjende med at både Indre Skandinavia, Grenselaust samarbeid og Nordens grønne belte gjorde solide innsatsar tidleg i arbeidet med å sy i hop programmet for Interreg III-perioden. Det vart mellom anna samla inn og systematisert stoff frå fylkesplanar, emnevisse fylkesdelplanar, regionale utviklingsprogram og andre handlingsprogram og planar på norsk side og likande programdokument som tillväxtavtal på svensk side. Ex-ante evalueringane viste klårt at ein la stor vekt på å tilpassa Interreg-programmet til dei mål og styringssignal som fanst i slike politiske dokument på båe sidene av riksgrensa.

Dette faktumet – tidleg koordinering av nasjonale og regionale handlingsplanar og – program med Interreg – saman med samansetjinga av styringskomitéar og arbeidsgrupper kor det sit mange representantar frå lokale og regionale plan- og utviklingsorgan, borgar etter vår meining for at programaktivitetane er vel avstemde mot og forankra i regionale og lokale ønskemål og tiltak som trengst i grenseregionane. Det same gjeld etter alt å døme (sidan planhierarkiet i alle fall på norsk side sikrar dette) koplingane til dei aktuelle nasjonale sektorpolitikkane.

3.4 Interreg III B – transnasjonalt samarbeid – med dei tre programma: Nordleg Periferi, Nordsjøregionen og Austersjøregionen

3.4.1 Fellestrekk ved dei tre programma sine styringsstrukturar og gjennomføringsorganisasjonar

I det følgjande gjev vi ei framstilling av tre Interreg-program som Noreg deltek i, og som høyrer til under Interreg III B. Dette er transnasjonalt samarbeid som involverer land så vel som regionar eller lokale styresmakter, og som har som siktemål å forbetre integrasjonen innanfor EU gjennom å danne større grupper av europeiske regionar. Samarbeidet går med andre ord ikkje berre på tvers av grenser mellom land som fysisk grensar mot kvarandre, men og mellom land som ligg langt frå kvarandre, til dømes skilde av eit havområde.


Sjølve ordet ”transnasjonalt” er ikkje heilt lett å feste eit godt (om)grep på. Men kjernen i ordet har å gjera med at dei nasjonale innslaga i kvart einskild prosjekt ikkje skal dominere over det som er felles – det skal vera harmoni i samspelet. Det gjeld å ikkje framheva det eigne landet sine interesser på ein utilbørleg måte, men i staden leita etter felles løysingar og sams opplegg slik at ein oppnår ein form for komplementaritet i staden for konkurranse. Fokus skal setjast på felles utfordringar, opplegg og løysingar som krev at partnarar frå fleire land samhandlar og samarbeider. Det står om at prosjektdeltakarane ikkje opererer kvar for seg i sine eigne område eller regionar, men mest mogeleg saman til det felles beste.

Noreg deltek i Nordleg periferiprogrammet, Nordsjøprogrammet og Austersjøprogrammet. I desse programma er det opning for at norske aktørar kan vera hovudprosjektleiar (Lead Partner). Dei tre rapportane frå midtvegsevalueringane er ganske ulike så vel i format som innhald. Det er difor ikkje mogeleg å gje ein heilt einsarta og konsistent framstilling av programma. Det som i stor grad er felles for programma, er måten som styringsstrukturen og gjennomføringsorganisasjonen er sett saman på. Her gjeld EU-regien i hovudsak uavkorta som basisstruktur, men programma kan ha supplerande strukturar som tek omsyn til dei serskilte tilhøva som finst i dei respektive programregionane.

For eitkvart program finst det horisontale kriterium som er det same som generelle kriterium, dvs. kriterium eller krav som ikkje er spesielt retta mot eller tilpassa til aktivitetane i dei einskilde innsatsområda eller åtgjerdene i programma. I Interreg-programma er det til vanleg tre slike kriterium: sysselsetjing og skaping eller vedlikehald av arbeidsplassar, omsyn for miljøet og ei berekraftig utvikling og likestilling mellom kjønna – like rettar for kvinner og menn på alle samfunnsområde. Dei horisontale kriteria skal på eit vis gjennomsyra heile programaktiviteten, dei skal så og seie utgjera renninga i den veven som eit Interreg-program kan sjåast på som. Prosjekta vert då å likna med innslaga i veven.

Ein sers høg addisjonaltet som i dei fleste høve er det same som høg grad av binding til EU-midlar syner seg ofte å vera tett kopla til låg overlevingsevne (durability) hjå prosjekta. Denne uheldige tendensen kan motverkast ved at deltakarane i prosjekt-pararskapane så tidleg som mogeleg – helst under planlegginga av prosjektet – syter for å ha tett kontakt med lokale og regionale styresmakter eller andre finansiørar som kan støtta vidare arbeid og innsats etter at Interreg-perioden er omme.

Hovudstrukturen for eitkvart Interreg-program ser ut som i figuren nedanfor (organisasjonskartet er henta frå midtvegsevalueringssrapporten for Nordsjø-programmet og det har ikkje vore mogeleg å retta trykkfeilen i det).



Styringsstruktur og gjennomføringsorganisasjonar

Ein Overvakingskomité (OVK) vert oppnemnd samtidig med at eit program vert godkjend av EU-kommisjonen. For desse tre programma skjedde dette heilt på slutten av året 2001. Alle programma kom altså nokså seint i gang, dei hadde berre snaue to år bak seg då midtvegsevalueringane gjekk føre seg.

Overvakingskomitéane har medlemar frå kvart EU-land som deltek i programmet, og frå Noreg og eventuelt frå andre ikkje-EU-land. I Nordleg Periferi-programmet gjeld dette Island, Færøyane og Grønland, medan det same gjaldt i Austersjø-programmet og for Polen, Estland, Litauen og Latvia før dei vart EU-medlemar 1. mai 2004, samt for Russland og Kviterussland..

Det er vanleg at overvakingskomitéane arbeider etter konsensusprinsippet, det vil seia at kvart land – eller rettare sagt kvar nasjonale delegasjon - har ei røyst og det vert berre gjort vedtak i ei sak dersom alle er samde (eller om nokon avstår frå å røysta). Det er overvakingskomitéane som sit med det formelle ansvaret for programverksemda overfor EU-kommisjonen. Om det vert gjort formelle feil på nokon måte og Kommisjonen av nokon grunn skulle finna på å halda attende eller krevja tilbakebetalt finansiering grunna uforsvarleg sakshandsaming, så er det sjølve overvakingskomitéen og ikkje den einskilde komitémedlemen eller det landet dei representerer, som må stå til ansvar.

Forvaltings- og finanseiningane (FFE) ("the Managing and Paying Authority") og ein representant for EU-kommisjonen deltek som regel på møta i overvakingskomitéane og gjev om naudsynt råd om EU sitt regelverk, praksis osv. Oppgåva til overvakingskomitéane er, som namnet seier, å overvaka den samla programverksemda og gjera dei vedtak som trengst når det gjeld programmet sine strategiar, vurderer om kursen er rett og om framdrifta er god nok eller om det er naudsynt å korrigera kurs eller vedtakstempo.

Medan overvakingskomitéen har det overordna programansvaret, så er det styringskomitéane ("Steering Committees") (SK) som har det operative ansvaret for gjennomføringa av programmet. Det er SK som tek avgjerder om prosjektsøknadar og om bruken av programmet sine pengemidlar. Styringskomitéane er samansette i grove trekk som overvakingskomitéane, med nasjonale representantar og representantar frå regionale organ som til dømes dei norske fylkeskommunane. Styringskomitéane møtest i regelen to

gonger i året, nokon av og til oftare. Også desse komitéane arbeider etter konsensus-prinsippet.

Desse programma har – av di dei er transnasjonale program – funne det naudsynt å skaffe seg støttefunksjonar i dei land som er med. Dette er såkalla nasjonale kontaktpunkt (NKP) som mellom anna hjelper til med å marknadsføre og informere om dei mogelegheiter som eit Interreg III B-program byr på i den regionen der dei held til. Reint formelt kan NKP sjåast på som ei – geografisk – utviding av programsekretariatet, men i røynda er det glidande overgangar mellom dei. I dei tidlege fasane av programma var ei av dei viktigaste oppgåvene for eit NKP å rekruttera partnarar frå det eigne landet til aktuelle prosjekt. Det er og ei erfaring at prosjektleiarar og –søkarar finn det enklare og betre å ringa til sitt eige NKP enn til programsekretariatet. Slik unngår ein mellom anna mogelege språkbarrierar. For sjølv om arbeidsspråket i alle programma er engelsk, så fell det lettare å få seg forklart dei kompliserte EU-reglane på sitt eige morsmål.

Dei nasjonale kontaktpunkta oppfattar rolla si slik at dei har eit breiare ansvar for tidleg rådgjeving og rettleiing enn det sekretariata kan ha. Eit NKP kan til dømes lesa og kommentera utkast og projektskisser på eit tidleg stadium. Slikt må sekretariata vera tilbakehaldne med av di dei jo skal gjera ei uavhengig og uhilda vurdering av kvar projektsøknad seinare.

Dei fleste land har oppretta nasjonale underkomitéar ("national sub-committees") (NUK). Det viktigaste føremålet med desse er å trekka inn regionale og lokale myndigheiter og interesser (det som i EU-sjargongen vert kalla "dei økonomiske og sosiale partnarane") i programarbeidet. Desse komitéane har status som rådgjevingsorgan, men dei spelar likevel ei sers viktig rolle som lekk i ei proaktiv programtilnærming ved at dei informerar om programma, og ved at dei støttar opp om projektskaping og –utvikling. Det er og vanleg at NUK vurderer alle projektsøknadar før dei skal opp til formell handsaming i styringskomitéane. På denne måten førebur dei det eigne landet sin posisjon i dei formelle vedtaksfora.

For Noreg sin del er det, som nemnd, oppretta ein nasjonal underkomité som førebur norske standpunkt under søknadshandsaminga. Dei andre land som er ein del av programområdet, har som regel ordna seg på same måten. Medlemane fyller og rolla som informasjonsformidlarar og gjev potensielle projektsøkarar råd og rettleiing.

Alle Interreg-programma har eit programsekretariat og ei forvaltings-/finanseining (FFE). Programsekretariata driv saksførebuing for OVK/SK, dei rettleiar så vel potensielle projektsøkarar som hovudprosjektleiarar. Sekretariata spelar og ei viktig rolle som bindelekk til EU-kommisjonen og andre som er interesserte i korleis det går med programmet.

Forvaltings-/finanseiningane har ein viktig funksjon i og med at det er dei som syter for legalitetskontrollen av program- og prosjektverksemda, det vil seia at ingen delar av verksemda bryt med nokon av dei mange EU-reglane slik som til dømes regelverket som regulerar statsstøtte. Det er FFE som administrerer EU-midlane i dei delane av programområdet som høyrer til innanfor EU sitt territorium. Det er denne eininga prosjekta må venda seg til, når dei skal rekvirere EU-pengar etter kvart som prosjekta skrid fram.

Det ryktast²⁰ elles at EU-kommisjonen ikkje er heilt nøgd med gjennomføringa av dei transnasjonale programma i denne perioden. Kommisjonen skal visstnok meine at

²⁰ Kjelde for desse opplysningane er godkjent referat frå møtet 1. mars i den nordiske embetsmannskomiteén for regionalpolitikk under Nordisk Ministerråd (Sak 10. EU/EØS spørsmål).


programma er for breie, dei er for spreidde og dei set for få spor etter seg. Det vert og sagt at det finst planar innom Kommisjonen om å slå saman Austersjø- og Nordleg Periferi-programma. Kommisjonen ønskjer og at prosjekta i dei kommande transnasjonale programma skal ha det ein kallar "ein strukturerande effekt". Det ligg og føre forslag om at programma skal prioritere innsats innan desse hovudområda: "water management", "risk management" og "improving accessibility".

3.4.2 Nordsjø-programmet (NSR; North Sea Region)

Programgeografien

Sju land rundt Nordsjøen deltek i Nordsjøprogrammet: Noreg, Sverige, Danmark, Tyskland, Nederland, Belgia og Storbritannia. Området som er inkludert i Interreg IIIB-programmet er synt på kartet nedanfor.

Figur 3.6 Område som høyrer til Interreg III B Nordsjøprogrammet



Området er sett saman av i alt 69 regionar, der 19 av desse ikkje var med i det føregåande Interreg IIC Nordsjøprogrammet. Dette gjeld regionar i Sverige, Danmark, Tyskland og for Noreg sin del vart området utvida med Oppland og Hedmark fylke i denne perioden.

Hovudmålsetjinga for programmet er at nasjonale grenser ikkje skal vera ein barriere for ei balansert og berekraftig utvikling og integrering av det europeiske territoriet. Slik vil ein viktig del av arbeidet vera å styrke den økonomiske og sosiale fellesskapen gjennom transnasjonalt samarbeid.

Programstrategien

Innsatsområda og målsetjingane for programmet er presenterte i tabellen nedanfor.

Tabell 3.8 *Prioriteringar og målsetjingar for Nordsjøprogrammet*²¹

Innsatsområde 1	Innsatsområde 2	Innsatsområde 3	Innsatsområde 4
<i>Transnasjonale romlege utviklingsstrategiar og aktivitetar for urbane, rurale og maritime system i NSR</i>	<i>Effektiv og berekraftig transport og kommunikasjonar, og forbetra tilgang til informasjonsamfunnet</i>	<i>Berekraftig forvaltning og utvikling av miljø, naturressursar og kulturarv</i>	<i>Forvaltning av vatn og vassressursar</i>
1.1: Utvikling og iverksetjing av transnasjonal fleirkjerna, romlege utviklingsstrategiar og av polysentrisme	2.1: Effektiv og berekraftig transport i urbane og rurale område, inkludert havområde, og i nye urban-rurale samband	3.1: Kreativ rehabilitering, vern og utvikling av kultur- og naturlandskap og bylandskap	4.1: Romlege planleggingsstrategiar og handlingsplan for bruken av vassressursar
1.2: Utvikling og iverksetjing av urban komplementaritet, samarbeid og nettverksbygging	2.2: Forbetre integrasjon av rurale og maritime område i nasjonale og internasjonale transportnettverk	3.2: Støtte utviklinga av berekraftig bruk av naturressursane og ta vare på kulturarven	4.2: Integrert forvaltning av ferskvassressursane
1.3: Utvikling og iverksetjing av nye samband og relasjonar mellom by - land og på landsbygda	2.3: Utvikling av romlege integrerte strategiar for transportnettverk og støtte til intermodale transportsystem	3.3: Utvikling og fremjing av berekraftige forvaltning av naturressursar og fornybar energi	4.3: Risikoforvaltingsstrategiar for kystområde i faresona for katastrofar og naturøydeleggingar, og for Nordsjøen
1.4: Utvikling og iverksetjing av strategiar som brukar vatn som eit romleg element i rural, urban og maritim design	2.4: Forbetra tilgjenge for små- og mellomstore verksemder og samfunnet i det heile til IKT	3.4: Integrert og konsentrert berekraftig forvaltning og planlegging av kystsoner og av Nordsjøen	
1.5: Samarbeid om forskning og utviklingsspørsmål og om tilgjenge til innovativ støtte	2.5: Forbetra bruk av IKT med spesiell referanse til offentleg teneste		

Gjennomføringsorganisasjonen

Nordsjø-programmet har skilde overvakings- og styringskomitéar med kvar sine klåre roller og oppgåver. Fleire av landa som deltek, nemnde opp dei same personane til begge komitéane. Evaluatorane finn likevel ikkje at denne overlappinga av personar har gjeve opphav til nokon form for misforståingar eller uheldig praksis.

²¹ Innsatsområde 5, Teknisk assistanse er ikkje teke med i tabellen

Overvakingskomitéen i Nordsjø-programmet har eit større ansvar enn det som er vanleg i Interreg-program av di forvaltningsmyndigheita har delegert sine vanlege oppgåver til fellessekretariatet. Dermed fell fleire vedtaks- og ansvarsområde på overvakingskomitéen utan at evaluatorene kan peika på nokre uheldige omstende ved dette.

Utfordringa for einkvar styringskomité er få medlemane til å ”gå i takt”, det vil seia å innretta seg etter dei felles programmåla og leggja sereigne regionale eller nasjonale omsyn til sides. Dette lukkast ein berre so måteleg med i Nordsjø-programmet i byrjinga, peikar evaluatorane på. Men det synte seg at det var startvanskar som ein snart hadde overvunne. Utarbeidinga av programkomplementet gjekk føre seg på eksemplarisk vis og på ein ”harmonisk måte”. Styringskomitéen arbeider også her etter konsensusprinsippet og komitéen har som ambisjon å gjera klare vedtak om prosjektstøtte – det skal vera anten ja eller nei. Denne ambisjonen byggjer på erfaringane frå II C-programmet då ein bruka mykje vilkårsbundne godkjenningar som det seinare synte seg var vanskelege å kontrollere.

Programmet har ordninga med nasjonale kontaktpunkt (NKP), men dei vart oppretta til ulik tid. I til dømes Sverige og Danmark hadde ein slike på plass lenge før programmet var formelt etablert. I Storbritannia og Nederland vart slike NKP fyrst oppretta etter at overvakingskomitéen hadde gjort vedtak om å finansiere dei. Finansieringsnøkkelen er slik at nokre land får mykje finansiering medan andre får mindre. Dette kjem av at overvakingskomitéen delar ut pengane etter land sin part i den samla Interreg B-finansiering frå strukturfonda. NKP frå Noreg, Danmark og Flandern er samstundes og medlemar av styringskomitéen.

Programmet har eit fellessekretariat i Viborg i Danmark og Viborg amt er såkalla vertsinstitusjon for programmet. Sekretariatet har tre avdelingar med fire personar i kvar: finansavdeling, programstøtteavdeling og prosjektutviklingsavdeling. Fellessekretariatet får gode skussmål av evaluatorane som fortel at hovudprosjektleiarane jamt over er nøgde med den støtta dei får frå sekretariatet. Sekretariatet si sakshandsaming vert karakterisert som ”streng, men rettferdig, open og hjelpsam”.

Programøkonomien

Sommaren 2003 var den økonomiske statusen for Nordsjøprogrammet at programmet fungerer godt. Sjølv om programmet ikkje kom i gang før i 2002 så hadde det alt løyvd/sett av 47,4 prosent av budsjettet – til dei 29 prosjekta. Tildelinga er godt spreidd på innsatsområda og åtgjerdene. Budsjettforbruket er nokså jamt spreidd mellom dei ulike innsatsområda, og mellom 40 og 53 prosent av midlane er brukte. Det var berre eitt unnatak – Innsatsområde 1.3 – der det ikkje var noko forbruk så langt.

Tabell 3.9 *Nordsjøprogrammet: Innsatsområde, vedtekne prosjekt og økonomiske midlar (euro) 2000 -2006*

Innsatsområde og åtgjerder	Tal vedtekne prosjekt	ERDF-midlar euro	Tilgjengelege ERDF-midlar 2000-2006 euro	% ERDF-midlar løyvde per innsatsområde/ åtgjerd
Innsatsområde 1: Regionale utviklingsstrategiar over landegrensene, og tiltak for bymessige, landlege og maritime system i Nordsjøregionen	4 + ein forlenging	12 812 512	31 683 846	40,44
Innsatsområde 2: Effektiv og berekraftig transport og kommunikasjon, og betra tilgang til informasjonssamfunnet	8	13 081 826	30 500 576	42,76
Innsatsområde 3: Berekraftig forvaltning og utvikling av miljø, naturressursar og kulturarv	10	16 746 634	32 473 983	51,56
Innsatsområde 4: Vassforvaltning	7 + ein forlenging	20 403 215	37 602 315	53,35
Totalt	29 + to forlengingar	66 658 994	132 260 721	47,38

Resultat så langt

Fram til sommaren 2003 hadde programmet løyvd pengar til 29 prosjekt, 20 av desse var inkluderte i midtvegsevalueringa, dei ni siste var nye, og difor ikkje med i evalueringa. Fordelinga av hovudprosjektlear mellom dei sju land går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 3.10 *Hovudprosjektlear fordelt mellom dei sju deltakarland*

Land	Innbyggjarar i Nordsjøregionen sine delar av landet år 2000 (mill.pers.)	Hovudprosjektlear i prosjekt	Deltaking i prosjekt
Danmark	5,3	2	20
Flandern (Belgia)	4,1	0	13
Tyskland	13	6 + 1 forlenging	21
Nederland	9,3	8 + 1 forlenging	22
Noreg	3,9	4	20
Sverige	3,3	2	21
Storbritannia	22,4	7	23
Totalt	61,5	29 + 2 forlengingar	

Det er flest hovudprosjektlearar frå Nederland, Tyskland og Storbritannia, desse tre land er involverte i meir enn 20 av dei 29 prosjekta. Det er dei "nye" regionane (dei som ikkje var med i det førre Nordsjøprogrammet) som deltek minst. Noreg er ikkje blant desse, men det "nye" med Noreg er at dei to fylkeskommunane i Innlandet – Hedmark og Oppland – er vorte med som deltakarregionane i Nordsjøprogrammet. På bakgrunn av at folketalet i Noreg er heller lågt samanlikna med dei andre deltakarland, så kan det seiast at den norske deltakinga er sers god. Noreg er hovudprosjektlear for fire prosjekt, og deltek heile 20 prosjekt av i alt 29 prosjekt som var i gang i programmet då det var kome midtvegs i arbeidsperioden.

Dei fire prosjekta der Noreg er hovudprosjektlear er: GeoShare, Northern Maritime Corridor, Hi-Trans og The North Sea Cycle Route 2. Per i dag (medio april 2005) er Noreg og hovudprosjektlear for eit femte prosjekt: Safety at Sea, som starta i slutten av

februar 2004. Dette siste prosjektet er ikkje omtalt i midtvegsevalueringa i og med at det ikkje var starta då.

3.4.3 Austersjø-programmet (BSR; Baltic Sea Region)


Programgeografien

Området som høyrer til Austersjøprogrammet er som følgjer:

- Finland, Sverige, Noreg, Danmark, Estland, Latvia, Litauen, Polen
- Deler av Kviterussland: Minsk, Grodno, Brest og Vitebsk Oblast
- Tyskland: Dei føderale statane (Länder) Berlin, Brandenburg, Bremen, Hamburg, Mecklenburg-Vorpommern, Schleswig-Holstein og Niedersachsen (berre NUTS II-området Regierungsbezirk Lüneburg)
- Russland: St Petersburg og omliggande Leningrad Oblast, den karelske republikken og oblasta: Kaliningrad, Murmansk, Novgorod og Pskov.

I prosjekt som vedkjem Barentsregionen, er også samarbeid med Archangelsk Oblast og Nenzen Okrug mogeleg.

Figur 3.7 Programområdet for Austersjøprogrammet



Austersjøprogrammet omfattar heile elleve land. Ved EU-utvidinga 1. mai 2004 vart fire av deltakarland – Estland, Latvia, Litauen og Polen - i Austersjøprogrammet EU-medlemmer og slikt fullt ut kvalifiserte til deltaking i ERDF-finansierte prosjekt, både som hovudprosjektleiingar og som prosjektpartnerar. Samstundes vart dei finansielle rammene for programmet utvida med 25 millionar euro. Det vart også laga eigne, nye naboskapsprogram mellom dei baltiske land og granneland deira utanfor EU si yttergrense. Dette siste vedkjem elles ikkje Noreg. For Noreg sin del blei det geografiske området utvida frå Interreg II til III frå å berre omfatta Austlandssamarbeidet sitt verkeområde til å omfatta heile landet.

Dette programmet har og band til det såkalla Nordlege Dimensjon-initiativet som no er ein integrert del av EU sin politikk og som kom på den politiske dagsordenen då Sverige og Finland vart medlemmer i den europeiske unionen i 1995. Eit kjernepunkt i den nordlege dimensjonen er å skapa nærare band mellom Russland og EU. Sjølv om slike føremål nok er meir direkte knytt til Russland sine naboland Sverige og Finland, så er det ingen tvil om at perspektiva som ligg til grunn for den nordlege dimensjonen i EU-politikken har hatt innverknad på programutformingsprosessen. Det syner seg mellom anna ved at programmet opnar for at russiske partnerar kan vera med på prosjektnivået.

Programstrategien

Føremålet med programmet er å styrke det regionale samarbeidet og vidareføre ambisjonane om at Austersjøområdet skal bli den mest vekstkraftige regionen i Europa. Programmet har fleire innsatsområde, og med ulike åtgjerder innanfor kvar av dei, slik det er presentert nedanfor.

Tabell 3.11 *Innsatsområde og åtgjerder i Austersjøprogrammet*

Innsatsområde 1.	Fremjing av romlege utviklingsperspektiv og utviklingstiltak for spesifikke område og sektorar
Åtgjerd 1.1.	Støtte felles strategiar og iverksetjingsplanar for makroregionar
Åtgjerd 1.2.	Fremje berekraftig romleg utvikling av serskilde sektorar
Åtgjerd 1.3.	Styrke integrert utvikling av kystsoner, øyar og andre serskilde område
Innsatsområde 2.	Fremje territoriale strukturar som støttar berekraftig utvikling i Austersjregionen
Åtgjerd 2.1.	Fremje balanserte og polysentriske busettingsstrukturar
Åtgjerd 2.2.	Skape berekraftige kommunikasjonssamband som kan styrke romleg integrasjon
Åtgjerd 2.3.	Forsterke god forvaltning av kulturarv og naturressursar
Innsatsområde 3.	Transnasjonal og bilateral institusjons- og kapasitetsbygging i Austersjøområdet
Åtgjerd 3.1.	Styrke transnasjonal institusjons- og kapasitetsbygging
Åtgjerd 3.2.	Bilateralt, maritimt samarbeid på tvers av Austersjøen
Innsatsområde 4.	Spesiell støtte til grenseregionar i søkjarland ²²
Innsatsområde 5.	Prioritert grenseregionalt samarbeid Estland – Latvia - Russland
Åtgjerd 5.1.	Utvikling av Estland - Latvia grenseregionen
Åtgjerd 5.2.	Utvikling av eksterne EU-grenseregionar
Innsatsområde 6.	Prioritert grenseregionalt samarbeid Latvia-Litauen-Kviterussland
Åtgjerd 6.1.	Utnytte grenseregionalt samarbeid til å auke konkurransevna til involverte regionar og forbetre tilgangen til marknaden på tvers av grensene
Åtgjerd 6.2.	Støtte utviklinga og styrkinga av samarbeid mellom folk og institusjonar i grenseregionane
Innsatsområde 7	Teknisk assistanse

Ved EU-utvidinga fekk programmet ein auke i talet på innsatsområde ved at ein tok inn innsatsområde som prioriterar grenseregionalt samarbeid mellom naboland (Interreg III A-samarbeid). Dette var tilfelle for innsatsområde 5 og 6, som prioriterar på den eine sida samarbeid mellom Estland - Latvia og Russland, og på den andre sida mellom Latvia - Litauen og Kviterussland. Noreg tek ikkje del i denne aktiviteten av di den er definert som Interreg IIIA-program. Desse programma går føre seg i perioden 2004 – 2006.

Programmet får kreditt av evaluatorane for å ha godt samsvar mellom verkemidlar og strategiar, og for å ha vald ut innsatsområde og åtgjerder som kan medverke til å oppfylle målsetjingane for programmet.

Midtvegsevalueringa konkluderer og med at prosjektutvalet i programmet i stor grad er i tråd med den valde strategien og innsatsområda og åtgjerdene som er fokuserte. Det er med andre ord samsvar mellom valde målsettingar og dei innsatsane som har blitt prioriterte og finansierte i programmet. Resultatet indikerer at prosjektutvalet har vore presist og i samsvar med måla som skal nåast.

Gjennomføringsorganisasjonen

Styringssystemet og gjennomføringsorganisasjonen er i all hovudsak den same i Austersjø-programmet som i dei to andre III B-programma. Vi finn overvakingsskomité, styringskomité, forvaltings- og finanseining og nasjonale underkomitéar her og. Ein har

²² Innsatsområde 4 var tilgjengeleg berre for prosjekt som søkte i den tredje søknadsrunden.

valt ein noko uvanleg ordning når det gjeld fellessekretariatet. Dette er nemleg delt på to kontor, eit i Rostock i Mecklenburg-Vorpommern i Tyskland og eit i Karlskrona i Sverige. Det tyske kontoret er samlokalisert med forvaltings-/finanseininga som er Investitionsbank (IB) Schleswig-Holstein. Det svenske kontoret er samlokalisert med det baltiske instituttet i byen. Denne doble strukturen er ei ordning som heng att frå Interreg II C-programmet, og vert forklart med at det var resultatet av nokre politiske hestehandlar. I praksis samarbeider dei to kontora godt, men evaluatorane peikar på at ho knapt er kostnadseffektiv. Det er og ei form for arbeidsdeling mellom dei to kontora idet kontoret i Rostock konsentrerer seg om å administrere og styre sjølve programmet, og gje støtte til forvaltings- og finanseininga, medan Karlskrona-kontoret hovudsakleg konsentrerer seg om å gje støtte til kvart deltakarland sitt arbeid med å få fram og utvikle prosjekt.

I rapporten frå midtvegsevalueringa vert det vist til at Danmark, Finland, Latvia, Noreg, Polen, Russland, Sverige og Tyskland hadde oppretta nasjonale underkomitéar ("national sub-committees"). Desse karakteriserer midtvegsevaluatorane som eit "sentralisert politisk nettverk på nasjonalt nivå med røynde deltakarar som har solide kunnskapar om Interreg gjennom sitt daglege arbeid på heimebane". Underkomitéane har to hovudoppgåver, slik evaluatorane ser det; det er dels å syta for informasjon om programmet og støtta opp under prosjektgenerering og -utvikling, og dels å initiere og gje støtte til nye prosjekt som ligg i "startgropa".

Austersjø-programmet brukar ein ordning med "såkorn-kapital" ("seed capital") for å få styring og fart på prosjektgenereringa. Ordninga har to føremål. For det fyrste skal den hjelpa partnarar som har lovande idear som høver godt til programmet sine innsatsområde, og for det andre kan han brukast som kompensasjon til prosjekt som av ulike årsaker vert endra undervegs. Det var rett nok berre ti prosjekt som hadde motteke slik såkorn-finansiering då midtvegsevaluatorane såg på programmet, men ni av meinte at denne finansieringsmåten hadde hjelte dei til å få fram betre kvalitet på prosjektopplegget. Elles har ein her og opplevd problem med å samordna Interreg-finansieringa med Tacis-programmet for dei tidlegare sovjetstatane. Hovudproblemet er at regelverka for dei to instrumenta er so ulike. Fleire midtvegsevalueringar har peika på at Tacis-regelverket bør ta etter – verta harmonisert med – Interreg sitt regelverk.

Programøkonomien

Samla ERDF-finansiering var ved starten av Austersjøprogrammet på vel 100 millionar euro, i tillegg til nasjonal offentleg finansiering og norske midlar.²³ Ved EU-utvidinga vart budsjettet påplussa slik at samla midlar frå ERDF – inkludert finansiering frå dei nye medlemsstatane - er 149 millionar euro, i tillegg kjem den norske, nasjonale finansieringa på seks millionar euro. Total ramme for programmet er slik 155 millionar euro.

Av dette var det per 31.12.04 godkjent prosjekt for 87,9 millionar euro, og det stod igjen 40,1 millionar til dei siste søknadsrundane. På same tidspunkt var 83 prosjekt godkjende, Noreg var med i 31 av dei, og har prosjektleiarskap for fire.

Over halvparten (23) av dei godkjende prosjekta (43) har opplevd problem med at dei har fått skore ned på budsjetta sine under handsaminga i styringskomitéen. Dette har skapt til dels store problem for prosjektpartnarane av di prosjektplanane måtte reorganiseras – noko som er ein tidkrevjande og plundrete operasjon.

²³ Som dei andre Interreg-programma har og Austersjø-programmet ambisjonar om å dra inn noko privat medfinansiering av nokre prosjekt. Slik finansiering kjem i så fall "på toppen" av den offentlege finansieringa, men tel ikkje med i dei berekningsgrunnlaga som gjeld for strukturfondsstøtte.

Ein del av prosjekta i Austersjø-programmet er førebuande planar og utgreiingar av til dels store, ressurskrevjande investeringstiltak. Evaluatorane reiser tvil om desse nokon gong vil verte sette ut i livet. Grunnen til dette pessimistiske synet er at mest alle prosjekta manglar dei naudsynte, forpliktande avtalane med Interreg-eksterne finansieringskjelder. Det er lokale og regionale styresmakter og organisasjonar som er dei mest ihuga deltakarane i dei fleste av prosjekta, men det kan verka som dei ikkje kan eller vil vera med på å finansiere vidare verksemd etter Interreg om det skulle vera ønskjeleg. Sverige er den EU-partnaren som deltek mest og hyppigast i prosjektverksemda i Austersjø-programmet. Av "utanforland" var det Polen (som seinare er vorten fullverdig EU-medlem) og Noreg som er dei mest aktive.

Problem med å samordna Tacis-finansieringa²⁴ med Interreg-systemet gjer det, som vanleg i andre program som går over EU sine ytre grenser, vanskeleg for Russland og Kviterussland å ta del i prosjektaktivitetane på like fot med dei andre. Ei løysing på dette velkjende samordningsproblemet kan, etter evaluatorane si meining, vera det nye naboskapsinstrumentet og dei serskilte nabolagsprogramma som EU-kommisjonen planla i samband med unionsutvidinga for den siste delen av Interregperioden (2004 – 2006).

Det vart skrive reviderte programdokument og –komplement (CIP og PC) som skulle gjelda frå 2004. Det vart og utforma to nye Interreg III A-innsatsområde som vart teke inn i Austersjøprogrammet sin aktivitetsplan. Evaluatorane peikar på at dette kan verka forvirrande for potensielle søkjarar som ikkje er sers godt kjende med spelereglane og språkbruken i Interreg III B-"familien". Dei meiner at det trengst aktiv og målretta informasjon frå og om dei nye programma frå programorganisasjonen si side for å klara opp i dette.

For dei siste åra av denne Interreg-perioden valde ein, etter eit visst påtrykk frå EU-kommisjonen, å bruka iverksettingsorganisasjonen til Interreg III B til å gjennomføra dei nye, stutte Interreg III A-programma. Ordninga ser ut til å fungera godt, meiner evaluatorane.

Dei fyrste søknadsrundane i programmet var etterspurnadsdrivne og styringskomitéen la mest vekt på å sikra at kvaliteten på prosjektsøknadane var god, at planane var realistiske og hadde gode sjansar for å gje gode resultat. Ein tenkte mindre på den samla balansen i heile programmet. Dei fleste som søkte, ville laga prosjekt innanfor dei mest "konkrete" innsatsområda, prosjekt som på eit eller anna vis hadde å gjera med reiseliv og kultur, serleg prosjekt som ville freista å kopla dette i hop ved å satsa på det ein kan kalla "opplevingsturisme". Det vil seia at ein legg til rette infrastruktur og fasilitetar i nærleiken av attraktive kulturminne eller særprega kulturmiljø. I den tredje søkarrunden freista styringskomitéen å få til ei betre balansert opplegg. Det synte seg likevel at søkjarane hadde store problem med å laga gode prosjektforslag til innsatsområde 3 som ber namnet "Institusjonsbygging". Det verkar som dette innsatsområdet vert for abstrakt for søkjarane, dei klarar ikkje å organisera godt forankra prosjekt i dette innsatsområdet.

I programmet har ein og ein målmedveten strategi om å bruka såkalla "seed money" proaktivt. Dette er ei spesiell type førebuingsprosjekt eller mindre pilotstudiar som vert sette i gang for å testa ut tidleg om eit større prosjekt har livsens rett. På denne måten kan og programorganisasjonen få ei betre styring på prosjektinngangen. Dette er ein ordning som ein har gode røynsler med.

²⁴ Det rette, fulle namnet på dette instrumentet er Tacis Cross Border Cooperation (CBC). Sjølve akronymet Tacis er ei forkorting for "Technical assistance to the Commonwealth of Independent States". Tacis er altså det EU-instrumentet som var innretta på å hjelpa dei tidlegare Sovjet-republikane i dei fyrste åra etter at Sovjetunionen fall frå kvarandre i tida etter Gorbatsjov.

Dei same innkøyringsproblema som ein opplevde med innsatsområde 3, fann ein og for åtgjerda "polysentriske busetnadsstrukturar" om enn i noko mindre grad. I denne åtgjerda var eit norsk-initiert prosjekt: PIPE, Participation, Identity, Planning and Entrepreneurship tidleg ute med ein god søknad. Østfold fylkeskommune var hovudprosjektleiari og føremålet med prosjektet, som hadde ei totalramme på 1.645.600 euro, var å støtta opp under utviklinga av berekraftige polysentriske busetnadsstrukturar gjennom å stimulere entreprenørande og lokalsamfunnsidentitet i dei regionane som var med i prosjektet. Prosjektet hadde ein klår ungdomsprofil, det er evaluert av eksterne fagfolk etterpå og evaluatorane gjev det sers gode skussmål.


Midtvegsevalueringa indikerar at 2/3 av dei 43 godkjende prosjekta har sers gode eller gode sjansar til å overleva ("durability") etter at Interregperioden er omme. Evaluatorane peikar likevel på at det kan vera grunn til ein viss skepsis andsynes desse "spådomane" som i stor grad er bygde på hovudprosjektleiara sine utsegner. Dette kjem av at programmet vart planlagt og utforma gjennom ein "ovanfrå og ned"-prosess kor representantar for sentrale styresmakter sat i førarsetet. I prosjektpartnerskapane arbeider på den andre sida fyrst og fremst folk frå lokale og regionale styresmakter og organisasjonar. Overlevingsevna kan lett visa seg å vera for optimistisk vurdert, serleg om ein ikkje lykkast med å få til ei berekraftig kopling mellom desse to ulike prosessane og aktørgruppene.

3.4.4 Nordleg Periferi-programmet (NPP)

Programgeografien

Nordleg Periferi-programmet har EU-land deltakarar frå Finland, Sverige og Storbritannia (Skottland). Desse samarbeider nært med partnerar frå fleire ikkje-EU land i det nordatlantiske området: Noreg, Island, Færøyane og Grønland.

Figur 3.8 Det geografiske området for Nordleg Periferiprogrammet



Hovudmålet for programmet er – slik det er for eitkvart Interreg-program: “to strengthen economic and social cohesion in the European Union by promoting crossborder, transnational and interregional co-operation and balanced development of the European Union territory”.

For å nærma seg dette målet tek Interreg-programma allment sikte på å byggje partnerskap frå lokalplanet og oppover (“a bottom-up approach”) i programarbeidet under det overordna omgrepet ”transnasjonalisme”. Dette er og den tilnærminga som er valt i Nordleg Periferi-programmet.

Programmet byggjer både på erfaringar og røynsler frå tidlegare samarbeid i området, og på den lange tradisjonen som nordisk samarbeid reint allment og grenseoverskridande samarbeid spesielt, har i området, og den seinare formaliseringa av skotsk-nordisk samarbeid som mellom anna Nordisk Ministerråd har stelt seg bakom. Den direkte forgjengaren til Nordleg Periferi-programmet var det såkalla Artikkel 10-programmet med same namn som gjekk føre seg i åra 1998 til 2001. Dette programmet finansierte i alt 36 prosjekt i dei åra det varte, og på denne måten hausta ein mange erfaringar og lærdomar som har komme til god nytte i arbeidet med, og i, Nordleg Periferi-programmet. Det er heva over tvil at desse røynslene var viktige for at programmet kom så pass raskt og godt i gang som det gjorde.

Nordleg Periferi-programmet sin visjon er støtte opp under utviklinga av “prosperous, inclusive and self-sustaining communities” i det området som programmet arbeider i. For å realisere denne visjonen, har ein valt ut tre strategiar som til saman skal gje programmet eit fokus. Desse var:

- Konkurranssevna til dei regionane som utgjer programområdet, skal betrast. Sidan regionane er prega av dei "klassiske" periferi-ulempene som lange avstandar, kostbare reiser, grisgrendt busetnad og låg folketettleik vert ein av dei sentrale prioritane i programmet å setja i verk tiltak på områda transport og informasjonssamfunnet
- Berekraftig utnytting av så vel naturlege som menneskelege ressursar og haldbar næringsutvikling er prioritert nummer to
- Fråflytting og faren for avfolking er eit alvorleg problem i mange av lokalsamfunna i programområdet. Mange av dei slit med å halde folketalet og tenestetilbodet oppe, og derfor er den tredje strategien innretta mot lokalsamfunnsutvikling. I strategien inngår og prosjekt som er fokuserte på tenestetilbodet til hushalda, offentleg forvaltning og romleg planlegging.

Programmet har tre såkalla horisontale mål som alle prosjekta på eit eller anna vis må ta inn over seg. Dette gjeld:

- dokumentasjon og utveksling av kunnskap og erfaringar
- miljøet skal takast vare på og omgrepet berekraftig utvikling skal takast på alvor
- prinsippet om like rettar og mogelegheiter skal gjelda for so vel tilhøvet mellom kvinner og menn som for folk i alle aldersgrupper, og utan omsyn til etnisk bakgrunn

Sidan programmet høyrer inn under Interreg III B, må arbeidsmetoden i programmet vera transnasjonalt samarbeid i nettverk. Dette inneber at alle prosjekt må ha deltakarar frå minst tre land og eitt av land må vera eit EU-land. Det er likevel stadfesta klårt i programdokumentet at prosjekt som har med, eller er serleg relevante for, skotske, islandske, færøyske eller grønlandske partnarar skal prioriterast. Transnasjonalt samarbeid i praksis inneheld fleire element. Det skal leggjast vekt på å løyse felles problem eller å ta vare på sams mogelegheiter; prosjekta bør freiste å få til felles, nyskapande verksemd gjerne med band til forskning. Både prosjekta kvar for seg, og programmet som ein heilskap, skal ha fokus retta mot interaktiv læring og utveksling av erfaringar og konkrete døme på god praksis.

Dei som er meint å skulle få nytte av at programmet vert gjennomført – sluttbrukarane, er fyrst og fremst organisasjonar og myndigheiter som representerer innbuarane i programområdet. Det er ein føresetnad at dei som er hovudprosjektleiari ("lead partner"), må komme frå ein offentleg eller ein liknande organisasjon. Programmet tek serleg sikte på å ha med partnarar frå ikkje-kommersielle organisasjonar og regionale utviklingsorgan. Folk frå næringslivet eller den private sektoren kan og delta i prosjekt, men for dei gjeld serskilte reglar²⁵.

I bygginga av transnasjonale partnaraskapar oppmodar Nordleg Periferi-programmet deltakarane til å danne breie og komplekse partnaraskapsmodellar. Idealet er å få til noko som liknar på den såkalla "Triple Helix"-modellen²⁶, det vil seia partnaraskapar og samarbeid mellom industrien, forskinga og myndigheitene.

²⁵ Dei kan berre vera med i prosjekt om deira tilskot kan seiast å representere "ei breiare offentleg interesse samstundes som offentleg sektor deltek". Private partnarar kan ikkje vera hovudprosjektleiari. Det er og somme nasjonale serlege unntak i nokre land. I Finland og Sverige kan private gje tilskot til prosjektbudsjetta, men desse tilskota tel ikkje med som underlag for berekningar av ERDF-tilskotta.

²⁶ Denne "modellen", eller snarare metaforen, har fått god vind i segla dei seinare åra. Bruken av omgrepet signaliserer ein vilje til å sjå med nye eller andre auge på sambandet i trekanten mellom

Gjennomføringsorganisasjonen

Overvakingskomitéen (OVK) vart oppnemnd samtidig med at programmet var godkjend av EU-kommisjonen i desember 2001. Komitéen her tre medlemar frå kvart EU-land og Noreg og to representantar kvar frå Island, Færøyane og Grønland. NORA – det nordatlantiske grenseregionale samarbeidet som Nordisk Ministerråd støtter økonomisk – har ein fast representant med status som observatør. Det same gjeld forvaltings- og finanseiningane (FFE) ("the Managing and Paying Authority") og ein representant frå EU-kommisjonen..

Overvakingskomitéen har og ei anna, og i alle fall samanlikna med Interreg III A-program, uvanleg rolle i Nordleg Periferi-programmet; den er og styringskomité ("Steering Committee") (SK) for programmet. Når OVK opptre i denne rolla gjer han same jobben som dei ordinære SK'ane i andre Interreg-program: tek avgjerder om prosjektsøknadar og om bruken av programmet sine pengemidlar. OVK får i det store og heile gode skussmål frå evaluatorane og dette gjeld i båd dei to rollene han speler.

Programmet har – av di det er eit transnasjonalt program – funne det naudsynt å skaffe seg støttefunksjonar i dei land som er med. Dette er dels såkalla regionale kontaktpunkt²⁷ (RKP) og dels regionale rådslagsgrupper (RRG). Begge funksjonane vert finansiert av midlar frå potten til "teknisk støtte" (TA-midlane). Dei regionale rådslagsgruppene finst i kvart av land som er med i programmet. Hovudfunksjonen deira er å hjelpe OVK med handsaminga av prosjektsøknadane. RRG'ane gjev råd og tilrådingar om konkrete prosjektsøknadar på grunnlag av eit sett med sameinte kriterium. RRG-medlemene vert oppnemnde på bakgrunn av at dei har serskild kunnskap og kompetanse på spesielle område og god kjennskap til programmet sine mål og åtgjerder²⁸.

Som dei andre Interreg-programma, har og Nordleg Periferi-programmet eit programsekretariat og ei forvaltings-/finanseining. Fellessekretariatet, som ligg i København, har ein internasjonal stab på tre personar. Sekretariatet arbeider tett i lag med FFE og RKP. Oppgåva som FFE er lagt til länsstyrelsen i Västerbottens län som ligg i Umeå. Det er hit prosjekta må rette seg dersom dei har spørsmål om finansiering, prosjektøkonomi osv.

Evaluatorane skriv at denne geografiske oppsplittinga av dei administrative funksjonane tilsynelatande kan sjå ineffektiv ut på papiret, dvs. på organisasjonskartet, men dei har ikkje funne nokon teikn på at det er slik i praksis. Når det gjeld storleiken på den potten som er sett av til TA, så er konklusjonen og klår: det er sett av for lite pengar og programmet treng større administrativ kapasitet. Dette forholdet har, saman med ein viss gjennomtrekk i staben, gjeve noko "strek" i programorganisasjonen og EU-kommisjonen er ikkje heilt nøgd med rapporteringskvaliteten frå NP-programmet samanlikna med andre program.

NP-programmet har og noko som er kalla programforvaltargruppa (Programme Management Group) som er samansett av representantar frå dei nasjonale styresmaktene

styresmakter, næringslivet og akademia. Som så mykje anna tankegods som rek omkring nå til dags, kjem "modellen" frå den andre sida av Atlanthavet - og det er såkalla fleirnivåstyring det handlar om, eller hopehavsstyring som mellom anna professor Harald Baldersheim kallar det.

²⁷ RKP er personar som er serskilt sette til å gjera visse oppgåver. Personane held til i Inverness i Skottland, i Bodø i Noreg, i Umeå i Sverige, i Rovaniemi i Finland, i Torshavn for Færøyane og Grønland og i Saudárkrökur i Island.

²⁸ EU-kommisjonen var til å byrje med skeptisk til denne ordninga med RRG'er. EU-kommisjonen meinte at den lett kunne føre til at nasjonale interesser vann fram på kostnad av den transnasjonale basisen til programmet. Etter evaluatorane si mening var det ingenting som tyda på at denne skepsisen i EU-kommisjonen hadde hatt noko for seg.

som har ansvaret for iverksetjinga av programmet. Gruppa sin funksjon er å assistere sekretariatet og FFE i spørsmål som gjeld bruken av ERDF-pengane. Gruppa har og oppgåver med informasjonsspreiing og kontaktverksemd i saker på programnivå.

Prosjektporteføljen

NP-programmet finansierer tre ulike typar prosjekt: hovudprosjekt, såkalla mikroprosjekt og førebuing- eller forprosjekt. Føremålet med mikroprosjekta er å leggje til rette for kontaktskaping og partnerskapsbygging mellom deltakarar frå dei ”nye” land i programmet: Færøyane, Grønland, Island og Nordvest Russland og deltakarar frå dei tidlegare Artikkel 10-land Finland, Sverige, Skottland og Noreg. Desse prosjekta kan få maksimum 5000 euro i stønad frå ERDF med vilkår om tilsvarande nasjonal medfinansiering.

Førebuingssprojekta er retta inn mot å setje saman breie partnerskap som førebuing til større prosjekt som treng forpliktande deltaking slik at den risikoen som gjerne følgjer med stor, komplekse satsingar kan reduserast mest mogeleg. Her er den maksimale ERDF-stønaden på 15 000 euro med dei same vilkåra som for mikroprosjekta, og forventingane til desse prosjekta er at dei skal føre fram til ein hovudprosjektsøknad.

Tabell 3.12 *Målsette verksemdsmål på programnivå*

Prosjekttype		Talet på prosjekt	
Hovudprosjekt ²⁹	Prioritet 1 Kommunikasjonar	28	114
	Prioritet 2 Næringsutvikling	50	
	Prioritet 3 Lokalsamfunnsutvikling	36	
Mikroprosjekt		15	
Førebuingssprosjekt ³⁰		15	
I alt		144	

Hovudvekta av prosjekt venter ein skal kome i kategorien hovudprosjekt og tabellen syner elles eit klårt bilete av programmet sin strategi med dei tre hovudprioritetane:

- kommunikasjonar (prioritet 1),
- næringsutvikling (prioritet 2) og
- lokalsamfunnsutvikling (prioritet 3).

Prosjekt som har å gjera med næringsutvikling er tydelegvis den viktigaste oppgåva i programmet, men kommunikasjonsprosjekt ligg ikkje langt bak.

Evaluatorane valde – i samråd med styringskomitéen – å definere tidssnittet for midtvegsevalueringa som ein tredel av programperioden sidan programmet kom noko seint i gang. Det inneber at alle ”prestasjonar” innan programmet vert målt mot forventingane delt på tre. På denne måten kjem ein fram til programmet si suksessrate når det gjeld evna til å generere prosjekt innan dei ulike prioritetane som vist i tabellen nedanfor.

²⁹ Ein forventar at halvparten av hovudprosjekta skal ha deltakarar frå meir enn tre land, 20 prosent av dei skal vera såkalla komplekse partnerskap og dei resterande ti prosentane skal involvere partnarar frå naboregionar. Det finst og emneforventings- og valkriterium, t.d. skal ti prosent av hovudprosjekta ha med deltakarar som representerer eitt eller fleire av urfolka i området, tjue prosent skal vera prosjekt for ungdommar og tjue prosent prosjekt som er retta inn mot små- og mellomstore verksemdar

²⁷ Ein vonar at halvparten av mikro- og førebuingssprojekta til saman skal utvikla seg til hovudprosjekt.

Tabell 3.13 *Oppnådde og forventa tal på prosjekt*

Prioritet	Tal oppnådd	Tal forventa	"Suksessrate"
Kommunikasjonar	4	9	-5 (44%)
Økonomisk utvikling	7	17	-10 (41%)
Lokalsamfunnsutvikling	3	12	-9 (25%)
Førebuingsprosjekt	19	15	+4 (126%)
Mikroprosjekt	2	5	-3 (40%)
I alt	35	79	-44 (44%)

Tabellen syner at det berre er førebuingssprosjekta som når opp til "norma", I alle dei andre kategoriene "underpresterer" programmet og mest markant - merkeleg nok - gjeld dette prosjekt for lokalsamfunnsutvikling. Evaluatorane konstaterer at programmet har ei utfordring når det gjeld å skaffe fram gode prosjektidear, men viser elles til at situasjonen er betre når det gjeld pengebruken for på dette området er det løyva pengar til prosjekt som til saman utgjør 117 prosent av 1/3-dels norma.

Transnasjonalitet og vegen vidare

Eit anna prestasjonsmål som evaluatorane nyttar seg av, er talet på partnarar som er involverte i prosjekta og kor mange av land som er representerte. Resultatet går fram av den neste tabellen.

Tabell 3.14 *Talet på deltakarar i prosjekta ved slutten av år 2002*

Type partnar	Finland	Sverige	Skottland	Færøyane	Grønland	Island	Noreg	Eksterne ³¹	I alt
Offentlege/sentrale	1	-	3	4	3	1	4	-	16
Off. regionale	8	8	4	1	2	3	8	5	39
Off. lokale	4	2	5	-	-	3	-	-	14
Kvasi-offentlege	2	6	1	-	-	2	2	-	13
Private	3	-	2	-	1	1	3	-	10
Deltakarar/partnarar i alt	18	16	15	5	6	10	17	5	92

Tala syner at deltakarane er nokolunde jamt fordelt på land, og evaluatorane tek dette som eit teikn på at det ikkje eksisterar nokon større asymmetri mellom land når det gjeld deira evne til å hjelpa til i prosessar som skal byggje transnasjonale partnarskapar. Noreg er, som me ser, godt med i programmet og har ei rimeleg god blanding av partnarar sjølv om Noreg saman med Færøyane og Grønland er dei einaste land som manglar deltakarar frå lokalnivået. Tabellen syner og at dei norske fylkeskommunane var "tungt" inne i prosjektverksemda då midtvegsevalueringa vart gjort i 2003.

Evaluatorane peikar på at det er ein "mismatch" mellom dei to prestasjonsmåla talet på vedtekne prosjekt og omfanget av tildeling av midlar (både frå ERDF og totalt): det er færre prosjekt og større tildeling midtvegs enn det som var planlagt. Dette er ein indikasjon på at programmet i nokon grad har kompensert for svak eller manglande

³¹ Dette er partnarar frå utanfor sjølve Nordleg Periferi-området, dvs. frå Nordvest Russland (ein partnar), USA (to partnarar) og frå Canada (2 partnarar).

prosjektilgong ved å satse på større prosjekt. Styringskomitéen avvisar at dette har vore ein medvetent strategi. Ein annan ting som det vert peika på, er at kommunikasjonsområdet ser ut til å ha vore favorisert, medan det motsette er tilfelle for prosjekt på lokalutviklingsfeltet.

Tabellen nedanfor syner det samla finansielle biletet av Nordleg Periferi-programmet i heile Interregperioden 2000 til 2006.

Tabell 3.15 *Planlagt allokering av dei samla finansielle ressursane i Nordleg Periferi-programmet 2000 – 2006 (1000 €)*

	Totale gyldige kostnader	Offentlege kostnader EU-finansiering (ERDF)	Sentral finansiering (nasjonal og regional)	Andre finansielle instrument (Tacis etc.)	Total
1. Kommunikasjonar	8155,00	4893,00	3130,00	4049,50	12204,50
1.1 Fysisk transport	4077,50	2446,50	1565,00		
1.2 Telekommunikasjonar/informasjonsamfunnet	4077,50	2446,50	1565,00		
2. Berekraftig økonomisk utvikling	14183,00	8510,00	5277,00	6881,55	21064,55
2.1 Berekraftig naturbruk	8470,20	5106,00	3166,20		
2.2 Næringsutvikling	5712,80	3404,00	2110,80		
3. Lokalsamfunnsutvikling	10638,00	6383,00	4123,00	5322,40	15960,40
3.1 Tenester til hushald	7420,20	4468,10	2886,10		
3.2 Offentleg forvaltning/romleg planlegging	3217,80	1914,90	1236,90		
4. Teknisk støtte	2978,00	1489,00	1489,00	939,00	3917,00
I alt	35954,00	21275,00	14019,00	17192,45	53146,45

I tabellen er omgrepet ”gyldige kostnader” brukt om det engelske omgrepet ”eligible costs”. Privat medfinansiering er det heller lite av i programmet (660.000 euro i alt) og tal for denne er ikkje teke med. I kolonnen Andre finansielle instrument er derimot ”ikkje gyldig” privat medfinansiering med.

Om vi brukar ein vekslingkurs på 1 euro lik NOK 8,2, syner tabellen at Nordleg Periferiprogrammet forventar ein omsetnad på rundt 436 millionar norske kroner i EU-delen av området. I tillegg kjem den norske delfinansieringa som etter alt å døme ikkje er med i tabellen, i alle fall er det regelen i dei fleste midtvegsevalueringar som er utført av konsulentar utan norsk partnar. Vi har fått opplyst frå sikre kjelder at Noreg sin planlagde, rettleiande innsats i programmet er på 5,5 millionar euro eller rundt 45 millionar norske kroner. Då vert i så fall den totale økonomiske satsinga i programrådet på vel 480 millionar norske kroner.

3.5 Interreg III C – interregionalt samarbeid; sone Nord – Aust – Sør og Vest

Då midtvegsevalueringa vart gjennomført, var berre eitt prosjekt med norsk deltakar, som jamvel var hovudprosjektleiari, godkjend. Det var prosjektet ”Aquareg” som er skildra på eigen plass lenger bak i notatet. Dette prosjektet tilhørde sone Nord. Og vi valde difor å leggja hovudvekta på denne delen av Interreg III C.

Nå, ved utgangen av januar 2005, syner oversiktene bl.a. dette:

- til saman 49 land og sjølvstyreområde deltek på ein eller annan måte i programmet; 95 prosent av deltakarane kjem frå eit av EU-land, av desse kjem 20 prosent frå eit av dei nye EU-land
- bortimot 2000 lokale eller regionale deltakarar er engasjert i dei 195 prosjekta som so langt er godkjende
- 191 europeiske regionar deltek (dei fleste av dei på såkalla NUTS2-nivå som nokon lunde svarar til dei norske landsdelane), vel halvparten av desse regionane har status som Mål 1-område medan resten tilhøyrer Mål 2-område³²
- Noreg har no prosjekt i alle dei fire sonene – i alt er det 23 norske deltakarar i dei tolv samarbeidsprosjekta som Noreg er med og finansierar. Av desse prosjekta tilhøyrer fem Nord-sona. I Aust-sona deltek norske partnarar i to prosjekt: ENABLE og MAREMA og eitt – prosjektet EuroMountains - i Sør-sona.

EU-kommisjonen sine retningslinjer stadfestar at kvart medlemsland skal setja av seks prosent av dei samla Interregmidlar til interregional samarbeidsverksemd. For Noreg sin del inneber dette at vi brukar 3 millionar euro - noko som tilsvarar seks prosent av våre samla Interreg-midlar- til Interreg III C-samarbeidet i heile programperioden (2000 – 2006).

Interreg C-armen (vi brukar dette ordet for det som i EU-terminologien kallast ”strand”) er den yngste av dei tre Interreg-programma og kan kallast ein utløpar frå Interreg II B. C-armen av Interreg framstår som ein ny type regionalpolitisk instrument – eller intervensjon som det heiter i EU-språket. Instrumentet skal brukast for å støtte interregionalt samarbeid som ikkje høyrer naturleg heime i korkje Interreg A eller B. Interreg C byggjer på erfaringar frå andre såkalla fellesskapsinstrument og frå bruken av strukturfondsmidlane. Det er hovudsakleg erfaringar frå innovative tiltak som er gjort under det europeiske regionalfondet (ERDF). Her kan nemnast kan akronym som RIS/RITTS, RISI, Recite, Eco Overture m. fl. Sjå lista over dei mest relevante forkortingane bak i notatet. C-armen byggjer og på lærdomar frå EU sitt femte rammeprogram for forskning. EU-kommisjonen viser til at Interreg III C tek ideen om interregionalt samarbeid et steg vidare gjennom at ein tek i bruk ei programtilnærming eller –organisering av denne typen verksemd.

Interreg III C er innretta på regionar eller område som ikkje ligg inntil kvarandre. Ideen er å hjelpa slike regionar til å komma i kontakt med kvarandre. Tanken er å utvikla kontaktar og nettverk som allereie finst, vidare og ambisjonen er at flest mogeleg av dei ”regionane” og potensielle deltakarane som finst i Europa, skal vera med. Ein sentral strategi i dette programmet er spreia nyttige erfaringar så godt råd er, og å vise til gode eksempel frå tidlegare prosjekt som dei mindre erfarne kan læra av. Eit sentralt moment i

³² Desse regionalpolitiske verkeområda har ei lang historie i EU sin bruk av strukturfonda. Mål 1-områda høyrer til dei områda i fellesskapen som slit med dei tyngste strukturproblema. I Sverige er t.d. to Mål 1-område: Norra Norrland og Sødra Skoglänsregionen og verkeområdet inneheld til saman 51 kommunar og ei folkemengd på om lag 970 000 innbuarar. I inneverande periode (2000 – 2006) skal det satsast vel 17 milliardar svenske kroner (drygt 6 milliardar frå EU-fonda). Innsatsen skal serleg sikta mot å styrka og utvikla tilveksten i næringslivet, fram for alt ved å trekka til seg høgteknologiverksemd. Mål 2-område er det fire av i Sverige: Norra, Västra, Sødra og Øarna. Her er føremålet å styrka næringsutviklinga i utsette industri- og landsbygdsregionar, omkring 1,2 millionar menneske bur i desse regionane. Mål-2 programmet omfattar om lag 12,6 milliardar kroner (2000 – 2006), av dette kjem omkring 3,6 milliardar frå regionalutviklingsfondet (ERDF) og sosialfondet (ESF).

programmet er overføra erfaringar, kunnskap og ikkje minst såkalla ”best practice”-metodar. Hovudtanken bak C-armen er at verksemda skal hjelpe til å fordjupe samarbeidet over heile det europeiske territoriet. Dette er og bakgrunnen for at Interreg C inneheld fire delprogram som har fått namn etter kvar sin himmelretning, og Noreg er, naturleg nok, mest med i NORD. I kva sone eit konkret prosjekt vert plassert i, vert avgjort av kva land hovudprosjektleiaren kjem frå.

3.5.1 Interreg III C – Sone Nord

Rapporten frå midtvegsevalueringa er ganske stutt. Hovudteksta er på berre 44 sider og utgreiingsprogrammet (”TOR”) hadde signalisert at den ikkje skulle overstiga 35 sider. Då midtvegsevalueringa vart gjort hadde det berre vore ei utlysingsrunde der i alt 159 søknadar kom inn. Av desse vart 34 prosjekt godkjende, seks av dei frå den nordlege sona – NORD. Dei godkjende prosjekta involverer til saman 307 partnarar og 63 av desse var frå dei nye medlemsland. Evaluator nemner og at det kom inn mange søknader i den andre utlysingsrunda, men gjev ingen tal for omfanget.

Av di det var så lite stoff å henta i midtvegsevalueringssrapporten, har vi måtta gå til det reviderte programdokumentet som vart laga i samband med at Polen og dei baltiske land vart fullverdige EU-medlemar. (Kjelde: ERDF 2000 – 2006 Community Initiative Programme Interreg IIIC, North Zone; 19. oktober 2004). Av denne går det mellom anna fram at hovudmålet for C-armen med interregionalt samarbeid er å laga meir effektive og treffsikre politikkar og verkemidlar for regional utvikling og økonomisk, sosialt og territorielt samhald. Programforfattarane ser for seg at ein kan oppnå slike verknader på så vel det regionale, som det nasjonale, som på det alleuropeiske nivået slik at:

- regionale og andre offentlege styresmakter skaffar seg reiskapar som kan brukast til å skapa utvikling gjennom at dei får tilgang til andre sine erfaringar. På denne måten kan dei få hjelp til å utvikle nye og betre politikkar og prosjekt som kan løysa problem og utnytte moglegheiter
- politikkar på Europa-nivået vil skyta fart ved at dei vert tilført meirverdi dersom verknadane av strukturfondsinnsetjingar vert spreidde til ulike regionar over heile Europa. Læringseffektane får ein multiplikatorverknad gjennom at erfaringar og lærdommar vert spreidde mellom så mange regionar som mogleg.
- Hovudmålet ser programmakarane for seg kan nåast på to ulike måtar:
- ved at det skjer endringar på prosjektnivået gjennom at det vert introdusert nye metodar eller tilnærmingar til problemløysing, eller ved at ein forbetrar slike som alt finst og er i bruk. Fokuset vil då vera på å forbetra iverksetjinga av eksisterande program og bruken av dei regionalpolitiske verkemidlane
- ved at det skjer endringar på politikknivået, noko som vil innebera meir omfattande endringar i politiske og institusjonelle strukturar som har å gjera med regionalpolitikken. Endringar på dette nivået skjer når politikkverkemiddel, eit regionalpolitisk program eller liknande vert justert, nyorientert eller dersom eit heilt nytt verkemiddel vert teke i bruk.

Programgeografien i NORD

Som vanleg er i dei interregionale C-programma, kan hovudprosjektleiaren³³ berre komma frå ein region i eit EU-land. Sjølvstyreområdet Åland er ein slik region, frå Tyskland deltek delstatane ("Länder") Niedersachsen, Schleswig_Holstein, Hamburg, Bremen og Mecklenburg-Vorpommern, og frå Polen regionane Zachodniopomorskie, Pomorskie, Warminsko-Mazurskie, Podlaskie og Kujawsko-Pomorskie. Alle dei 29 EU-regionane i Nord-sona grensar til Austersjøen. Dei fleste av regionane i Tyskland og Polen ser ut til å vera på NUTS 2-nivå. Frå Noreg kan deltakarane komma frå heile landet. Desse land/ sjølvstyreområda er med: Åland, Danmark, Estland, Finland, Kviterussland, Latvia, Litauen, Noreg, Polen, Sverige og Tyskland. Området er og vist på kartet nedanfor.

I overvåkingskomitéen er Noreg representert av folk frå Kommunal- og regionaldepartementet og frå Sør-Trøndelag fylkeskommune. Komitéen har i alt 21 ordinære medlemmer, medan EU-kommisjonen ved DG Regio har møterett i komitéen sine møter. EU-representanten si hovudoppgåve er gje komitéen råd om EU-reglar, strukturfondsreglementa osv.

INTERREG IIIC North



³³ Noreg har som nemnd deltakarar i prosjekt i alle dei fire sonene, men flest i Nord- og Vest-sona. Det er lokaliseringa av hovudprosjektleiaren som avgjer kva sone eit prosjekt vert tilordna. Sidan norske styresmakter ikkje kan administrere midlar frå ERDF, kan norske deltakarar ikkje vera såkalla finansielle hovudprosjektlearar. Men dei kan opptre i rolla som såkalla "funksjonell hovudprosjektlear" og Noreg har ein slik deltakar, det gjeld prosjektet "Aquareg" der Sør- og Nord-Trøndelag fylkeskommunar fyller denne rolla.

Programstrategien

Det opphavlege programmet vart revidert i 2004 for å ta høgde for at dei tre baltiske land fekk endra status: frå søkjarland til fullverdige EU-medlemar. Det er dette "nye" programmet som ligg til grunn for mykje av den teksta som følgjer.

Innsatsområde og åtgjerder

Interreg III C programmet Nord har ambisjonar om å gje eit kraftig tilskot til arbeidet med å byggja ned dei barrierane som nasjonsgrensene skapar i Europa og på denne måte medverka til at ein får til ei meir balansert utvikling i eit tettare integrert Europa. Sidan C-armen er ein del av dei samla strukturfondsinnsetningane, er den og eit verkemiddel for å fremja ei balansert og berekraftig utvikling av heile det europeiske territoriet slik som m.a. ESDP stadfester.

Verksemd som er "lovleg" ("eligible operations") innafor programmet, skal byggje på eit (og i nokre høve to eller fleire) av fem samarbeidsemne og kan vera av eitt av tre slag innsatstypar. Desse er stilt saman i tabellen nedanfor.

Tabell 3.16 *Samarbeidsemne, innsattypar og koplingar til andre EU-program i Interreg III C Nord*

SAMARBEIDSEMNE	med kopling til EU-program:
Emne a: erfaringsutveksling og spreing av gode resultat frå vellukka prosjekt ("best practice" og liknande).	Interregionalt samarbeid i samband med Mål 1- og Mål 2-område
Emne b: eksempel på samarbeid som knyter saman offentlege styresmakter eller liknande organ som er med i andre Interregprogram.	Interregionalt samarbeid i samband med Interregprogram
Emne c: åtgjerdene her kan dreia seg om å oppmuntra til konkret erfaringsutveksling og –overføring når det gjeld byplanar og utvikling av byar og bydelar, og spreing av prosjektidear og resultat frå prosjekt.	Interregionalt samarbeid i samband med byutvikling ("URBAN")
Emne d: dreiar seg om interregionalt samarbeid som lenkar saman regionar som arbeider i lag om dei tre emna som er tekne med i programmet for dei regionale innovasjonsåtgjerdene.	Interregionalt samarbeid i samband med EU-programmet for "innovative aktivitetar
Emne e: tiltak eller prosjekt på andre område kor det høver med interregionalt samarbeid som t.d. forskning, teknisk utvikling, små og mellomstore verksemdar, informasjonssamfunnet, turisme, kultur og sysselsetting, entreprenørskap og miljø.	Interregionalt samarbeid i samband med andre høvelege tiltak ³⁴
INNSATSOMRÅDE	som vert organisert som:
Type a: erfaringsutveksling om metodar og prosjektbasert verksemd i ei gruppe av regionar frå minst tre land der minst to må vera EU-land. Størsteparten av Interreg III C-prosjekta skal vera av dette slaget.	Regionalt rammeverksprogram ("Regional Framework Operation" – RFO")
Type b: einskildståande interregionale samarbeidsprosjekt mellom minst tre land derav minst to EU-land.	Individuelle samarbeidsprosjekt (ICO)
Type c: nettverkstiltak for å lenka saman regionar innan og utanfor EU om å utvikla metodar for utvikling og gjennomføring av prosjekt.	Nettverk (NW)

Programøkonomien

Då midtvegsevalueringa vart gjort, var ein av konklusjonane at bruken av strukturfondsmidlane var i god gjenge i Nord- og Aust-sonene medan dei to andre låg dårlegare an. Mælestaven var kor godt dei godkjende prosjekta høvde i forhold til dei rettleiande krava som stod i programdokumenta (CIP'en). Innsatsområde a (RFO) hadde 50-80 prosent av finansieringa, innsatsområde b (IP) hadde frå 10 til 30 prosent og nettverksområdet (NW) hadde mellom 10 og 20 prosent i sone Nord og Aust. Dei aktuelle tala går fram av tabellen nedanfor.

³⁴ Her vert det nemnd slike tiltak som m.a. maritimt og kystsonesamarbeid, forhold som har med romleg planlegging å gjera ("spatial planning issues"), samarbeid om emne som har å gjera med øyar og ultra-perifere strok å gjera, tryggingstiltak og opplegg for handtering av katastrofar og økonomiske løysingar i område som slit med ulemper som kjem av svært låg folketettleik eller høgfjellslokalisering.

Tabell 3.17 *Godkjende prosjekt og løyvingstakt for ERDF-midlane (fyrste utlysingsrunde)*

Nord: godkjende prosjekt i prosent av totale ERDF-løyvingar	RFO 3 808,000	61.1%
	ICO 660,107	10.6%
	NW 1 761,030	28.3%
Aust: godkjende prosjekt i prosent av totale ERDF-løyvingar	RFO 5 000,000	61.2%
	ICO 2 201,641	26.9%
	NW 968,000	11.8%
Sør: godkjende prosjekt i prosent av totale ERDF-løyvingar	RFO 3 141,348	26.0%
	ICO 5 010,897	41.5%
	NW 3 915,473	32.4%
Vest: godkjende prosjekt i prosent av totale ERDF-løyvingar	RFO 4 189,150	42.7%
	ICO 3 717,541	37.9%
	NW 1 898,471	19.4%
Alle sonene: godkjende prosjekt i prosent av totale ERDF-løyvingar	Totalt RFO 16 138,498	44.5%
	Totalt ICO 11 590,186	32.0%
	Totalt NW 8 542,974	23.6%
TOTALT	36 271,657	100.0%

Per 31.12.04 var 195 prosjekt godkjente i III C programma (per januar i år: 228 prosjekt). Framleis har ikkje alle sonene gjennomført den siste vedtaksrunden sin. Det vil truleg ikkje bli fleire utlysingar i III C – då midlane ser ut til å være oppbrukte allereie.

Per 31.12.04 var det godkjent 13 prosjekt med norske partnerar (15 per januar 2005). Berre eitt prosjekt har norsk hovudprosjektleiari. Dette kjem av at det vart vedteke – etter at fyrste utlysingsrunde var gjort – at Noreg ikkje kunne ha ei hovudprosjektleiarirolle i Interreg III C. I dei neste utlysingsrundane kunne norske partnerar berre vera såkalla ”funksjonelle hovudprosjektleiari” og ein partner frå eit av EU-land måtte vera ”finansiell hovudprosjektleiari”. Dette er ennå ikkje prøvd ut i praksis sidan norske partnerar berre inngår som vanlege partnerar i alle andre prosjekt.

Resultat midtvegs – og retninga vidare

Interreg III C kom seint i gong og dei aller fyrste prosjektutlysingane fann stad i perioden oktober 2002 til januar 2003. Det seier seg sjølv at det knapt var mogeleg å venta seg at det skulle ligga føre konkrete, handfaste resultat av prosjektverksemda då ”midtvegsgranskarane” dukka opp sumaren og hausten 2003. Sidan midtvegsevalueringa tok for seg alle dei fire sonene meir eller mindre under eitt, så er det ikkje mange plassane at rapporten omtalar eller gjer tilrådingar som gjeld berre for sone Nord. Det står at ein av tidsnaud diverre ikkje kunne intervju nokon frå fellessekretariatet for Nord, men samstundes er ei tilråding at dei tre andre sonene bør tenkja over om dei ikkje kan forenkla iverksetjingsstrukturane sine ved å slå saman overvaksings- og styringskomitéfunksjonane sine slik som Nord har gjort. Ei anna tilråding går på at Nord- og Aust-sonene bør overvega å byggje opp ein ”virtuell transnasjonal struktur” som gjer det mogeleg å få til raske og uformelle konsultasjonar mellom medlemsland i spørsmål som har å gjera med iverksetjingsaker. Mykje av dei konkrete og soneretta tilrådingane gjeld elles Sør-sona som det let til har hatt store oppstartingsproblem.

Koplingar og forankring: tilhøvet til statleg sektorpolitikk og regionale utviklingsprogram

Rapporten frå midtvegsevalueringa gjev ingen direkte opplysningar som kan brukast til å kaste ljøs over dette emnet. Men det går fram at dei norske medlemmane av overvakingskomitéen, som og har funksjonen som styringskomité, og såleis er det organet som vel ut og godkjenner prosjektsøknader, sit i posisjonar som gjer at dei har dei kunnskapane om norsk regional- og sektorpolitikk som trengs for både å sikra at prosjekta har god regional forankring, og tilfredsstillande koplingar til dei relevante delane av den norske sektorpolitikken.


På norsk side er det oppretta ein felles, nasjonal underkomité ("National sub-committee") med to deltakarar kvar frå Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet og to deltakarar frå landsdelsorganisasjonane Vestlandsrådet, Austlandssamarbeidet og Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag. Dessutan har Sør-Trøndelag ein plass i komitéen. Andre departement vert inviterte til komitémøta når det trengst. Denne komitéen – eller referansegruppa som han og kallast - arbeider i høve til alle Interreg III B og C-programma. Komitéen driv saksførebuing og prosjekthandsaming i førekant av møta i vedtaksgruppa ("beslutsgruppen") og styringskomitéane. Gruppa gjev innstilling frå norsk side om vedtak (det vil seia om den norske posisjonen) på alle prosjektsøknadar og sit dermed godt plassert i ein posisjon som gjer at ein har oversikt over prosjekta sin innretning og plassering i høve til nasjonale mål som er nedfelt i norske sektorplanar og politikkområde.

4 Utvalde Interregprosjekt med norsk deltaking

4.1 Norsk deltaking i dei ulike programma

Noreg deltek per april 2005 i vel tre hundre prosjekt i dei sju Interreg-programma. Omfanget av prosjektdeltaking var størst i A-programma, med 213, 80 i B-programma og 12 i C-programma. Dette gjeld tal prosjekt, og ikkje økonomiske rammer. Prosjekta kan vera av svært ulik storleik, til dømes er det nokre prosjekt innanfor både Nordsjøprogrammet og Austersjøprogrammet som er svært store når det gjeld økonomisk ramme, medan andre prosjekt er små. Dette gjeld alle programma, men det er likevel slik at nokre program i større grad enn andre har store prosjekt.

Figur 4.1 *Oversikt over prosjektomfang og norsk deltaking i Interreg-prosjekt*



4.2 Rednings samarbeid



Prosjektet var ein del av Kolarctic-delprogrammet under Interreg NORD, og var eit samarbeid mellom Noreg, Sverige, Finland og Russland. Området prosjektet opererte innanfor var såleis Barentsregionen, med alle som er involverte i redningstenesta i regionen som målgruppe.

Prosjektet starta i. desember 2002 og vart avslutta 31. desember 2004. Prosjektet er med andre ord avslutta i tråd

med planen. Men det er søkt om og løyva midlar til eit oppfølgingsprosjekt i 2005.

Samla økonomisk ramme for heile prosjektet var på 3,7 millionar norske kroner. Den norske delen utgjorde om lag 500.000 kroner av denne summen. Prosjektet vart leia frå Sverige, med Länsstyrelsen i Norrbottens län som hovudprosjektleiar.

Hovudredningssentralen Nord-Noreg er ansvarleg for rapportering/rekneskap for dei norske prosjektmidlane. Prosjektet hadde nok ressursar til at prosjektstyringa har vore god. Prosjektleiar på norsk side: Anne Gundersen, epost: ahg@jrcc-bodoe.no

Målsetjinga med prosjektet

Prosjektet tok sikte på å utvikle samarbeid mellom redningstenestene på Nordkalotten og i Nordvest-Russland for å komma til møtes omsynet til førebyggjande tiltak og raskare handtering av ulykker. Norsk partner var Hovudredningssentralen Nord-Noreg i Bodø. Andre sentrale norske partnerar var Austfinnmark politidistrikt, Troms politidistrikt, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og Luftambulansen ANS.

Resultat frå prosjektet

Kva er så resultatata frå prosjektet – oppsummert eit par korte veker etter prosjektslutt, og før endeleg rapport frå prosjektet er skrive? Jo, dei er som følgjer:

Prosjektet har gjeve deltakarane røynsle med såkalla "Task Force (TF)" – grupper samansett av to personar frå kvart deltakarland. I alt var det tre slike grupper. TF-gruppene fekk tildelt målsetjing og mandat, der TF1 såg på moglege felles utdanning av blant anna skadestadsleiarar, og deltakarane i den gruppa gjennomførte også eit pilotprosjekt på dette med deltaking frå alle fire land

TF2 hadde som oppgåve å sjå på felles øvingar og deltok på ei felles øving mellom Finland og Russland. Gruppa kartla også tilgjengelege ressursar for redningsteneste i heile Barentsregionen

TF3 hadde som oppgåve å sjå på dei juridiske aspekta ved slikt samarbeid over grensene, og la fram forslag til ein ny, multilateral avtale mellom land. Detaljar vedkomande alt dette er å finne på www.beac.st

Det vil bli utarbeidd ein rapport som presenterer oppnådde resultat i perioden, og planar for 2005 og framover

Sluttrapporten (under utarbeiding) vil koma med tilrådingar for korleis dei oppnådde resultatata skal brukast i framtida.

Prosjektet har gått etter planane, og problema undervegs har ikkje vore større enn at dei har late seg løyse på ein brukande måte. Dei utfordringane som har vore dei vanskelegaste å takle, er avstandar, ulik administrativ kultur og språk. Prosjektet har elles erfart at det er svært viktig å ha nok tid å setja av til slikt samarbeid, og ha god nok økonomi til å kunna forskottere kostnader. Vidare er det også viktig å ha kunnskap om språk og samfunn, til dømes regelverk og byråkrati, i landet/-a der samarbeidspartnarane er. Å ha tidlegare erfaring med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid, og gamle kontaktar i samarbeidslandet er ikkje så viktig som tid og økonomi. Kva storleik organisasjonen har, det vil seia om den kan vera for liten til å klare å inngå i samarbeid, tyder lite.

Vegen vidare etter prosjektslutt vil vera avhengig av tilleggsmidlar, men samarbeidet mellom land vil halde fram, sjølv om møtefrekvens osb. vil vera avhengig av budsjetta til enkeltetatar i dei fire land.

Kva nytte sit Noreg igjen med etter dette samarbeidet?

Jo, det er slikt som å ha blitt kjend med nye finansieringskjelder og regelverk, fått røymsler med å arbeide i store prosjekt, med å møta og læra seg andre administrative rutinar. Samarbeidet har vidare gjeve erfaring i å tenkje nytt, løyse problem på nye måtar og å sjå verdien av samarbeid. Det har også vist at Noreg har spesialkompetanse på ulike fagfelt som er viktige i grenseregionalt samarbeid, og norske deltakarar kan medverke med vesentlege erfaringar i samarbeidet.

4.3 Selen – vår felles ressurs



Prosjektet er eit prosjekt under Interreg III A Kvarken-MidtSkandia, og er eit samarbeid mellom Finland, Sverige og Noreg. Området prosjektet opererer innanfor er kystområda i Kvarken (Sverige og Finland) og kystområdet på Helgeland i Nordland.

Prosjektet blir leia av Kvarkenrådet. Norsk prosjekteigar er Nordland fylkeskommune. Andre viktige partnarar er Länsstyrelsen i Västerbottens län, Länsstyrelsen i Västernorrlands län, Österbottens län, Innovasjon Noreg/Fiskeridepartementet og Noregs Råfisklag. Prosjektet starta som

planlagt i oktober 2003 og blir i følge planen avslutta i desember 2005.

Prosjektet er finansiert av Kvarkenrådet/Nordisk Ministerråd, Länsstyrelsen i Västerbotten, Länsstyrelsen i Västernorrland, Österbottens Förbund, Jord- og skogbruksministeriet i Sverige, og Innovasjon Noreg, Nordland fylkeskommune, Noregs Råfisklag og norske statlege Interreg-midlar i Noreg. Samla ramme for prosjektet er 6,75

millionar kroner, der den norske delen utgjer 2,55 millionar kroner. Prosjektet disponerer årleg eit halvt årsverk i Noreg.

Målsetjinga for prosjektet

Målet med prosjektet er å gjenskapa ein økologisk forvaltning av selbestanden, og med det skapa føresetnader for å utnytte selen som ressurs. Tradisjonelt har sel vore ein ressurs for folk som bur langsmed kystane, både i Kvarkenområdet og på Helgeland. Jaktforbodet dei siste åra har gjort at mengda av sel har auka og blitt eit problem for fiskerinæringa. Prosjektet sitt knutepunkt er eit selsenter – som skal fungere som eit forum for å konkretisere mål og nå fram til ei normal forvaltning, i tillegg til å auka samverket mellom organisasjonar og styresmakter.

Prosjektet består av følgjande deler:

- Kunnskapsinsamling og dokumentasjon – bakgrunnskunnskap og selrelaterte spørsmålsstillingar
- Erfaringsutbyte – betre samverke og utbyte av erfaringar og kunnskap
- Informasjon og formidling – informasjon og utdanning som er tilgjengeleg for interesserte og allmenta
- Marknadsføring og produktutvikling – stimulere ei produktutvikling, og meir effektiv marknadsføring og sel og selprodukt
- Selsenter - etablere eit forum på internett for informasjon, erfaringsutveking og marknadsføring i selspørsmål innanfor Kvarken-MidtSkandia

Målgruppa til prosjektet er kystfiskarar, kokkar, seljegarar, styresmakter, fiskeriforvaltning, naturforvaltning, organisasjonar for jakt, miljøorganisasjonar, handverkarar, allmenta, seltilknytte verksemder som garveri, selskinnsaum, seloljeproducentar, vidareforedling av kjøt, reiselivsverksemder.

Resultat så langt

Beinveges, direkte prosjektresultat har vore:

- fleire samarbeid innan verksemder, produktutvikling av sel som ressurs
- kokkar og opplæring i tilstelling av selkjøt som mat
- jegerar og opplæring om jakt og om å ta vare på selen som ressurs
- forvaltning gjennom møte mellom nasjonale og regionale selforvaltarar
- reiskapsutvikling ved møter mellom verksemder i alle land
- produktutvikling av nye selprodukt og nye designvariantar

Målgrupperesultat, eller resultat som er viktige for brukargrupper har vore:

- kokkeutdanning
- jegerutdanning
- saum og designutdanning
- utstillingar av produkt produsert under prosjektet

Verknader, eller effekter i høve til omgjevnaden og regionen har vore:

- forvaltartreff med harmonisering av regelverka i dei tre land

- WEB-portal på tre språk
- felles litteratursøk
- messer og utstillingar
- kartlegging av verksemder og erfaringsutveksling mellom dei.

Dessutan har ein utarbeidd mye felles opplærings- og informasjonsmateriale: årlege ”infoblad”, brosjyre, handbøker i selskinnsaum, i korleis ta vare på ressursen, utstillingskatalog, postarar, postkort Ei kokebok er under arbeid.

Av uventa resultat for prosjektarbeidarane er den store nasjonale interessa for arbeidet det har vore både i Finland og Noreg. Prosjektleiarene er med i utvikling av ein nasjonal forvaltingsplan i Finland, og i Noreg ønskjer styresmaktene å samarbeide med prosjektet på nasjonalt plan. Fiskeridepartementet etterspør til dømes informasjonsmateriale til eige bruk.

Interreg sitt bidrag til prosjektet

Det er vanskeleg å seia om prosjektet ville blitt gjennomført utan Interreg-midlar, og prosjektarbeidarane opplever det også vanskeleg å seia om prosjektet vil bli vidareført utan slike midlar. Ei løysing kan bli at det lever vidare som nasjonalt prosjekt i kvart enkelt land.

Prosjektet har ikkje hatt større vanskar i gjennomføringsfasen enn at dei har lete seg løyse på ein brukbar måte. Avstand er det som har vorte opplevd som den største vansken. Erfaringar som prosjektet sit igjen med no, er framfor alt at organisasjonen bør ha god økonomi og midlar til å forskottere kostnader, og at det bør setjast av tid til å utvikle og drive samarbeidet, slikt tek mykje tid. I tillegg er det svært viktig å ha kontaktar i andre land innanfor det området ein ønskjer å utvikle samarbeid. Om organisasjonen er liten eller stor betyr ikkje så mykje, og er ikkje avgjerande for å kunna drive grenseregionalt samarbeid. Kunnskap om språk og samfunn i samarbeidslandet, til dømes om regelverk og byråkrati, eller tidlegare røymsler med grenseregionalt samarbeid er heller ikkje store hindringar for samarbeid. Derimot blir det peika på at det må vera eit behov for grenseoverskridande samarbeid, det har lite for seg å driva med ”konstruerte” prosjekt.

Prosjektet har ført til kjennskap med nye finansieringskjelder og eit nytt regelverk, det har gjeve erfaring med å arbeide i store prosjekt og å innretta seg etter andre administrative rutinar. Samarbeidet har kravd mange reiser, men mykje av kontakten har og gått føre seg via e-post.

Nytteverdi

Samarbeid med Finland og Sverige om eit prosjekt for forvaltning og utvikling av selressursar har til dels vore ein prosess der Noreg har monaleg meir røymsle enn granneland. Men samtidig gjev det at Finland og Sverige er med Noreg ein sterk legitimitet i høve til arbeidet og målsetjingane som finst innanfor dette feltet her i landet. Samarbeidet kan og medverke til å gjera arbeidet med slike kontroversielle problemstillingar enklare – ikkje minst innan EU.

4.4 Grenselaus kunnskap II

Grenselaus kunnskap II er eit samarbeidsprosjekt mellom forskings- og utdanningsinstitusjonar i Jämtland og Nord- og Sør-Trøndelag. Det er eit prosjekt innanfor Interreg IIIA Sverige-Noreg. Prosjektet var eit framhald av eit tidlegare prosjekt, som fekk støtte frå Interreg II, og vart gjennomført i perioden 1998 - 2000. Noreg og Sverige er dei einaste deltakarland i prosjektet.

Føremålet med prosjektet er grenseoverskridande forskings- og kompetanseutvikling.

Prosjektet starta i januar 2001 og vart avslutta i desember 2003. Økonomisk ramme for prosjektet er 3,4 millionar norske kroner, der den norske delen utgjer vel 1,8 millionar kroner. Prosjektet har svensk hovudprosjektleiar, - Mitthögskolan, Östersund, Institutionen för naturvetenskap og Institutionen för samhällsvetenskap og norsk prosjektleiar er Senter for bygdeforskning i Trondheim. Andre deltakarar er: NTNU i Trondheim, ved Program for industriell økologi, Høgskolen i Nord-Trøndelag og Nord-Trøndelagsforskning, begge i Steinkjer.

Prosjektet hadde 0,3 årsverk i alt, og 0,2 av dette gjekk til koordinering. Det synte seg at dette var for små ressursar til koordineringsoppgåvene.

Målsetjing med prosjektet

Prosjektet må sjåast i samanheng med del I som føregjekk 1998-2000. Hovudføremålet med det samla prosjektet var å heva kompetansen i forskingsmiljøa i grenseregionen Jämtland/Trøndelag innanfor forskingsområda miljøteknologi og bygdeutvikling/sosial økonomi. Den meir spesifikke målsetjinga med del II av prosjektet var å gjere det mogeleg for dei åtte doktorgradsstipendiatane å gjere seg ferdige med doktorgradsstudiane sine. Det var også eit viktig mål å utføre forskning i samarbeid med og om problem som var relevante for aktuelle brukarar i regionen. På kvart av dei åtte doktorgradsprojekta var det såleis knytt til brukargrupper.

Målgrupper

Brukarane var knytt til dei åtte doktorgradsprojekta. På fire doktorgradsprosjekt på trøndersk/norsk side var dei viktigaste brukarane: Trondheim kommune, Trondheim Renholdsverk, Norsk Resirk, Fylkesmannen si landbruksavdeling i Nord-Trøndelag, Skånaliseter Gårdsysteri, Steinkjer kommune og Verdal kommune. Med andre ord var både verksemder og offentlege institusjonar så vel brukarar som målgruppe for prosjektet.

"Grenseløs kunnskap" kommer til anvendelse

Interreg-prosjektet "Grenseløs Kunnskap" er nylig blitt avsluttet. Prosjektet har resultert i nyttig nettverkssamarbeid mellom forskning, næringsliv, organisasjoner og myndigheter i Trøndelag og Jämtland. Bl.a. er det utviklet og gjennomført bygde-rettea fjernundervisningskurs støttet av informasjons- og kommunikasjonsteknologi med deltakere fra Trøndelag og Jämtland. Videre er det gjort omfattende forskning innenfor rammen av åtte doktorgradsprojekter på temaområdene miljøteknologi og bygdeutvikling. Data fra deltakende bedrifter, organisasjoner og myndigheter har blitt samlet, analysert og presentert for deltakerne, både enkeltvis og samlet.

Som avslutning arrangerte Grenseløs Kunnskap et felles seminar for forskerne og brukere i Duved 18. og 19. november 2003. Brukerne som deltok på seminaret uttrykte at de hadde fått verdifulle ideer til sin egen virksomhet fra foredragene på seminaret, fra sitt og øvrige fagområder og fra begge land representert i prosjektet.

På svensk side har prosjektet blitt ledet av Mitthögskolan, på norsk side av Norsk senter for bygdeforskning. Prosjektet har gått over 6 år og har hatt et budsjett på over 18 mill. kroner, det meste fra Interreg II og Interreg III.

Bygdeforsker Magnar Forbord var den første av doktorgradsstudentene på prosjektet som disputerte.

(frå heimesida til Senter for Bygdeforskning)

I følge prosjektet er dette det fyrste, og til no det einaste, grenseroverskridande doktorgradsprosjektet i EU/EØS-området.

Resultat så langt

- to doktorgradsavhandlingar er leverte inn til kommisjonane
- ein open doktordisputas er halden
- det er arrangert to sluttseminar i førekant av at doktorgradsavhandlingane var sende inn
- det er halde to licentiatseminar
- eit felles brukarseminar på prosjektet er arrangert
- det har vore fleire brukarseminar på dei enkelte doktorgradsprojekta
- meir enn ti vitenskaplege artiklar ('papers') er presenterte på internasjonale forskingskonferansar
- meir enn fem internasjonale vitenskaplege artiklar er levert inn for publisering
- fleire populærformidlingar og presseoppslag regionalt og nasjonalt
- 10 nye interregionale nettverk er bygde opp, i fyrste rekkje mellom det enkelte doktorgradsprosjektet og brukarane
- det er utvikla av ei viss gjensidig orientering og forståing samfunnsforskarar – natur/tekniske forskarar imellom under prosjekttida. Prosjektet har og hatt noko å seia for at Mitthögskolan frå 1.1.2005 har fått status som universitet
- eitt grensehinder er eliminert: samarbeidet mellom NTNU og Mitthögskolan om doktorgradsutdanning og justering av reglar i samband med det
- 7 av dei 8 stipendiatane arbeider framleis i grenseregionen, og prosjektet har medverka til at alle i stor grad har auka sin kompetanse til å utvikle, driva og formidle forskning. Dette har medverka til å auka alle dei fem deltakande partnarane sin attraktivitet som forskingsinstitusjonar og utvida deira internasjonale nettverk, dette er kanskje det viktigaste resultatet frå prosjektet
- det har skjedd direkte miljøforbetringar i regionen – dette gjeld serleg dei fire doktorgradsprojekta på miljøteknologifeltet.

Prosjektet ville nok ikkje blitt gjennomført utan tilgangen på Interreg-midlar. Prosjektleiariar veit heller ikkje om prosjektet kan bli vidareført utan Interreg-finansiering i neste programperiode.

Prosjektet har møtt problem undervegs, men desse har lete seg løyse på ein brukbar måte. Dei problema som har vore vanskelegast å takle, er blant anna knytt til finansiering. Men det er og det at prosjektet var langvarig og svært komplekst, serleg i periode I (1998-2000). Det var eit problem at prosjektet galdt forskning, medan Interreg, og då serleg Interreg II - i mindre grad Interreg III – la mest vekt på utvikling, og mindre på forskning. Interreg har også særdeles tungvinte og komplekse krav knytt til budsjett og finansiering. I følge den norsk prosjektleiaren gjekk "irriterende mye tid med til å lage, revidere og følge opp budsjetter." Men, legg prosjektleiariar til, "Gitt dette, gjorde saksbehandlarne på Interreg III en god jobb."

Ressursane i prosjektet har blitt brukte optimalt. Ei erfaring er at Interreg-samarbeid krev tid, og at organisasjonen bør setja av tid til å utvikle og drive samarbeidet. Det er også viktig å ha kontaktar i det landet ein ønskjer å samarbeide med. Noko mindre viktig er det å ha kunnskap om språk og samfunn i samarbeidslandet, ha økonomi til å forskottere

kostnader, og prosjektleiar er berre delvis samd i at slikt samarbeid ikkje passar for ein liten organisasjon. Det er heller ikkje spesielt viktig med tidlegare røynsle med grenseoverskridande samarbeid. Derimot er det viktig med erfaring i prosjektarbeid og prosjektleiing, i å ta kontakt med relevante personar i offentlege organisasjonar, eller med politikarar i regionen. Og det er viktig med god skriftleg formuleringsevne, og å ha tolmod.

Kva har Interregprogrammet hatt å seia for dette prosjektet?

Interreg-deltakinga har gitt kjennskap til nye finansieringskjelder og regelverk, å arbeide i eit stort prosjekt, og i dette tilfellet eit komplekst prosjekt. Dette kan sjølvstøtt lærast utan å delta i Interreg-samarbeid, men her var det Interreg-programmet som gjorde dette mogeleg. Vidare har det ført til kunnskap om andre administrative rutinar, og det har gjeve erfaring i at grenseregionalt samarbeid er slitsamt og arbeidskrevjande, men og svært gjevande og spennande fagleg, og ikkje minst har det vore personleg utviklande.

Verdien av å møte det ukjende eller uventa har for dette prosjektet lege i det å tenkje nytt, og å oppleva verdien og gleda ved samarbeid, men og at samarbeid ikkje er gratis, og at det må komma noko meiningsfylt ut at det, fordi pengar til samarbeidet er ikkje alt.

For Noreg er det viktig å delta i slikt samarbeid, fordi Noreg har spesialkompetanse på ulike fagfelt som er viktige i grenseregionalt samarbeid. Vidare er det viktig å eksportere våre arbeidsmåtar og våre erfaringar med grenseoverskridande samarbeid, og Noreg har vesentlege ressursar å setja inn i slikt arbeid, meiner prosjektleiaren.

4.5 GAPTA – sørsamiske drakter i Noreg og Sverige³⁵



GAPTA var eit prosjekt i det samiske innsatsområdet i Interreg III A Sverige-Noreg. Prosjektet arbeidde med å dokumentere den sørsamiske drakta, både i Sverige og Noreg. Prosjektet var eit samarbeid mellom Gaaltje – sørsamisk kultursenter i Östersund og Saemien Sijte – sørsamisk museum og kultursenter i Snåsa. Prosjektet har hatt svensk prosjektleiar, og samla økonomisk ramme var på vel 1,3 millionar norske kroner.

Prosjektet starta 1. januar 2003 og vart avslutta 30. juni 2004, og følgde dermed prosjektplanen.

Andre sentrale deltakarar i samarbeidet var Duodjeinstitutta, Rørosmuseum og Jämtlands Läns Museum. I Noreg var arbeidsområdet for prosjektet Sør- og Nord-Trøndelag,

³⁵ Gapta, sørsamisk drakt, Frå Gapta-prosjektet si utstilling på Rørosmuseum, 2004. Foto: GAPTA-prosjektet.

i Sverige Jämtland, Härjedalen og Södra Västerbotten. Målgruppa var samane på begge sider av grensa, men og folk flest i grensetraktene.

Prosjektet hadde sin bakgrunn i arbeidet til ei samisk dokumentasjonsgruppe ved Jämtlands läns museum, som i ei årrekke arbeide med dokumentasjon av den sørsamiske drakta, først og fremst innanfor Jämtlands län. Ved prosjektstart var likevel ikkje dette materialet på langt nær fullstendig, og det var trong for eit framhald av det arbeidet som var gjort. Ved starten av Interreg III A vart det såleis foreslått å utarbeida eit draktprosjekt, og at dette skulle vera eit samarbeid mellom sørsamiske miljø i Sverige og Noreg.

Prosjektet hadde to stillingar på heiltid i løpet av arbeidsperioden.

Resultata frå prosjektet

- Rapport
- Kurs
- Utstilling med plakat og folder
- Samla terminologi (sørsamisk saum av drakt)
- Nettverket mellom samiske utøvarar er styrka og utvida
- Noko har medverka med kunnskap, nokon har mottatt kunnskap
- Stor interesse for kurs, mange deltakarar

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Prosjektet kunne ikkje vore gjennomført utan støtte frå Interreg-programmet, og det kan heller ikkje bli vidareført utan slik støtte. Prosjektet har ikkje hatt større vanskar under gjennomføringa enn at desse let seg løyse. Det største problemet var tid, at det meste tek lengre tid enn forventa. Å ha rikeleg med tid til prosjektarbeid er vesentleg for å kunne drive samarbeid, det same er det å ha kontaktar i det landet ein ønskjer å finne samarbeidspartnarar i. Men det er også svært viktig å ha god økonomi, slik at organisasjonen har høve til å forskottere utlegg. Kunnskap om språk og samfunnsforhold i samarbeidande land er også viktig, men ikkje så viktig som dei førnemnde tilhøva. Derimot er det ingen krav om å vera ein stor organisasjon for å kunne makte eit slikt samarbeid, og det krevst heller ikkje tidlegare røynsle med grenseoverskridande samarbeid for å kunne gå inn i eit samarbeidsprosjekt som dette.

Nytteverdien

Noko av det nyttige som prosjektet førte til var kjennskap til og kunnskap om nye finansieringskjelder og nye regelverk. Prosjektet hadde og som resultat at deltakarane lærte å tenkje nytt, løyse problem på nye måtar og sjå verdien av samarbeid. Prosjektdeltakarane opplever det og som viktig å kunne overføra erfaringar med sin arbeidsmåte og sine erfaringar med grenseoverskridande samarbeid³⁶, til andre.

³⁶ Vi bruker nemningane ”grenseoverskridande”, ”interregionalt” og ”grenseregionalt” litt laust i desse tekstane. Dei er meint å skildra det same ”fenomenet”.

4.6 Persika

PERSIKA er eit prosjekt innanfor Interreg III A Sverige-Noreg programmet, området Indre Skandinavia. Det handlar om skuleutvikling i samarbeid med andre kommunar og skular. Målet med prosjektet er å styrke entreprenørverven for på sikt å auka talet på folk som vil starta eigne bedrifter eller verksemdar. Gjennom å oppmuntre til kreativitet og initiativrikdom, gje rom for å vera annleis, og inspirere unge menneske til å tenkje ”eigne tankar” i staden for å velja opptrakka spor vonar prosjektet å nå målsettingane sine. Det handlar med andre ord om å vera viljug til å ta ansvar og medverka til utvikling.

Målsetjing med prosjektet


Prosjektet heiter PERSIKA, fordi frukta – fersken – er ein veldig god måte å skildre dei eigenskapane eit aktivt, skapande og tiltaksamt menneske har. Frukta har eit mjukt, men haldbart ytre, med eit smakfullt og saftig fruktkjøt og ei hard og sterk kjerne. PERSIKA står elles for: Problemløysande, Erfaringsøkjande, Risikoviljug, Skapande, Initiativrik, Kreativ og Ansvarleg – noko som samla uttrykkjer eigenskapar som er viktige for prosjektet.

Prosjektet starta i januar 2002 og vart avslutta i desember år 2004. Samla økonomisk ramme for prosjektet var på vel 13 millionar kroner, der norsk del utgjer 6,6 millionar. På svensk side blir prosjektet finansiert med 50 prosent frå EU, 30 prosent frå Region Värmland, Länsstyrelsen Värmland, Länsstyrelsen Dalarna og Landstinget i Dalarna. Dei siste 20 prosentane er finansiert av dei ni kommunane som inngår i prosjektet, åtte frå Värmland og ein frå Dalarna: Arvika, Filipstad, Forshaga, Grums, Karlstad, Kil, Kristinehamn, Malung, Sunne, Årjäng, Älvdalen. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med Noreg, som har tolv medverkande kommunar frå Hedmark, i tillegg til at fylkesmannen i Hedmark og Hedmark fylkeskommune deltek. Dei tolv kommunane er: Eidskog, Elverum, Grue, Hamar, Kongsvinger, Nord-Odal, Stor-Elvdal, Ringsaker, Sør-Odal, Våler og Åsnes. Prosjektet er avslutta i følgje prosjektplanen.

Forprosjektet ”Ungt Entreprenørskap” skapte forståing for entreprenørskap i skulane i Värmland, Dalarna og Hedmark. Det skapte innsikt om deltakarane sine skulesystem, arbeidsmetodar og pedagogikk. Hovudprosjektet arbeidde vidare på dette grunnlaget, og utvikla arbeidet med satsing på entreprenørskap i skulane i regionen.

Prosjektet har vore samansett av fire delar:

- Grenseoverskridande erfaringsutbyte
- Kompetanseutvikling
- Rettleing og trening
- Samverke mellom skule og nærmiljø



Resultat så langt

Det vorte gjennomført ei mengd aktivitetar i løpet av prosjektperioden. Dette har resultert i både ulike produkt og nye nettverk. Produkta er slik som rapportar, videoar, seminar, og dei nye nettverka er både lokale/regionale – mellom skular og næringsliv, og på tvers av landegrensene. Deltakarane har blitt kjende med konkrete konsept for å utvikle entreprenørskap i skulen, og med nye arbeids- og organiseringsmåtar for skulen.

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Ei erfaring er at prosjektet ikkje ville blitt gjennomført utan støtte frå Interreg--midlar. Men prosjektet har vist seg å ha "livsens rett", i meininga at det kan stå på egne bein også etter prosjektslutt, og utan nye midlar. Det har elles ikkje vore større problem i prosjektfasen enn at dei har late seg løysa på ein brukbar måte. Største vansken har vore avstandar, både for skulane og for dei einskilde deltakarane.

Å ha tid å setja av til å utvikle og drive samarbeidet er såleis svært avgjerande for eit godt resultat. God økonomi og høve til å kunne forskottere kostnader, og kunnskap om språk og samfunn i dei andre deltakarland er og viktig. Mindre viktig er det å ha tidlegare røynsle med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid, kontaktar i andre land, eller at organisasjonen bør vera av ein viss storleik for å kunne inngå i samarbeidet. Deltakarane i prosjektet vurderer elles erfaringane frå samarbeidet som svært gode, og understrekar at det er viktig at det ligg ei genuin interesse i å utvikle feltet i fellesskap med eit anna land i botnen av eit prosjekt som dette, og at prosjektmidlane ikkje blir oppfatta som ei kjelde til å dekke berre det ein sjølv har nytte av.

Nytteverdien av deltaking i prosjektet er knytt til ulike forhold; som det å bli kjend med nye finansieringskjelder og regelverk, å få erfaring med å arbeide i store prosjekt og å venja seg til andre administrative rutinar enn dei ein kjenner frå før. Og ikkje minst er det nyttig å lære nye arbeidsmåtar, og for Persika ligg det spesielt i det å utvikle entreprenørskap og lære nye måtar å organisere skulen på og arbeide innanfor den. Prosjektet har opna for å tenkje nytt, løyse problem på nye måtar og sjå verdien av samarbeid. Og prosjektet har vist at Noreg kan medverke med viktig kompetanse i grenseregionalt samarbeid, og at det er viktig å eksportere våre arbeidsmåtar og erfaringar med entreprenørretta arbeid innanfor skulen. Noreg kan dessutan medverke med vesentlege ressursar i eit slikt samarbeid.

4.7 GrenseTenesta i Morokulien

”GrenseTjænsten i Morokulien” er eit prosjekt innanfor Interreg III A Sverige – Noreg-programmet. Prosjektet er leia frå Sverige, og den norske deltakaren er Eidskog næringssservice KF. Målsetjinga med prosjektet er å oppretta ein forsøks- og utviklingsverksemd for profesjonell og samordna informasjons- og rådgjevingsverksemd som handsamar spørsmål omkring forsikring, toll, skatt, arbeidsformidling og andre saker som er relevante i grenseområda.

Prosjektet starta i byrjinga av januar 2003 og blir avslutta 30. september 2005. Samla økonomisk ramme for prosjektet er vel 1,7 millionar norske kroner, der den norske delen er i underkant av 840.000 kroner. I Noreg er Hedmark fylkeskommune, Eidskog kommune, Aetat Hedmark og ARKO-samarbeidet med i styringsgruppa. Frå svensk side deltek Eda kommune, AF-Expo og Länsstyrelsen i Värmland. Prosjektet er likevel ikkje avgrensa til området Hedmark-Värmland, men tek opp spørsmål og problemstillingar som er relevante for heile Noreg og Sverige.

Målsetjing med prosjektet

Prosjektet skal medverke til å gjera det lettare for næringslivet og for folk flest å operere på tvers av landegrensa mellom Noreg og Sverige, ved å blant anna kunne svare på spørsmål om toll, avgifter, arbeidsformidling og forsikring. Tenesta skal delvis vera fysisk lokalisert i grenseområdet Morokulien, men skal også kunna nåast med tilgang til internett og telefon. Føremålet er også å forme ein arbeidsorganisasjon som har kraft til å føre spørsmål vidare i systemet, dersom dei ikkje kan løysast lokalt. ARKO-samarbeidet som er ein av dei åtte grensregionale samarbeidsorganisasjonane som Nordisk Ministerråd delfinansierar, er ein sentral partnar i arbeidet.

Målgrupper

Målgruppene for prosjektet er næringslivet og ulike bedrifter, organisasjonar og personar som søker informasjon om, eller har problem knytt til, grenseoverskridande verksemd.

Nye prosjekter med vind i seilene

Publisert: 08.02.2005 av [Torkil Marsdal Hanssen](#)

Interreg-flaggskipet Morokulien var rammen rundt, da 30 personer fra åtte nye Interregprosjekter var samlet til oppstartseminar.

”Hensikten med seminaret var at lederne av prosjektene skulle få en innføring i Interregsekretariatets krav til rapportering av framdriften i prosjektene. All den tid de svensknorske prosjektene finansieres av offentlige ressurser, har storsamfunnet et selvsagt krav om at Interreg forvalter pengene etter viktige prinsipper. Slike prinsipper er åpenhet, effektivitet og upartiskhet”, sier rådgiver Erik Hagen i Hedmark fylkeskommunes Interregsekretariat.

Under møtet på Morokulien fikk aktørene bak de ulike prosjektene møte hverandre. I mange tilfeller kan de senere støtte hverandre i gjennomføringen av prosjektene. Samtidig var dette møtet en gyllen mulighet for aktørene i prosjektene til å møte Interregsekretariatet. ”Vi investerer i samfunnsutviklingen og delfinansierer i dag 68 norsk-svenske prosjekter med en samlet omsetning på 223 millioner kroner. Målene med det grenseoverskridende samarbeidet er bedre utdanning, større konkurransekraft i næringslivet, bedre infrastruktur, sunnere miljø, bedre helse og sterkere kulturliv og økt mellomfolkelig forståelse”, sier Erik Hagen.

Internettlink(er): [Mer på Hedmark fylkeskommunes nettsider](#)

Kontakt: [Erik Hagen](#) - tlf.: 62 54 44 36
- Mob: 95 20 52 96 -
erik.hagen@hedmark-f.kommune.no

Resultat så langt

Prosjektet starta opp som planlagt, det har prosjektleiar i heil stilling, der halve tida blir brukt til koordinering. Ressursane er tilstrekkelege for arbeidet som skal gjerast.

Den norske prosjektleiaren svarar at arbeidet berre delvis kunne blitt gjennomført utan Interreg-midlar. Prosjektet kan truleg heller ikkje stå på egne bein etter at midlane er oppbrukte, men vil nok trenge offentleg finansiering i ei eller anna form seinare også.

Det har vore vanskar for prosjektet undervegs, og dei har først og fremst vore knytt til finansiering. Midlane er likevel brukte optimalt.

Ved årsskiftet 2004-05 hadde over 20.000 personar vore i kontakt med GrenseTjånsten. Berre rundt tretti prosent av desse var frå Värmlands län eller dei norske grannefylka og tenesta har slik sett eit stort nedslagsfelt. Mange av "kundane" kjem mellom anna frå Osloregionen og Stockholm eller Malmö. Vel ein fjerdepart av kundane til informasjonssenteret sine kundar var folk frå næringslivet – frå større og mindre private verksemdar – og 80 prosent av dei var norske. Nesten tre av fire kontaktar er frå einskildpersonar som søker råd og rettleiing om tilhøva i nabolandet. Det vanlegaste er framleis at folk brukar telefonen, og det kan vera opptil 1000 som ringjer om dagen, men nettstaden til Grensetjånsten er og mykje brukt, ein har registrert over 2000 treffar per dag.

Ei anna viktig oppgåve for prosjektet har vore arbeidet med å løysa opp i grensehindringar. Og her kan prosjektet syna fleire konkrete resultat mellom slikt som raskare saksbehandling i Aetat og overføring av rettar når det gjeld sjukdom og dagpengar i Noreg.

Ei erfaring frå samarbeidet er at det er svært viktig å ha tidlegare kontaktar i det landet ein skal samarbeide med. Men ein bør også ha tidlegare røynsle med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid, og organisasjonen må ha god nok økonomi til å kunne forskottere dekking av kostnader. Og så må ein ha god tid til å driva samarbeidet. Mindre viktig er storleiken på organisasjonen, det har ikkje stort å seie for arbeidet om det er ein stor eller liten organisasjon som prøver seg på grenseregionalt samarbeid, begge kan klare det like godt, eller dårleg. Og kunnskap om språk og samfunn, til dømes regelverk og byråkrati i samarbeidslandet, har ikkje vore viktig for dette prosjektet. Det er kanskje ikkje noko å vera forundra over her, i og med at det er snakk om to område i to naboland med lange samarbeidstradisjonar.

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Prosjektet har gjort at ein er blitt kjend med nye finansieringskjelder og nye regelverk, har lært andre og uvande administrative rutinar og har lært seg nye arbeidsmåtar. Og her blir det konkretisert med å ha etablert løysingsorienterte nettverk som er til hjelp for sluttbrukarane av prosjektet, slik som Grenserådet og handtere ulike ad hoc-grupperingar frå sak til sak.

Interreg-samarbeidet har også med å møte det ukjende eller uventa, og for dette prosjektet har det medført å sjå verdien av samarbeid på tvers av grensene. Vidare opplever prosjektdeltakarane det som nyttig å kunne vere i førekanten av politikktutviklinga i EU, og at dette samarbeidet også er viktig for framtidig grenseregionalt samarbeid. Noreg har vesentlege ressursar å setja inn i slikt samarbeid.

I konkurranse med 135 andre grenseregionar i Europa kom GrenseTjånsten på ein imponerende tredjeplass i 2004 – prosjektet fekk altså bronsemedalje i øvinga grenseoverskridande samarbeid. Eit tysk/nederlandsk prosjekt vann, medan eit

finsk/russisk samarbeid kneip sølvmedaljen. Den nordiske samarbeidsministeren i Sverige – Berit Andnor – fortalte elles på det svensk-norska gränshindersseminariet i Strömstad i april i år at ”På nationell svensk sida anser vi att det vore olyckligt om verksamheten inte kunna fortsätta. Vi er därför beredda att från 2006 under en övergångsperiod bidra til GrenseTjänstens budget. Detta förutsätter emellertid också att övriga aktører bidrar. Jag er övertygad om att vi skall komma fram till en fungerande lösning!”

4.8 Kultivering av nordlege bær



”Domestication of Northern Berries” – kultivering av nordlege bærsortar – er eit forskings- og utviklingsprosjekt innanfor Nordleg periferiprogrammet. Prosjektet er leia frå Finland, av Universitetet i Kuopio, og i tillegg til Finland, er det med deltakarar frå Noreg, Skottland, Sverige og Russland.

Målsetjinga med prosjektet er kultivering av utvalde ville nordlege bær (Vaccinium,

Sorbus, Rubus) – blåbær, tytebær, molte og andre. Serleg er kultivering av molter aktuelt.

Prosjektet er treårig, det starta 1. juni 2002 og vil bli avslutta 31. mai 2005. Total økonomisk ramme for prosjektet er 958.750 euro. Dei norske midlane kjem frå statlege Interreg-midlar, i tillegg til at Troms, Nordland og Nord-Trøndelag fylkeskommunar også har gjeve tilskot til prosjektet. Det same har Planteforsk Holt, Andøytorv AS på Dverberg og Fossli AS i Stjørdal. Summane frå dei siste er små i høve til offentlege midlar, men er med på å utgjera ein del av prosjektmidlane likevel. Deltakarar i prosjektet elles er Scottish Crop Research Institute, Högskoleförbundet Östra Norrbotten, Maaseudun Yritypalvelut Oy, St. Petersburg State University. Andre norske deltakarar er Eggen gartneri i Fauske, Universitetet i Tromsø – Institutt for biologi, Norges landbrukshøgskule, tekniske fag og Enderund consulting, Dokka. I Noreg opererer prosjektet i Finnmark, Troms og Nordland.

Målsetjinga med prosjektet

Dei ulike forskingsinstitusjonane som deltek i prosjektet utfører ulike studiar av kultivering av nordlege bærsortar. Dette er samanliknande studiar som blir gjennomført uavhengig av lokalklima – til dømes blir det i Noreg gjennomført studiar i utvikling av plantemaskinar for bær. Finland gjennomfører studiar i gjenvinning av tidlegare torvmyrar, og i Skottland og Russland blir det gjennomført analysar og effektstudiar av bioaktive komponentar. I tillegg er det gjort parallelle kultiveringsstudiar med utvalde molteplanter, som er tilpassa dei ulike klimatiske tilhøva i deltakarland og –områda.

I kva grad prosjektet blir ein kommersiell suksess er i stor grad avhengig av kva omdømme eller ”image” bæra har. Om bæra blir oppfatta som positive for helsa til folk er blitt viktigare for fleire og fleire dei siste åra, og prosjektet tek omsyn til dette ved mellom anna å utvikla indikatorar som fortel kva slags føremonar det er med å eta nettopp desse bærsortane.

Målgrupper

Målgruppene for prosjektet er private bær dyrkarar og småplanteprodusentar som er mottakarar av utplantingsplanter og stiklingar av molter, torvindustrien som skal læra å rekultivere større torvareal med molter etter avtorving, og lokale maskinfirma/verkstader som skal produsere plantemaskinar for molteplanting.

Resultat så langt

Prosjektet starta noko forseinka i forhold til planane, det vil seie at første året gjekk tapt som dyrkingsår fordi prosjektet fekk sein melding om at midlane var løyvde. Prosjektet har små ressursar – 0,1 årsverk – til koordinering, og endå mindre til rekneskapsfunksjonar, og opplever dette som ein mangel.

Til no har prosjektet oppnådd resultat på ulike felt, slik som:

- føredrag og posters ved internasjonale seminar
- arrangert kurs for bær dyrkarar
- skapt nye nettverk og samarbeidsmønster, først og fremst til Høgskolan i Norrbotten
- opplevd uventa resultat som forskjellane mellom bær sortane sine evner til frøsetting ved bruk av humler under kontrollerte vilkår. Dette spelar ei rolle for den vidare sortsutviklinga av ville bær
- ferdig utvikla plantemaskin

Har det så vore problem i prosjektgjennomføringa? Ikkje større enn at dei har lete seg løyse på ein brukbar måte. Og dei vanskaner som har vore vanskelegaste å takle er slike som har med finansiering, ubalanse i partnerskapen og ulik administrativ kultur å gjera. Val av prosjektstad og prosjektleiar har også vore ei utfordring å takle i gjennomføringa. Ressursane i prosjektet har vorte brukte heller optimalt.

God økonomi eller god evne til å kunne forskottere kostnader og kunnskap om språk og samfunn, til dømes slikt som regelverk, tid å setje av til prosjektarbeidet og byråkrati i samarbeidslandet, er det den norske prosjektleiaren meiner er det viktigaste å oppfylle for å delta i eit Interreg-program. Mindre viktig er det å ha kontaktar i land ein ønskjer å opprette samarbeid med, og det er lite viktig å ha tidlegare røynsle med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid. Heller ikkje påstanden om at slikt samarbeid som dette ikkje høver for ein liten organisasjon er den norske partnaren samd i. Derimot er det viktig med basiskunnskap om prosjektinnhaldet, og spesielt at prosjektleiar har det. Her har prosjektet hatt dårleg erfaring frå samarbeidet med Finland.

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Jo, det er slikt som å bli kjend med nye finansieringskjelder og nye regelverk, å arbeide i store prosjekt og å læra seg å takle andre administrative rutinar. Men samarbeidet har ikkje ført til at den norske partnaren sit att med ei kjensle av at grenseregionalt samarbeid er slitsamt eller for arbeidskrevjande. Tvert i mot har ein lært å tenkje nytt, løyse problem på nye måtar og sjå verdien av samarbeid.

Ei erfaring er også at det er viktig å følgje med i det som skjer på regionalutviklingsfronten i EU, fordi dette innverkar på norsk regionalpolitikk, er viktig for framtidig grenseoverskridande samarbeid, men samstundes kan ein ikkje alltid vente at det gjev så mykje att, i alle fall ikkje på kort sikt. Men om vi ser samarbeid som ”eksport” av norske verdiar og erfaringar, så er samarbeidet viktig, fordi Noreg har spesialkompetanse på ulike fagfelt som er viktige i slikt grenseregionalt samarbeid. Dessutan kan Noreg skyta inn vesentlege ressursar i eit slikt samarbeid.

4.9 Naturbasert reiseliv



Prosjektet er ein del av Nordleg Periferi-programmet. Naturbasert reiseliv er ein ny turismesektor som har oppnådd vesentleg vekst dei siste åra. Definisjonen på denne forma for turisme eller reiseliv, er at den har naturen som basis for produktet, og at nærleik til og samband med naturen er hovudattraksjonen for dei som vitjar området -

turistane. Naturbasert reiseliv byr på moglegeheiter som andre former for reiseliv ikkje gjer, ikkje minst i Nordleg Periferi-regionen, og kan vera støtte til både verneinteresser og til det å skapa nye arbeidsplassar i regionen. Det er likevel viktig at utviklinga av sektoren må styrast på ein god måte, slik at ein kan sikre seg at veksten i turismen ikkje er til skade for sjølve produktet.

Prosjektet er treårig, det starta 1. januar 2004 og vil gå ut året 2006. Samla økonomisk ramme er snautt 1,5 millionar euro, der Noreg støttar med 750.000 euro. Prosjektet har norsk hovudprosjektleiari; Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag. Andre norske deltakarar er Nord-Trøndelag fylkeskommune. I tillegg deltek partnarar frå Sverige, Island og Skottland. Desse partnarane er: Vestfjordur utviklingsselskap, Luleå kommune, Sorsele kommune, Vindel elveforening, Scottish Natural Heritage, Visit Scotland og Highlands and Islands Enterprise.

Prosjektet rettar seg mot verksemder innan naturbasert reiseliv i Nordleg Periferi-området. Prosjektet starta som planlagt, det har prosjektleiari i full stilling der halvparten av årsverket blir brukt til å koordinere samarbeidet mellom dei ulike partnarane.

Målsetjingar for prosjektet

Prosjektet har tre hovudmål:

- Å utvikle ein modell for integrert marknadskunnskap om naturbasert reiseliv, for å kunne ha betre informert produktutvikling og høvelege marknadsføringsaktivitetar
- Å styrke dei miljømessige kvalitetane ved naturbasert reiseliv i regionen, og på denne måten støtte opp om ei berekraftig produktutvikling
- Å utvikle kunnskap, byggje nettverk og medverke til innovasjon og utvikling innanfor naturbasert reiseliv. Tanken er at eit transnasjonalt nettverk kan verke som ein ambassadør for heile regionen, og at det vil involvere eit vidt spekter av aktørar som kan arbeide for å styrke naturbasert reiseliv i regionen.

Resultata så langt

- Rapportar om marknaden
- Nettverk av verksemder både regionalt og internasjonalt

- Internasjonale og regionale samlingar i desse nettverka
- Nye produksamarbeid
- Heimeside på internett der tilboda blir presentert, www.naturebasedtourisme.net

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Svaret er at prosjektet ikkje kunne blitt gjennomført utan Interreg-midlar. Det er også usikkert om det kan stå på egne bein etter at prosjektmidlane er brukte. Det har ikkje vore større vanskar i prosjektet enn at dei har lete seg løyse på ein brukbar måte. Avstandane og mangel på tid er det som har vore største vanskane. Prosjektleiari oppsummerar elles med at tidlegare erfaring med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid er ein svært viktig kunnskapsbakgrunn for å gå i gang med eit prosjekt som dette. Men også kontaktar i land ein ønskjer å samarbeide med, og at organisasjonen har god økonomi slik at den kan forskottere utgifter er viktig. Det same er kunnskap om språk og samfunn – til dømes regelverk og byråkrati – i landet eller land der partane ein ønskjer å samarbeide med er, er viktig. Vidare er det ei erfaring at det er arbeidskrevjande for ein liten organisasjon å delta i eller drive eit slikt samarbeid.

Nytteverdien av deltaking i prosjektet er knytt til fleire ulike forhold, som det å bli kjend med nye finansieringskjelder og nye regelverk, og å få erfaring med å arbeide i store prosjekt. Prosjektdeltakinga har og ført til at deltakarane tenkjer nytt omkring prosjektet og samarbeidet, og ser i endå større grad verdien av samarbeid. Opplevinga av at Noreg kan medverke med vesentlege ressursar i slikt samarbeid er sterkt til stades.

4.10 Den nordlege maritime korridoren

”Northern Maritime Corridor” (NMC) er formelt sett to prosjekt, der det eine er innanfor Nordsjøprogrammet, og det andre innanfor Nordleg Periferi-programmet. Prosjekta har egne budsjett, og er organisert som to prosjekt innanfor kvart sitt program, med kvar sine prosjektleiari og organisatoriske rutinar. Geografisk dekkar dei kvar sine område. I Nordsjøprogrammet er Rogaland fylkeskommune hovudprosjektleiari, i Nordleg Periferiprogrammet er Landelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag hovudprosjektleiari.



Målsetjinga for prosjektet

Prosjekta har som sine fremste siktemål å gjera det enklare å utvikla ei sikker maritim rute frå Barentsregionen langs norskekysten og til hjartet av Europa. Følgjande emne er viktige innanfor prosjekta: utvikling av regionale maritime klynger, støtte til nærsjøfart, transport innanfor petroleums- og sjømatsektoren, og strategiar for risikohandtering. I Nord-Europa er utnyttinga av fornybare og ikkje-fornybare ressursar ein viktig del av næringslivet, og desse blir i stor grad konsumerte i dei sørlegare delane av Europa. Transporten av desse ressursane har skifta frå skipstransport til transport på vegar, noko som inneber fleire lastebilar og trailarar på vegane, og at vegar er ei utfordring i høve til berekraftig transport.

Prosjektet siktar mot å binda saman kystregionane rundt Nordsjøen og produksjonsindustrien i regionen med industriutviklinga i Barentsregionen. NMC-prosjektet siktar mot å flytta gods frå lastebilar til skip, redusere utnyttinga av vegnettet i Vest-Europa, forbetre effektiviteten på transportsystema som bind saman sjø, hav, jernbane og innanlands vassvegar. Målet er å forbetre konkurranseevna til den kystnære industrien i Nordsjøregionen og Nordleg periferi-regionen. Forventa resultat frå prosjektet er at det skal utviklast nye opplegg for transport og logistikk for transport av sjømat, nye maritime transportopplegg innanfor petroleumssektoren som tek omsyn til situasjonen i Nordsjøen og det som no er under utvikling i Barentshavet. Implementering og harmonisering av strategiar for risikohandtering for å ivareta ei berekraftig og trygg utvikling av den nordlege maritime korridoren er avgjerande. Til sist er det også ei målsetjing å etablere eit internasjonalt nettverk av klynger av maritime miljø i ulike regionar rundt dette store havområdet.

Prosjektet er firårig, det starta i. mars 2002 og vil gå ut år 2005.

Tabell 4.1 *Nykjeldata for dei to delane av prosjektet Nordleg maritim korridor*

Nordleg maritim korridor - Nordsjøprogrammet	Nordleg maritim korridor – Nordleg Periferiprogrammet
Samla økonomisk ramme er 3,077 millionar euro	Samla økonomisk ramme er 1,795 millionar euro.
Hovudprosjektlear: Rogaland fylkeskommune	Hovudprosjektlear: Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag.
Land som deltek: Noreg, Skottland, Nederland, Belgia, Tyskland.	Land som deltek: Noreg, Sverige, Færøyane, Island, Grønland, Russland og Skottland.
Viktige partnerar i prosjektet er: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Møre and Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Vest-Agder fylkeskommune, Aberdeenshire Council, City of Cuxhaven, Amsterdam Port Authority, Groningen Seaports, Provincie West-Vlaanderen.	Viktige partnerar i prosjektet er: Finnmark fylkeskommune, Troms fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Barentssekretariatet, Kommunförbundet Västerbotten, Nordisk Atlantsamarbeide (NORA) og Highlands & Islands Enterprise, Murmansk Oblast og Arkhangelsk Oblast.
Administrativ kapasitet: 5 årsverk Prosjektleiing: 1 årsverk 0,5 årsverk i til rekneskapsfunksjonar	Administrativ kapasitet: 3,5 årsverk i prosjektleiing, 5,5 årsverk til prosjektarbeid hos partnerane og eitt årsverk til rekneskapsfunksjonar.

Aktivitetar

NMC omfattar seks ulike løp:

- Regionale maritime klynger involverer etablering av ein regional arbeidsplan, tilsyn av regionale aktivitetar, og utvikling og iverksetjing av regionale strategiar og handlingsplan for aktivitetar frå alle prosjektpartnerane
- Støtte til nærsjøfart og utvikling av nye tenester innanfor NMC, og ei målsetjing om å skape eit fleksibelt sett av aktivitetar i ulike regionar, skreddarsydde til å møte auken i nærsjøfarten

- Sjømattransport og logistikk er den tredje aktiviteten, og her er analyse av noverande sjømatlogistikk vesentleg. Målet er å flytte transporten frå veg til maritim transport og å utvikle ein handlingsplan for korleis ein skal etablere ei sjøbasert teneste som stettar krava til sjømatindustrien
- Det fjerde prosjektelementet er sjøtransport innanfor petroleumssektoren, og den fokuserer på noverande og mulig framtidig situasjon med tanke på frakt av utstyr og leveranse med ulike transportmetodar, så vel som på miljømessige sider ved å flytta petroleumsrelatert gods frå biltransport til skipstransport
- Del fem er utvikling av ein berekraftig NMC og vil inkludere ei vurdering av kva endringar i risikoutsetjing utviklinga av NMC kan føre til, og kva slags strategiar for risikohandtering som må utviklast og setjast i verk
- Den siste delen er leiing og teknisk assistanse, som blant anna inkluderer marknadsføring av NMC-prosjektet, kontakt med offentlege styresmakter, informasjonsarbeid og kontakt med styresmakter for å setja resultatane av prosjektet ut i livet.

Resultat så langt

Nordsjø-programmet	Nordleg Periferi-programmet
Dokument, rapportar, slik som REoRo Relay Study, strategi for utvikling av olje og gass-sektoren i Nordvest-Russland, grenseregionale samarbeidsrapportar	13 konferansar/seminar
Rogaland og Hordaland fylkeskommunar har arrangert workshop om logistikk for sjømatsektoren – deltakarar frå forskning og industri	Om lag 40 rapportar 11 nye nettverk
Meldingsbrev, som for eksempel NMC newsletters for Aberdeenshire regionen	8 handlingsplanar for nye eller forbetra ruter
Nytt rutebåttilbod mellom Amsterdam og St. Petersburg.	
Arbeid for å etablere nytt rutebåttilbod i NMC-området - til og frå Groningen hamn.	
Arrangert fleire seminar, møte og konferansar om aktuelle spørsmål for prosjektet.	

Kva har Interreg-programma hatt å seia for desse prosjekta?

Prosjektet kunne ikkje blitt gjennomført utan støtte frå Interreg-programma, og det er tvilsamt om det kan vidareførast etter programslutt utan Interreg-midlar. Prosjektet har ikkje hatt større problem så langt enn at dei har lete seg løysa undervegs. Dei største utfordringane har vore knytt til ubalanse i partnerskapen og til ulik administrativ kultur.

På spørsmålet om kva krav ein organisasjon må fylle for å kunne delta i eit Interreg-program, er svaret tid – at samarbeid av det omfanget som det her er snakk om, er tidkrevjande. God økonomi og evne til å forskottere kostnader er og viktig. Å ha tidlegare erfaring med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid er også viktig, det same er kontaktar i land ein ønskjer å samarbeide med. Derimot er ikkje storleiken på organisa-

sjonen avgjerande, ein liten organisasjon kan like gjerne som ein stor organisasjon prøve seg på samarbeid som dette. Prosjektideen må vera god.

Nytte

Nytteverdien av prosjektet går på fleire ulike tilhøve, som det å bli kjend med nye finansieringskjelder og regelverk, arbeide i store prosjekt, læra seg til andre administrative rutinar, og det å lære nye arbeidsmåtar. Prosjektet har ført til at dei aktørane som deltek, tenkjer nytt, løyser problem på nye måtar og at dei har sett verdien av kva samarbeid over region- og landegrensar kan gje.

Prosjektsamarbeidet har også gitt høve til å følgje med på det som skjer på regional-utviklingsfronten i EU, noko som blir oppfatta som viktig fordi ein då kan vera à jour eller kan hende i førekant av EU sin politikktutvikling og planlegging. Det er ikkje minst viktig fordi det kan ha innverknad på norsk regionalpolitikk, og det er viktig for framtidig transnasjonalt og grenseregionalt samarbeid.

Overføringsverdien til andre prosjekt

Overføringsverdien til andre prosjekt er omfattande, og prosjektet har alt fleire gonger opplevd å ha blitt brukt som eksempel på transnasjonalt samarbeid. Her til lands blir det følgt av sju departement som er interesserte i resultatane, og det er det fyrste prosjektet som eigentleg er to delprosjekt som kvar for seg høyrer til og blir finansiert av to ulike Interreg-program. Også når det gjeld det omtalte emnet – tryggleik til sjøs – er det viktig, og av stor interesse i mange miljø og i fleire samanhengar. Både arbeidsmåte og emnet har interesse i ein langt vidare samanheng enn sjølve prosjektet.

4.11 RANE – ”Rock Art in Northern Europe” – eit samarbeidsprosjekt om bergskurd i Norden og Russland



RANE er eit prosjekt under Interreg III B Austersjø-programmet, med deltaking frå Sverige, Noreg, Danmark, Finland og Russland. Prosjektet blir leia frå Sverige, av länsadministrasjonen i Västra Götalands län.

Den rike førekomsten av bergkunst - helleristingar - som finst i dei nordiske land er bakgrunnen for prosjektet. Føremålet med prosjektet er å auke det regionale samarbeidet når det gjeld bergkunst i Norden, samstundes som prosjektet skal arbeide for betre dokumentasjon, vern og forvaltning av den felles kulturarven som bergkunsten er i dei nordiske land og Russland.

Prosjektet er treårig, det starta i juni 2002 og skal avsluttast i år. Total økonomisk ramme for prosjektet er 3.199.776 euro (ca 26 millionar norske kroner), og den norske delen er på 6,44 millionar norske kroner. Norske deltakarar er Finnmark fylkeskommune,

Sametinget, Alta museum, Tromsø museum/Universitetet i Tromsø, Flora kommune og Riksantikvaren. I tillegg deltek ni ulike partnerar frå Danmark, 28 frå Sverige, ein frå Finland og ein frå Russland. Russisk deltaking er finansiert ved hjelp av Tacis-midlar. Prosjektet starta og går som planlagt. Hos prosjektleiar – i Sverige – er det avsett til saman 4,5 årsverk. Hos partnerane er det avsett til saman 1,5 årsverk.

I prosjektet inngår ekspertar frå ulike felt, frå arkeologar og arkitektur til informasjonsarbeidarar og lærarar. Desse skal saman medverke med sin ekspertise. Eit viktig innslag i arbeidet er å auke kunnskapen og engasjementet om helleristingar hos lokalbefolkninga, grunneigarar, politikarar og skuleelevar.

Målgrupper

Målgruppene for prosjektet er forvaltingsstyresmaktene på ulike nivå, nasjonalt, regionalt og lokalt. I tillegg er reiselivsorganisasjonar, skular, universitet, museum og lokalhistoriske lag og foreiningar blant målgruppene. Og sist, men ikkje minst: den interesserte allmenta, politikarar og det lokale næringslivet.

Bergskurden er like gammal som mennesket, og ein av dei eldste kunstformene våre. Nokre av helleristingane uttrykkjer myter og tankar som er om lag 40.000 år gamle. Denne delen av kulturarven vår finst representert over heile verda, og serleg i Norden. Situasjonen for helleristingane er likevel ikkje uproblematisk, fleire stader er dei truga av forvitring og risikerer å forsvinne om nokre generasjonar om ingenting blir gjort no. Det er mange som viser stor interesse i å besøkje helleristingsfelt, og mykje av arbeidet innanfor RANE-prosjektet går ut på å utvikle helleristingsområda til attraktive turmål. Prosjektet siktar mellom anna mot å finne gode og berekraftige former for kulturturisme, men også til å medverke til å skapa ny kunnskap og nye metodar for å ta vare på bergskurden.

Prosjektet er samansett av fem arbeidspakkar. Desse omfattar: 1) opplæringsprogram – innan dokumentasjon, handtering av skadar, vern, guiding, 2) dokumentasjon, 3) forvaltning i forhold til reiseliv og vern, 4) informasjon og 5) utdanning – i forhold til skular, lokalsamfunn og politiske miljø.

Resultat så langt

- Ein har fått til eit stort tal dokumenterte og sikra bergkunstlokalitetar. Det er skriva rapportar og ein har arrangert fleire seminar og fagkonferansar. Det er produsert ein DVD og det er utvikla serlege skuleprogram. Fire databasar er bygde opp og seks heimesider er ”oppe og går” – sjå mellom anna www.rane-online.org
- Ein viktig del av prosjektet har vore arbeid med tilrettelegging og informasjon på bergkunstlokalitetane samstundes som ein har halde kurs i kurs i dokumentasjon og skadehandtering, og helde kurs for turistguidar. Ein annan del av prosjektet har gått ut på å designe og byggja opp informasjonssenter. Eitt slikt senter er allereie opna og det er gjort forstudiar for fem andre senter. Ein har og fått i gang fleire nye nettverk både av fagfolk og av andre interesserte. Desse nettverka er både transnasjonale, nasjonale og regionale
- Noko ein ikkje hadde venta seg på førehand, var at uventa samarbeidskonstellasjonar har vakse fram. Det er stor interesse og engasjement hos alle deltakande organisasjonar, men og stor internasjonal interesse, noko som kan leia til nye prosjekt. Partnerskapen arbeider no med å etablere nye prosjekt med mellom anna Portugal, Spania, England og Skottland. Prosjektet har og møtt på stor interesse frå massemedia.

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Svaret er at prosjektet nok kunne vorte gjennomført utan Interreg-programmet, men berre delvis, og altså ikkje i det omfanget det har i dag. Prosjektleiinga reknar også med at prosjektet kan halde fram etter at Interreg-finansieringa tek ein ende, men knappast i det omfanget som prosjektet har i dag. Det har elles ikkje vore større vanskar i gjennomføringa av prosjektet enn at dei har late seg løyse. Problema som har vore vanskelegast å løyse er slike som har si rot i ulik administrativ kultur og mangel på tid å avsetja til samarbeidet. Å ha tid å setja av til å utvikle og drive samarbeidet er såleis svært avgjerande for eit godt resultat. God økonomi og høve for å kunne forskottere kostnader, og kunnskap om språk og samfunn i dei andre deltakarland er og viktig. Mindre viktig er det å ha tidlegare røynsle med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid, kontaktar i andre land, eller at organisasjonen bør vera av ein viss storleik for å kunne inngå i samarbeidet. Deltakarane i prosjektet vurderer elles erfaringane frå samarbeidet som svært gode.

Nytteverdien av deltaking i prosjektet er knytt til ulike forhold; som det å bli kjend med nye finansieringskjelder og regelverk, å få erfaring med å arbeide i store prosjekt og å møta og læra seg til andre administrative rutinar enn dei ein kjenner frå før. Og ikkje minst er det nyttig å lære nye arbeidsmåtar, og for RANE-prosjektet gjeld det først og fremst innføring av spesielle teknikkar og læring av "best practice"-eksempel frå andre prosjekt. Prosjektet har opna for å tenkje nytt, løyse problem på nye måtar og sjå verdien av samarbeid. Og prosjektet har vist at Noreg har spesialkompetanse på ulike fagfelt som er viktig i transnasjonalt samarbeid, og at det er viktig å eksportere våre arbeidsmåtar og erfaringar med grenseoverskridande samarbeid. Noreg kan dessutan medverke med vesentlege ressursar i eit slikt samarbeid.

4.12 Metropolitan Areas +

"Metropolitan Areas +" er eit samarbeidsprosjekt innanfor Interreg III B Austersjøprogrammet. Prosjektet er leia frå Tyskland, av Berlin – Brandenburg DE, og i tillegg til Tyskland og Noreg deltek også partnarar frå Sverige, Finland, Danmark, Russland, Litauen og Polen. I Noreg deltek Akershus, Buskerud og Østfold fylkeskommunar i tillegg til Østlandssamarbeidet. I Sverige er fire partnarar med, i Litauen, Polen og Russland to partnarar frå kvart av land, medan dei andre deltakarland har ein partnar med kvar.

Føremålet med prosjektet er å danne eit nettverk mellom europeiske byregionar for å styrka konkurransevna til regionane gjennom ei berekraftig utvikling av funksjonelle metropolområde (MA+).

Prosjektet er treårig, det starta i mars 2003 og skal avsluttast i mars 2006. Økonomisk ramme for prosjektet er 12,84 millionar



norske kroner, der den norske delen utgjer 3,8 millionar.

Målsetjing med prosjektet

Fokuset i Metropolitan Areas+ er lagt på balansert, fleirkjerna ("polysentric") utvikling av Austersjøregionen (Baltic Sea Region – BSR) og metropolområda i denne. Meininga er å styrka hovudstadsområda som ein heilskap gjennom ei transnasjonal utvikling som områda vart samde om under førebuingane av prosjektet. Målet er å redusera dei tradisjonelle metropolkonfliktane kring funksjonar og vekstkonkurransen mellom bysenter, og mellom byar og omliggande område og å få til integrerte regionar. Ein måte å unngå slike konflikter og slik konkurranse er interkommunalt og transnasjonalt samarbeid over grenser, slik som Austlandssamarbeidet er eit døme på i Noreg og Mälärregionen i Sverige. Slikt samarbeid kan føre til berekraftig avveging av interesser, funksjonar og ressursar i heile metropolområdet, gjennom å definere metropolen, nodane, omliggande område og regionar.

Den transnasjonale verdien av prosjektet er tredelt:

- eit strategisk nettverk av BSR-storbyområde innanfor ulike nøkkelområde
- transnasjonalt, koordinerte demonstrasjonsprosjekt ved å ta i bruk Metropolitan Areas – MA-konseptet – for å ta ut potensial og redusere konflikt
- styrke integrasjonen av metropolområda i den "vestlege" og den "austlege" delen av Austersjøregionen

Hovudmålet er å styrke konkurranseevna til kvar metropolregion som ein integrert økonomisk, funksjonell, sosial og ressurssterk region, og gjera desse til ei motvekt til etablerte metropolområde i sentral-Europa.

Ved hjelp av prosjektet skal metropolregionane bli betre i stand til å skapa nye jobbar, forbetre trafikk-kvaliteten og livskvaliteten for alle befolkningsgruppene i regionen. Dette er heller langsiktige målsetjingar, og på kort sikt er måla å marknadsføre regionane og skaffa til vegars nye investeringar i området slik at måla om vekst og utvikling kan bli nådde.

Målgrupper

Kommunale og regionale organ, og i nokon grad og nasjonale organ, er målgruppene for prosjektet.

Transnasjonale, regionale og lokale nivå arbeider saman innanfor tre arbeidspakkar:

- i) nettverk for overføring og spreiding av kunnskap og felles aktivitetar med andre Interreg-prosjekt, serleg Baltic Palette II, MECIBS, Baltic Sea Rail. Eit mål er også å integrera nye partnarar
- ii) integrert styring for å redusera arealbruken gjennom polysentrisk arealbruk og transportstrategiar
- iii) etablering av transnasjonale og regionale strategiar for å marknadsføre potensialet innanfor økonomi, utdanning, opplæring, kultur og vitskap for utvikling av betre balanserte og fleirkjerna regionar.

Resultat så langt

Prosjektet starta som planlagt, og har tilstrekkelege ressursar til arbeidet.

Så langt er resultatene:

- rapportar
- seminar
- nye samarbeidsmønster
- påverknad av nasjonale planprosessar, til dømes NTP (Norsk Transportplan)
- gjennomslag for argument i pågåande planprosessar.

Prosjektet ville berre delvis kunna blitt gjennomført utan midlar frå Interreg-programmet. Nokre deler av prosjektet kan halde fram utan Interreg-finansiering i neste periode, andre ikkje.

Finansieringssporsmål, ulik administrativ kultur og språk har vore dei vanskelegaste problema å takle i prosjektet. Så er då også dette prosjektet eit samarbeid mellom åtte land med minst åtte ulike språk, og ulik administrativ kultur. Ressursane i prosjektet er brukte optimalt.

Prosjektet har erfart at det er svært viktig å ha god økonomi og evne til å forskottere kostnader. Det er denne utsegna, saman med det at ein bør ha tid til å setja av til å utvikle og drive samarbeidet, prosjektleiar meiner er dei viktigaste lærdomane. Økonomi og tid er slik avgjerande for å få transnasjonalt samarbeid til. Men andre ting er viktige og, som det å ha kunnskap om språk og samfunn, til dømes om regelverk og byråkrati, i land ein skal samarbeide med, og at samarbeid som dette, ikkje passar spesielt godt for ein liten organisasjon. Det er likeeins viktig med tidlegare erfaring innanfor grenseregionalt eller transnasjonalt samarbeid. Noko mindre viktig er det å ha kontaktar i dei land ein ønskjer å samarbeide med.

Kva har Interreg-programmet hatt å seia for dette prosjektet?

Interreg-programmet har vore til nytte for dette prosjektet, og deltakarane har blitt kjende med nye finansieringskjelder og regelverk, har lært nytt om å arbeide i større prosjekt og om å møta og takle andre administrative rutinar.

Prosjektet har også vore verdfullt i høve til å løyse problem på nye måtar, til å sjå verdien av samarbeid og til å vera skeptisk til samarbeid, rett nok ikkje skeptisk på ein negativ måte. Men sunn skepsis er viktig i samanhengar som dette, for samarbeidet er arbeidskrevjande.

Vidare opplever prosjektdeltakarane det som viktig å følgje med på det som skjer på regionalutviklingsfronten i EU, fordi det er viktig å vera ajour med utviklinga der. Det er viktig fordi dette innverkar på norsk regionalpolitikk, og det er viktig for framtidig grenseregionalt og transnasjonalt samarbeid. For Noreg sin del er det viktig å delta i samarbeid over grensene, fordi vi har spesialkompetanse på ulike fagfelt. Det er vidare viktig å eksportere arbeidsmåtar og erfaringar vi har med grenseregionalt samarbeid, og Noreg kan delta med vesentlege ressursar i slikt samarbeid.

4.13 AquaReg

AquaReg er eit prosjekt innanfor Interreg III C. Det er eit samarbeid mellom regionen Galicia i Spania ved CETMAR Foundation, området "Border, Midland og Western" (BMW) i Irland ved The Marine Institute and Trøndelag i Noreg, representert ved Sør- og Nord-Trøndelag fylkeskommunar. Hovudmålet til prosjektet er å skapa mogelegheiter og utforme strategiar for berekraftig utvikling av perifere kystsamfunn ved hjelp av interregionalt samarbeid innan akvakultur og fiskeri.



For høg utnytting og utarming av tradisjonelt fiskeri har ført til reduksjon i fiskekvotar og omstrukturering av fiskeflåten i heile Europa. Det har ført til tap av tradisjonelle arbeidsplassar, og auka arbeidsløyse i mange kystsamfunn. Ein konsekvens av dette er at havbruk har utvikla seg, og er i dag ei viktig næring i mange kystsamfunn.

Galicia, BMW og Trøndelag er alle sterke marine regionar, om enn på ulike breiddegrader på Atlanthavskysten. Fiskeriforskinga i dei tre regionane avspeglar både ressursgrunnet og industrielle tradisjonar. Storparten av artane er dei same, men med regionale variasjonar, til dømes torsk, sei, flyndre, kveite, piggvar, krabbe, blekksprut, skjel, musling, østers og andre.

Prosjektet er fireårig, det starta i mars 2003 og vil gå ut 2006. Total økonomisk ramme er på 4,297 millionar norske kroner, der den norske delen utgjer 1,433 millionar kroner. Sør-Trøndelag fylkeskommune – i samarbeid med Nord-Trøndelag fylkeskommune - er prosjektleiar. Prosjektet starta og går som planlagt. Hos prosjektleiar er det avsett ei heil stilling til arbeidet.

I prosjektet inngår næringsorganisasjonar, SINTEF, utdanningsinstitusjonar, fiskeridirektoratet og regionalt næringsliv. Fiskeri og akvakultur med hovudvekt på akvakultur og oppdrett av nye artar av fisk og skaldyr er hovudfokus for prosjektet. Målgruppa er næringslivet innan kystfiskeri og akvakultur – skjel og fisk -, utdanningsinstitusjonar, forskings- og utviklingsmiljø og offentleg forvaltning.

Den fyrste kontakten med Galicia i Spania vart etablert sommaren 2000, og med Irland våren 2001. Under arbeidet med prosjektet har det vore mange partnerskapsmøte, både på politisk og administrativt nivå. Ambisjonen er å etablere eit varig samarbeid – ut over Interreg-programmet – mellom dei tre regionane Trøndelag, Galicia og BMW.

Regionane engasjerte SINTEF Fiskeri og Akvakultur til å laga ein samanliknande analyse av marine ressursar i regionane ("Final report AquaREG", November 2001). Rapporten skildrar og samanliknar dei tre regionane på ein svært detaljert måte, inkludert havbruk og fiskeri, gjev oversikt over havbruka, kor dei finst og kva slag utstyr dei brukar,

presenterer oversikter over forskingsinstitusjonar, universitet, høgskular og andre utdanningsinstitusjonar, offentlege styresmakter på lokalt og regionalt nivå, og eksisterande nettverk og transnasjonale samarbeidsprosjekt mellom verksemder og forskingsinstitusjonar i AquaReg-regionane.

Tankegangen bak AquaReg er å gjera meir effektiv bruk av erfaring og kunnskap frå havbrukarar, fiskarar og forskarar på tvers av regionale og nasjonale grenser. Alle dei tre regionane har sterke maritime forskingsmiljø, noko som avspeglar den regionale ressursbasen så vel som industrielle tradisjonar. AquaReg-tilnærminga og –ambisjonane er konkret samarbeid på operasjonelt nivå, noko som involverer marin industri, marin forskning, skular og kystzoneplanlegging.

Resultata så langt er:

- Meir enn ein tredel av delprosjekta er produktorienterte
- 12 delprosjekt med om lag tretti involverte organisasjonar har starta
- Ein har ingen konkrete mål om nye produkt, men vil vera med og utvikla produkt og få til ei vidareføring av dette etter prosjektperioden
- Kontaktar som er etablerte under prosjektperioden, skal vidareførast både mellom deltakarar i delprosjekt og mellom partnarar

Kva har Interreg hatt å seia for dette prosjektet?

Svaret er at prosjektet ikkje ville blitt gjennomført utan Interreg-midlar. Prosjektet har heller ikkje eigne bein å stå på, og kan slik sett ikkje bli sjølvgåande utan Interreg-finansiering i neste programperiode. Det har elles ikkje vore større vanskar i prosjektgjennomføringa enn at dei har lete seg løyse på ein brukbar måte undervegs. Største vanskaner har vore misforståingar i budsjettfordelinga på eit tidleg stadium i forholdet mellom partnarane, men dette løyste seg. Ressursane i prosjektet er så langt brukt på ein god måte.

Når prosjektleiar vurderer erfaringane midtvegs, er ein viktig lærdom at det må setjast av nok tid til å utvikle og drive samarbeidet. Ei viktig erfaring er også at samarbeid som dette, med institusjonar i land langt borte, ikkje passar for ein liten organisasjon eller bedrift. Å ha tidlegare røynsle med grenseregionalt eller internasjonalt samarbeid er nyttig, og det er også viktig at organisasjonen har god økonomi eller evne til å forskottere kostnader. Kunnskap om språk og samfunn – til dømes om regelverk og byråkrati – i land der potensielle samarbeidspartnarar kjem frå, er og viktig. Derimot er det ikkje så viktig å ha kontaktar innanfor land ein skal samarbeida med, dette er noko som kan utviklast undervegs.

Nytteverdien av deltaking i prosjektet er knytt til ulike forhold, som det å bli kjend med nye finansieringskjelder og regelverk, og å arbeide i store prosjekt. Vidare er det nyttig å tenkje nytt og sjå verdien av samarbeid. Innan dette feltet har Noreg spesialkompetanse på fleire fagfelt som er viktige i transnasjonalt samarbeid. Noreg kan og medverke med vesentlege ressursar i eit slikt samarbeid. Men Noreg har og mykje å lære av det som skjer i partnarland, både organisatorisk og fagleg innanfor prosjektområdet, og det kan gje positivt grunnlag for forretningsutvikling mellom regionane i Europa.

5 Interreg-erfaringar i Noreg - Felles prosjekterfaringar og norsk nytte av prosjektdeltakinga

5.1 Om spørjeundersøkinga og utvalet av prosjekt

Vi har tidlegare presentert eit lite utval av Interreg-prosjekt som Noreg deltek i, i denne Interreg-perioden. Det er ulike prosjekt i forhold til kva samarbeidet dreiar seg om, til dels og ulike i høve til kor omfattande samarbeidet er, økonomisk ramme og tidsperspektiv på samarbeidet. Men det prosjekta har felles, er at ideen bak kviler på tanken om at prosjektet best, eller berre, kan løysast gjennom samarbeid med ein eller fleire partnerar i eitt eller fleire av granneland. Ei erfaring er då og at samarbeidet har vist seg nyttig på mange område, og har utvida og utvikla prosjekta på ein måte som ikkje ville vore mogeleg om prosjekta vart gjennomførte utan partnerar utanfor Noreg.

Noreg deltek med mange og ulike prosjekt i dei seks Interreg-programma under A- og B-armen, i tillegg til i C-programmet. Alt i alt var det om lag 266 prosjekt ved årsskiftet 2004/2005 då vårt prosjekt vart planlagt. No – i midten av mai 2005 - er talet over 400 prosjekt. Prosjektdeltaking og –aktivitetar har auka monaleg på frå Interreg II-perioden, og i dag kan vi seia at alle norske fylkeskommunar har erfaring med å delta i denne typen internasjonalt samarbeid. Og ulike offentlege organisasjonar og private verksemdar har røynsle med grenseoverskridande samarbeid av ulikt slag, og deltek, eller har delteke, i samarbeid som har gjeve nye erfaringar, ført til nye samarbeidsmønster, nye nettverk og i nokon grad til nye marknader og.

Dei prosjekta som vi ville undersøka nærare, vart valt ut på grunnlag av lister over prosjekt som vi fekk frå dei som sit med ansvaret for den norske deltakinga i dei sju Interreg-programma. Oppdragsgjevaren vår hadde på førehand sett opp nokre kriterium for kva det var viktig å leggja vekt på i valet av prosjekt. Dei to viktigaste kriteria var at prosjekta skulle ha gjeve viktig støtte til realiseringa av nasjonale sektorpolitikkar og til regional utvikling i dei norske delane av programområda. Andre kriterium var i stutte drag at det skulle vera med:

- prosjekt med norsk hovudprosjektleder, eller prosjekt der den norske partnaren spelte ei sentral rolle
- minst eit prosjekt frå kvart program, og fleire prosjekt frå dei største programma
- prosjekt av ulik storleik, dvs. målt med dei økonomiske rammene som prosjektet hadde

Det var og viktig at prosjektutvalet samla sett vart slik at flest mogeleg politikkområde kom med (til dømes samferdsle, utdanning, kultur, by- og regionutvikling, innovasjon, FoU osv.) og at vi fekk tak i så mange ulike aktørgrupper sine erfaringar som råd var.

Etter at vi hadde skaffa oss eit fyrste, grovt oversyn over dei føreslegne prosjekta – og i samråd med oppdragsgjevar – vart den eksklusive lista over dei 27 utvalde prosjekta sjåande ut som i skjemaet nedanføre. Vi manglar svar frå eitt av prosjekta – ”Analys av samisk renskötsel” i delprogrammet Åarjelsaemien dajve i Interreg III-programmet Sverige-Noreg. Dei utvalde prosjekta utgjer altså noko så nær ti prosent av alle dei Interreg-prosjekta som det er, eller har vore, norske deltakarar i.

I samband med dette arbeidet sendte vi ut spørjeskjema til 27 utvalde prosjekt innanfor dei sju aktuelle Interreg-programma. Vi fekk raskt svar frå 14 av prosjekta. Etter nokre purrerundar, der vi fekk god hjelp og støtte frå sentrale personar i dei aktuelle programorganisasjonane, kom det svar frå alle bortsett frå eit prosjekt. Sjølv om svarprosenten er sers høg i høve til utvalet vårt, kan det sjølvsagt innvendast at det er lite vi kan seia om prosjekterfaringar i Interreg-programma med eit så lite prosjektutval. Men det gjeld fyrst og fremst om vi er opptekne av representativitet i forhold til eit totalt univers og i streng statistisk meining. Her er vi derimot meir opptekne av kva kvart einskild prosjekt kan formidle av erfaringar og gje av kunnskap om det å delta i grenseregionalt, transnasjonalt og interregionalt samarbeid over nasjonsgrensar, og at denne kunnskapen kan vera nyttig og utanfor prosjektet. I det følgjande oppsummerar vi dei viktigaste resultatata frå spørjeundersøkinga vår.

INTERREG III A NORD		
Delprogram og prosjekt	Norsk hovedprosjektleder/norsk partner i sentral rolle	Sektorpolitikkområde
<i>Nordkalotten</i> e-Home Health Care (førstudie)	Kemi Tornio Polytechnic; Finland Tromsø kommune	Helsesamarbeid/telemedisin
<i>Nordkalotten</i> Flyforbindelse Tromsø –Kiruna-Luleå	Luftfartsverket Luleå; Sverige Avinor m. fl.	Transport
<i>Kolarctic</i> Redningssamarbeid	Länsstyrelsen i Norrbottens län Hovudredningssentralen Nord Noreg	Transport/redningsteneste
<i>Kolarctic</i> Image	Finnmark fylkeskommune	Reiseliv
INTERREG III A KVARKEN-MIDTSKANDIA		
<i>Kvarken-Midtskandia</i> Sälen – vår felles ressurs	Kvarkenrådet; Sverige, Finland Innovasjon Noreg m. fl.	Naturressursforvaltning
INTERREG III A SVERIGE-NOREG		
<i>Nordens Grøne Belte</i> Grenseløs kunnskap II Åarjelsaemien dajve GAPTA – sørsamiske drakter Åarjelsaemien dajve Analys av samisk renskøtsel <i>Indre Skandinavia</i> Persika. www.persika.org <i>Indre Skandinavia</i> GrenseTjenesten; Morokulien <i>Grenseløst Samarbeid</i> Ekomuseet Grenseland	Mitthögskolan; Östersund Bygdeforskning, Trondheim m. fl. Gaaltje; Östersund Saemien Sitje; Snåsa Nordisk samisk institutt (NSI); Sverige Trøndelagskommunar Forshaga kommun Fylkesmannen i Hedmark m. fl. Arbetsformidlingen Eidskog Næringservice KF Strömstads museum Østfold fylkeskommune	Forskning og kompetanseutvikling Samesløyd og kultur Kompetanseutvikling Kompetanseutvikling/utdanning i entreprenørskap Grensehindringar/regional utvikling/arbeidsformidling mv. Kultur og turisme
INTERREG III B NORDLEG PERIFERI (NPP)		
Destination Viking – Saga Lands Northern Berries Community Learning Networks in Northern Periphery Areas www.edge.ramk.fi Nature Based Tourism www.naturebasedtourism.net	Institute of regional development, Reykjavik Borg, Trondenes m. fl. University of Kuopio Troms fylkeskommune m. fl. UHI Millennium Institute; Skottland Høgskolen i Bodø Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag	Kultur og turisme Ressursutvikling/-forvaltning Utdanning, kompetanseheving Turisme
INTERREG III B NORDSJØPROGRAMMET (NSR)		
Safety@Sea Northern Maritime Corridor (dette er eit prosjekt i NPP) www.northernmaritimecorridor.no North Sea Cycle Route www.northsea-cycle.com Water City International II www.watercity.org HiTrans. www.hitrans.org	Kystverket i Noreg Rogaland fylkeskommune / (Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag) Rogaland fylkeskommune Provinsie Friesland; Nederland Skien kommune Rogaland fylkeskommune	Sjøtransport/samordning av redningsteneste m.m. Sjøtransport, hamnar, navigasjonsinfrastruktur m.m. Turisme, kultur Byutvikling Kollektivtransport
INTERREG III B AUSTERSJØPROGRAMMET (BSR)		
PIPE – Participation - Identity - Planning – Entrepreneurship www.pipeproject.no SuPortNet II www.suportnet.org Connect BSR RANE – Rock Art in Northern Europe www.rane-online.org Metropolitan Areas +	Østfold fylkeskommune Østfold fylkeskommune Oslo Teknopol IKS Västra Götalandregionen Riksantikvaren Joint State Planning Dept., Berlin and Brandenburg, Tyskland Austlandssamarbeidet m. fl.	Planlegging, lokal utvikling Transport, miljø, nettverk av hamner for båtturisme Innovasjonssystem og gründerstjeneste Kulturminne; kulturskjøtsel Byutvikling
INTERREG III C NORD - VEST - AUST – SØR		
Aqua Reg (Nord) www.aquareg.com EuroMountains Net www.euromountains.net	Sør- Trøndelag og Nord-Trøndelag fylkeskommunar Torino, Italia Sogn og Fjordane, Telemark, Buskerud og Oppland fylkeskommunar	Berekraftig utvikling av perifere kystsamfunn, akvakultur og fiskeri. Opplevingsturisme/lokal matkultur m.m.

5.2 Addisjonaltet – eller kunne prosjektet blitt gjennomført utan Interreg-midlar?

Det finst ei bok – Eurojargon³⁷ – som presenterer akronymar (bokstavord), forkortingar og termar som serleg vert brukte i EU-samanhengar. Der er ”addisjonaltet” definert slik:

Prinsippet at finansiering mottatt frå EU - til dømes frå Strukturfonda – må bli auka tilsvarende med midlar frå medlemsstaten.

EU sine strukturfondsmidlar kjem slik i tillegg til nasjonale midlar. Og det er desse midlane samla som gjev det økonomiske grunnlaget for prosjektgjennomføringa i Interreg-programma. Kva tyder så Interreg-midlane? Kanne prosjekta blitt gjennomførte utan Interreg-midlar?

I det store og heile kunne ikkje desse prosjekta sett dagsens ljøs utan økonomisk støtte frå Interreg-programma, og det einaste som kunne blitt realisert likevel, ville vorte gjennomført i langt mindre skala enn det har blitt ved hjelp av Interreg-midlar. Fem prosjekt svarar ”veit ikkje” på dette spørsmålet. Interreg-programma har altså verka slik at prosjekt og tiltak som elles ikkje ville blitt gjennomførte, har vorte realiserte.

Dei fleste oppgjev at dei har framifrå addisjonaltet, det vil seia at dei svara at dei mogelegheitene som Interreg baud på, og då serleg dei finansielle ressursane som deltakarane fekk til disposisjon, var heilt avgjerande for at prosjekta vart sette i gong og gjennomførte. Til vanleg, til dømes i undervegsevalueringar, er dette eit suksesskriterium som EU-kommisjonen likar å lesa om høg skåre på. Men det er, eller rettare kan vera, ein hake ved å skåre godt på addisjonaltetstesten og. Det kan av og til vera slik at høg skåre her er ein peikepinn om at prosjekta ikkje har ”livsens rett”, at dei ikkje klarar å stå på egne bein – verta sjølvgåande – når Interreg-pengane ein dag tek slutt. No har slett ikkje alle prosjekta dette som mål, mange prosjekt er nett det dei gjev seg ut for å vera, dei er ein eingongsinnsats i tydinga ein planlagt, men tidsavgrensa aktivitet som ikkje skal leva vidare som anna enn til dømes ein rapport, ein video eller ei utstilling. Det vil seia ”produkt” som lever sitt eige liv etter at prosjektet er ”dautt” og som kan brukast om att og om att. Andre ”produkt” eller resultat kan vera mindre handfaste, ikkje så lette å ta og kjenna på, som til dømes minna frå ein rockekonsert i fri natur eller opplevingane ein hadde på ein tur til skulen i nabobygda på hi side av grensa.

5.3 Kva krav må oppfyllest for at ein organisasjon, institusjon eller ei privat verksemd skal kunne delta i eit Interreg-program?

Å delta i Interregprogram kan innebera nye løysingar og nye utfordringar, det kan krevja ny og annan kunnskap enn det organisasjonen eller verksemda brukar til dagleg, og det kan stilla krav til løysingar som ligg langt unna dei organisasjonen kjenner. Nye mogelegheiter inneber slik og nye utfordringar.

Deltakinga i Interreg-program og –prosjekt kan vera krevjande – kan hende serleg i Interreg B- og C-armane der ein ofte vert ein del av store og vidfamnande nettverk. Det krev mykje kontaktverksemd både når partnerskapen skal på plass i førekant av

³⁷ Eric Davies (2004): Eurojargon. *A dictionary of European Union acronyms, abbreviations and terminology*. European Information Services, 2004.

prosjektsøknaden og undervegs i prosjektet. Ein møter ofte både nye synsmåtar og ukjende fenomen i slikt arbeid. Det er stutt sagt ikkje lett å vera ”fyrstereisgut” i Interreg-farvatn. Kva er så dei største utfordringane?

I spørjeskjemaet opererte vi med seks kategoriar utsegn, med moglegheit til å gje svar på alle. Vi spurde kva krav ein vart stilt overfor som deltakar i Interreg-prosjekt dersom ein skulle delta på ein god måte. Vi bad prosjektleiarane freista å gradere dei svara dei gav, på ein skala frå 5: ”Stemmer svært godt” til 1: ”Stemmer ikkje i det heile tatt”. Nedanfor presenterer vi resultatata, og der reknar vi med gjennomsnittsverdien for kvart spørsmål. Maksimum skåre vert ut frå dette 130 (26 x 5), middels 78 (26 x 3) og sers dårleg skåre er lik 26.


Det vi ser i figuren nedanfor, er at dei to utsegnene som får mest oppslutning er dei som går på tid og økonomi. Samarbeid – og ikkje minst grenseoverskridande samarbeid – tek tid, ofte langt meir tid enn prosjektpartnerane hadde rekna med på førehand. Det er dette alle prosjektaktørane fyrst og fremst trekk fram som noko viktig, kanskje det viktigaste, å vera klar over når ein går inn i samarbeidet. Det tek mykje tid å oppnå resultat:

For næringslivet kan det vera problematisk å delta i Interreg-program, fordi søknadsmølla er for krevjande for små verksemdar. Vi oppmodar næringslivet til å vera underleverandør, å ha prosjektleiaransvaret er altfor krevjande. Dette burde vore forenkla, sjølv om det sjølv sagt bør stillast krav til rapportering osv.

Her må skyttast inn at denne oppfatninga nok berre er relevant i Interreg III A-samanheng

Eit anna forhold som og vert trekt fram av mange, er økonomien, det å ha god nok økonomi til å kunne forskottere kostnader, mellom anna fordi det kan ta heller lang tid før løyvingane frå programmet vert utbetalt. Dette er nok serleg eit problem når det gjeld EUpengane.

Figur 5.1 *Krav som må oppfyllest for å kunne delta i eit Interreg-program. Gjennomsnittsverdiar.*



At Interreg-samarbeid ikkje passar for ein liten organisasjon, og at det krev tidlegare erfaring med grenseregionalt samarbeid for å kunne delta i eit Interreg-prosjekt er dei to påstandane som færrest er samde i. Påstanden om at organisasjonen må vera stor og at tidlegare røynsle er nødvendig, får med andre ord lite medhald.

5.4 Kva har Interreg-deltaking lært dei som er med?

Kva har dei norske deltakarane lært av Interreg-deltaking, som dei har nytte av i sitt daglege arbeid, av å arbeide grenseoverskridande og transnasjonalt?

Dei utsegnene som dei fleste prosjektdeltakarane samlar seg om, er dei to følgjande: deltakarane har blitt kjende med nye finansieringskjelder, og dei har fått kjennskap til og erfaring med andre administrative rutinar enn dei som dei var vande med tidlegare. Interreg-systemet representerer eit nytt finansieringssystem, og det representerer andre administrative rutinar, og begge deler er viktige å få kjennskap til og kunnskap om for å kunne fungere innanfor eit slikt regime som Interreg er. I tillegg til dette har og partane lært å arbeide i store prosjekt, i mange tilfelle og med mange og ulike partnarar. Ikkje minst dei som sit med prosjektleiaransvaret, har måtta sett seg inn i mykje nytt her. Men det er bryet verdt fordi:

Interreg har gitt en ny dimensjon på samarbeid i grenseområder, og vi har fått et helt annet verktøy. Kontaktnettene er et annet og mye større enn før, vi kan tenke sammen med folk med liknende problemer som de vi selv strever med.

Men det finst og dei som lyftar ein åtvarande peikefinger:

Vi skal vokte oss vel for å være verdensmestere, men vi skal heller ikke undervurdere våre egne styrker og erfaringer. Vi kan noe som andre ikke kan, men vi har og mye å lære. Generelt er vi mindre byråkratiske, og det tror jeg stort sett er noe vi kan lære bort. Vi kan vise at det går an å redusere papirmengden og tørre å stole mer på hverandre slik vi gjør her i landet. Det er mer effektivt og gir gode resultater. Vi har og et uhøytidelig og stort sett godt humør, er sjenerøse og er litt mer ukompliserte enn mange andre. Det er egenskaper som egner seg i samarbeidsprosjekter.

5.5 Ymse slag syn på Interreg-deltaking - erfaringar

5.5.1 Interreg-deltaking er ein kanal inn til EU sin regionalpolitikkutforming

Interreg-deltaking gjev høve til å formidle norske synspunkt og lærdomar til dei som på eit eller anna vis er med på utforminga av EU sin regionalpolitikk – både reint konkret i praksis og meir proaktivt når fellesskapen sin regionalpolitikk er i støypeskeia – som han er nett no. I programma sine styringsorgan som overvakingsskomitéar og styringskomitéar deltek representantar frå lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Dei europeiske, regionale organisasjonane – som til dømes AER og CEMR – som norske fylkeskommunar og kommunar deltek aktivt i, utgjer og ein annan og viktig kanal inn til EU si politikkutforming på det regionalpolitiske området.

5.5.2 Prosjekta som dei norske er med i, ”går på skjener”

Heile 23 av dei 26 prosjektleiarane seier at kursen er god og at framdrifta er som planlagt. Det vil seia at prosjekta har starta eller er avslutta heilt etter prosjektplanane. Og eit klårt fleirtal av dei vi spurde, hevdar og at dei norske deltakarane har viktige ressursar å skyta til i så vel dei grensregionale som i dei transnasjonale og interregionale samarbeidsprosjekta. 21 av prosjektleiarane svarar at Noreg har spesialkompetanse på ulike fagfelt som gjev meirverdi til samarbeidet og det same talet meiner at dei norske deltakarane tilfører Interreg-prosjekta vesentlege ressursar.

Dei ”negative” utsegnene vi hadde med i spørjeskjemaet fekk vi heller liten respons på. På utsegna: ”Det er viktig, men det gjev for lite igjen å følgja med på det som skjer på regionalutviklingsfronten i EU”, fekk vi eitt Ja-svar og tre Tja. Vi foreslo og dette som eit svaralternativ: ”Det er for arbeidskrevjande for regionale og lokale myndigheiter å følgja med”. Her fekk vi ingen Ja-svar, men eitt tvert Nei.

Ei anna negativt lada utsegn var denne: ”Noreg har ikkje vesentlege erfaringar å bidra med i slikt samarbeid”. Her var det fire som ”kryssa av”: to svara Ja og to Nei. Endeleg hadde svararane sjansen til å seia seg einige eller ueinige i at ”Våre norske erfaringar er for spesielle til at andre kan læra av dei”. Ingen sa seg einig i denne påstanden, men to svara Nei – med utropsteikn bak.

5.5.3 Prosjekta kan ”møte veggen” når Interreg-perioden er omme

Vi spurde og om prosjekta har ”livsens rett”, det vil seia at dei kan stå på egne bein og bli/vera sjølvgåande utan Interreg-finansiering i neste programperiode. Elleve svarar nei, ni svarar ja og seks svarar veit ikkje. Av dei ni som svarar ja, legg fleire av dei til at det i så fall berre vil verta i avgrensa omfang. Om dette er positivt eller negativt avheng av om prosjektet i utgangspunktet var meint som ei mangeårig satsing som skulle gå av seg sjølv, men ikkje ser ut til å gjera det, eller om prosjektet var meint som eit tidsavgrensa prosjekt. Det finst døme på begge typar tiltak i programma. For andre er prosjektet ennå ikkje midtvegs, og det er kan hende uvisst i kva grad prosjektet bør eller kan vidareførast utan Interreg-midlar eller andre nasjonale eller regionale, offentlege tilskott eller løyvingar.

Andre prosjekt har mål som kan krevja at noko av prosjektaktiviteten vert ført vidare etter Interreg-perioden. Det kan til dømes gjelda prosjekt som gjer at det vert oppretta tenester eller tilbod som folk flest eller serskilte brukargrupper tydeleg finn nytte i. Slike prosjekt kan få problem med finansieringa etter Interreg dersom ikkje regionale eller nasjonale styresmakter finn pengar til å støtta tilbodet. Eit eksempel på eit slikt prosjekt har vi frå Indre Skandinavia – eit delprogram under Interreg III A Sverige – Noreg – nemleg GrenseTjenesten i Morokulien rett på riksgrensa mellom Noreg og Sverige i kommunane Eidskog og Eda. Dette prosjektet, som og fekk bronsemedalje i den all-europeiske konkurransen i grensoverskridande samarbeid førre året, er vorte ein slik suksess at den nordiske samarbeidsministeren i Sverige, sosialminister Berit Andnor, vil ha det svenske utanriksdepartementet på banen med finansiering av tenesta når denne Interreg-perioden er over. Eit liknande initiativ vonar ein kjem på den norsk sida av riksgrensa og. Og vert det gjennomslag for denne tanken på svensk side, skal det truleg mykje til om ikkje Noreg slår følgje.

5.5.4 Det er alltid problem under vegs – men dei aller fleste let seg løyse greitt

Nesten alle prosjekta har møtt på større eller mindre problem og vanskar under vegs. Men eit overveldande fleirtal (22 av prosjekta) seier at dei har klart å løyse dei på ein brukbar måte. Dei problema som vert nemnt oftast, er desse:

- avstandar i fysisk, geografisk forstand, det at det går med så mykje tid og pengar til reising, til å møtast anlet til anlet, noko som er ein føresetnad for den tillitsskapinga og samkjensla som er så naudsynt i forpliktande partnerskapsrelasjonar
- finansiering, at det må arbeidast hardt både for å få all finansieringa på plass før ein kan levere inn den formelle søknaden og at det krev både tid og kunnskap om ein skal tilfredsstille alle dei detaljerte krava som strukturfondsreglementa stillar ein overfor
- andre administrative rutinar og kulturar, det å oppdage at ting vert handsama på andre måtar i andre land kan vera både eit problem og ei glede – ei kjelde til læring, til ettertanke og til refleksjon over korleis og korfor ein er vorten van med å gjera ting som ein gjer, eller som ein sjølv alltid har gjort

5.5.5 Uvanleg mange av prosjekta oppgjev at dei har ei grunnline å måle resultatane sine mot

Nesten oppsiktsvekkande mange prosjekt (heile 15 pluss fem) oppgjev at dei har/hadde ei grunnline ('baseline')³⁸ – heilt eller delvis – klår då prosjektet starta. Dette er ei klår og gledeleg forbetring, for dette var eit av dei største ankepunkta mot mange prosjekt og program i den første Interreg-perioden. På denne måten ligg det godt til rette for at det går an å måle resultatane og verknadane av prosjekta på ein meir påliteleg måte enn ein kunne før. Dette er og ein stor føremon for prosjekta sjølve av di dei kan få fram dei verkelege resultatane sine på ein open, gjennomsiktig og ikkje minst truverdig måte.

Det er og ei sterk kjensle blant prosjektleiara av at dei ressursane som dei har hatt til rådvelde, er brukte på ein god måte. På spørsmålet om ressursane i prosjektet er brukte optimalt, svarar 17 "Ja, absolutt", og sju "Ja, delvis". Berre to prosjektleiara er usikre på om ressursane ikkje kunne vore brukt betre.

5.5.6 Interreg og norsk regionalpolitikk

Interreg-programma har vorte ein meir og meir sentral del av EU sin regionalpolitiske innsats. Støttar programma og opp om norsk regionalpolitikk og norsk innsats innanfor regional utvikling? Det er ingen tvil om svaret her frå sentrale aktørar i fylkeskommunar og landsdelssamarbeid; Interreg-programma støttar opp om norsk regionalpolitikk, og vert frå fylkeskommunane si side sett som ein del av det regionale utviklingsarbeidet – og ein stadig viktigare del.

³⁸ Denne grunnlina ("baseline" på engelsk og "utgångsläget" på svensk) skildrar situasjonen i programregion(e) slik den er når programmet startar og den bør gjera det på ein nokonlunde truverdig og relevant måte. Det må teiknast eit "bilette" – i tekst og tal (og gjerne som kart o.a.) – som er konsistent i høve til den problem-, ressurs- og moglegeleghetsstrukturen som SWOT-analysen har "dokumentert". Idealet er sjølvsagt å skildra no-situasjonen på ein slik måte at ein – i teorien i alle fall – kan tenkja seg at den framtidige situasjonen slik den blir kartlagt midtvegs i og i etterkant av at programmet er gjennomført, i nokon grad er påverka av det som er gjennomført i løpet av Interreg-perioden.

Dette er noko som har utvikla seg over tid for som ein av prosjektleiarane svarar:

Interreg vart sett på som på sida av norsk regionalpolitikk då Noreg fyrst gjekk med i Interreg-programma. Men dette har endra seg, og no er sentrale politikarar med i arbeidet. Men framleis er det meir å hente, og det gjeld serleg i programutviklinga i førekant av Interreg-programma, der er nok det regionale nivået for lite med.

Sjølv om Interreg er eigne program, vert kontakten med og integreringa i norsk regionalpolitikk sikra, og då fyrst og fremst gjennom det regionale nivået. Når det gjeld kontakten oppover i forvaltningssystemet er det nokre som ynskjer seg større merksemd:

Vi opplever at sentrale politikere – for eksempel Stortingspolitikere – vet altfor lite om Interreg og hva vi driver med. De er lite interesserte i Interreg, men Interreg er god regionalpolitikk!

I styringsgrupper og i overvåkingskomitéar for Interreg-programma sit det sentrale regionalpolitikarar eller representantar frå fylkeskommunal administrasjon, men og representantar for nasjonale myndigheiter. Desse kjenner dei regionale utfordringane og prioriteringane, og er informerte om kva som er viktig for fylkeskommunane. Interreg-midlane vert oppfatta som viktige midlar som kan brukast til å utvikle eige fylke, på line med nasjonale offentlege midlar, og det finst døme på at prosjekt har fått avslag i Interreg-programmet fordi dei ikkje var godt nok kopla opp mot regionale mål. Slik er ikkje Interreg-programma frittstående program, men vert oppfatta som ein del av det regionale utviklingsarbeidet. Programdokument og programkomplement vart og utforma i ein nedanfrå og opp-prosess med aktiv deltaking av aktørar frå det regionale og lokale nivået. Så sjølv om Interreg-programma har eigne mål og prioriteringar, så opplever ikkje fylkeskommunane at dette treng gå på tvers av det som er prioritert i fylkesplanane. I arbeidet med programma kan tiltak som ikkje høver inn i dei regionale planane få nei på søknaden, sjølv om dei elles tilfredsstillar dei formelle krava som Interreg-reglane set.

Fylkeskommunane har nær tilknytning til Interreg-programma og kjenner til det som føregår der, mellom anna fordi dei er representerte i styringsgruppene, og til dels og har delansvar for gjennomføringa av programma. Dei er mellom anna viktige medfinansiorar i mange prosjekt. Slik vert avstanden mellom Interreg-arbeidet og det regionale utviklingsarbeidet liten – og i dei fleste høva er det snarare snakk om integrering enn om avstand. Kommunane er og med i mange Interreg-prosjekt og det ser ut til at dei er aktive og engasjerte deltakarar

Interreg-arbeidet kan og sjåast som ei modernisering av norsk regionalpolitikk, både i høve til arbeidsmåtar, samarbeid, partnerskap og i høve til langsiktig tenking. Interreg-programma byggjer på partnerskapstankegangen, og gav røynsle med dette før denne tankegangen kom for fullt i norsk regionalpolitikk. Og i høve til profesjonalisering av prosjektarbeid, rettleiing og rapportering kan Interreg vera eit føredøme for regionalt utviklingsarbeid. Men det regionale utviklingsarbeidet kan og tilføra Interreg kompetanse og kjennskap til regionane som er heilt naudsynt for eit godt resultat:

Deltaking i Interreg har bygt opp om den norske regionalpolitikken, sjølv om vi til no ikkje har all verda av konkrete resultat. Eg trur vi fyrst og fremst må fokusere på læring og det å bygge nettverk, og at det tek tid før vi ser omfattande resultat.

Eit anna kjenneteikn ved Interreg-programma er at dei er langsiktige, perioden varer i seks-sju år, noko som gjev finansiell tryggleik og lange perspektiv. Slik gjev rom for ei anna satsing enn det kortare programperiodar – som er vanleg i Noreg - gjer mogeleg. Og

ikkje minst har Interreg-programma gjort det regionale utviklingsarbeidet og fylkeskommunane meir internasjonalt orienterte. Gjennom desse programma og gjennom mange og ulike nettverk og samarbeidsprosjekt over grensene har fylkeskommunane opparbeidd seg ein viktig plass i det internasjonale samarbeidet som Noreg deltek i. Omfanget det har i dag, kunne knappast vore mogeleg utan Interreg-programma som har opna for, og kravd, samarbeid på tvers av nasjonsgrensene, ikkje berre med velkjende naboar i Finland eller Sverige, men og med nye aktørar i Skottland, Tyskland, Nederland eller Baltikum for berre å nemna nokre eksempel. For fylkeskommunane kan nok dette ha innebore både store utfordringar, mange gleder og ein del frustrasjonar:

Jeg vil heller si det slik: At interregionalt arbeid er slitsomt og arbeidskrevende, men ENORMT stimulerende og lærerikt. Jo mer tid og innsats som investeres, desto større utbytte får både arbeidsgiver og den enkelte prosjektmedarbeider.

Ei anna viktig røynsle er at interregionalt arbeid ikkje kan gjerast med keiva:

Slikt arbeid krever at en har tid til å jobbe med de aktivitetene som er fastsatt i prosjektplanen og ikke minst til rapporteringen. Det er og viktig at de som deltar, har et oppriktig ønske om å lære noe om hvordan andre land arbeider innenfor samme tema, og at en kan dra nytte av denne kunnskapen inn i sin egen organisasjon. Prosjektaktivitetene må falle naturlig inn i den egne organisasjonens satsingsområder.

Interreg-arbeidet har gjeve deltakarane nye, interessante og utfordrande arbeidsoppgåver som har innverka på den som sit med arbeidsoppgåvene, men og på heile organisasjonen som deltakarane er ein del av.

Prioriteringane innanfor Interreg-samarbeidet kan likevel ikkje berre sjåast i høve til det regionale utviklingsarbeidet og fylkesplanane, men og i høve til nasjonal sektorpolitikk. Av dei store og viktige transportprosjekta som Noreg deltek i, må to nemnast serskilt. Det er Northern Maritime Corridor – ”Den nordlege maritime korridoren” – som er ein del av to Interreg-program: Nordsjøprogrammet og Nordleg Periferi-programmet (sjå avsnitt 4.10). Prosjektet har som sitt fremste siktemål å gjera det enklare å utvikla ei trygg maritim rute frå Barentsregionen langs norskekysten og til hjartet av Europa. Desse emna er viktige innanfor prosjektet:

- utvikling av regionale, maritime klynger
- støtte til nærsjøfart
- transport innanfor petroleums- og sjømatsektorane
- strategiar for risikohandtering.

Prosjektet siktar mot å knyte kystregionane rundt Nordsjøen tettare saman og å kople produksjonsindustrien i regionen opp mot industriutviklinga i Barentsregionen. NMC-prosjektet siktar og mot å flytta gods frå lastebilar til skip, redusera presset på vegnettet i Vest-Europa, forbetre effektiviteten på transportsystema som bind saman sjø, hav, jernbane og innanlands vassvegar.

Prosjektet tangerar nasjonal politikk på fleire område og sju norske departement deltek difor i ei eige høringsgruppe.

Det andre prosjektet vi vil nemne, er og ein del av Nordsjøprogrammet. Det heiter ”Safety@Sea” og handlar, som namnet fortel, om tryggleik til sjøs, mellom anna om samarbeid om og samordning av redningstenestene til sjøs. Målsettinga med prosjektet er

blant anna å stimulere lokale, regionale og nasjonale myndigheiter til å finna fram til felles strategiar og metodar for å redusere risikoen for, og verknadane av, ulykker til sjøs. Her er det norske kystverket hovudprosjektlear.

Det er likevel ikkje alltid slik at prioriteringar innanfor Interreg-programma er på line med nasjonale planar og prioriteringar. Dette gjeld kanskje i serleg grad innanfor samferdselspolitikken, og merkast i størst grad i dei nordlegaste programma der arbeidet med tverrgåande samband mellom Noreg, Sverige og Finland ikkje alltid møter stor støtte i nasjonale planar i Noreg. Der dei regionale prioriteringane og ønskja går på tvers av nasjonsgrensene, går dei nasjonale i nord-sør retning.

5.6 Om nytte og glede ved å vera med som norsk deltakar i eit Interreg-prosjekt

Interreg-programma og norsk deltaking i dei inneber erfaringar og nytte, og dei inneber kostnader og problem som må løysast. Grenseoverskridande deltaking i ulike typar samarbeidsprosjekt er nytt for mange av aktørane vi har møtt i dette arbeidet, meir kjent for andre, og velkjent for eit mindretal. I vårt arbeid har vi prøvd å registrere og måla erfaringane på ulikt vis. Vi har spurt oss sjølve kva som kjem ut av norsk Interreg-deltaking, og vi har spurt dei som arbeider innanfor programma om det same. Og vi har funne svar, nokre i rapportane frå midtvegsevalueringane, men og i andre dokument, og kan hende serleg i svara frå folk i dei einskilde prosjekta vi har spurt direkte gjennom ei lita spørjeundersøking og gjennom intervju med sentrale deltakarar i den norske Interreg-krinsen.

Nytte er noko som kan målast på så mange måtar, og i Interreg-programma er det gjort til dels omfattande forsøk på dette. Fyrst og fremst på å talfeste nytte, gjennom nye arbeidsplassar, gjennom tal på ulike arrangement, aktivitetar, nettverk og samarbeidstiltak, og gjennom registrering av kva som blir gjort eller skapt gjennom samarbeidet. Slik kan nytte talfestast. Men vi kan og setja ord på nytteverdien – fortelja kva som blir opplevd som nytte, som noko positivt for dei som er med på tiltaket.

Vår vesle undersøking av 26 utvalde prosjekt i dei sju programma som Noreg deltek i, samtalar med sentrale aktørar i fylkeskommunar, samarbeidsorganisasjonar og andre offentlege institusjonar, og vår lesing av midtvegsevalueringssrapportane har gjeve glimt av noko av det som ligg bak tala som står svart på kvitt når "nytte" skal registrerast. Det er slik som opplevingar knytt til det å vera med på å utvikle nye utdanningstilbod på tvers av landegrensene eller å auka kompetansen, utvikle nye bærsortar, nye haustingsmaskinar, nye rutinar for tryggleik til havs og på land, nye tenester som skal gjera det lettare å kryssa riksgrensa, eller å registrere draktskikkar innanfor det fellesnordiske sørsamiske området. Dette er alt saman nyttig, til ein viss grad kan det og talfestast. Men det er likevel noko meir; ei glede over å kunne samarbeide på tvers av grenser, saman med andre som og er opptekne av dei same problemstillingane og dei same utfordringane. Og det er ikkje minst ei glede over å vera i eit større (fag)miljø, og kunna løyse utfordringar og problem ein ikkje kan klare åleine. Men korleis måler vi glede? Våre kategoriar i skjemaet var ikkje gode nok til å fullt ut kunne fange opp dette, men i tilføyningar og tekst frå informantane, og meir eller mindre mellom linene i rapportane, så les vi og ei glede over sjølve samarbeidet. Og det må vel og takast med når "nytte" og "meirverdi" skal vurderast?

Fleire har opplevd møtet med det ukjende som noko positivt og nyttig:

Ovåntade samarbeidskonstellasjoner har oppstått. Vi har opplevd ett stort interesse og engagemang hos samtlige deltagande organisationer. Projektet har åven vkt ett stort internasjonelt interesse, som kann leda till nya projekt. Ocks frn massmedia har projektet och dess resultat oppmrksammas ett flertal gnger”.

Eller som ein annan prosjektleir seier:

Vi har mtt mye og uventet positiv respons p prosjektideen! Og vi har mtt stor velvilje blant annet hos Statens vegvesen i arbeidet med å finne gode lsninger. Det har og vrt uventet mange bedrifter som har tent p ideen og nsker å bli med i den ordningen vi har kalt ”Syklist Velkommen!”. Men – vi har bare s vidt begynt!

P direkte sprsml til representantar for fylkeskommunane, Sametinget og samarbeidsorgan mellom fylkeskommunane, fr vi eit nyansert bilete av nytte og utbyte av Interregsamarbeidet. Det er eit bilete der nytteverdien av samarbeidet kjem klart fram, og der Interreg-programma blir omtala som eit hve til å realisera samarbeidsnskje som tidlegare ikkje kunne bli noko anna enn ein tanke og eit nskje – nrast ein draum, fordi det ikkje fanst pengar til å realisere dei.

Med Interreg fekk vi pengar til å gjennomfra samarbeidsplanar vi har hatt i 20 r. Det har vore ein enorm stimulans for vr region

er ei av utsegnene her. For grenseregionalt samarbeid vart ikkje skapt med Interreg-programma, derimot vart det forsterka og tilfrt langt meir ressursar enn kommunar, fylkeskommunar og Nordisk ministerrd sitt grenseregionale engasjement har hatt hve til å lyva pengar til. Slik kunne Interreg-samarbeidet byggje p tidlegare samarbeid og rynsler, og p tillit og kjennskap p tvers av landegrensene, og f ein start som ikkje ville vore mogeleg utan denne bakgrunnen. Og med eit slikt startpunkt vart Interreg vellukka, og av svrt stor verdi for deltakarregionane, og til stor glede for dei som arbeider med dette grenseoverskridande og grensenedbyggjande samarbeidet, anten det er politikarar eller folk i offentleg administrasjon:

Vi i fylkeskommunen har ftt meir kontakt med Europa, blitt meir internasjonale. Det er skapt mange nye nettverk og kontaktar i heile regionen her, og det er viktig bde for nringslivet og kulturlivet.

I det grenseoverbyggjande arbeidet ligg ikkje berre det å redusere verknadene av fysiske barrierar. Nei, det handlar like mykje om å skapa forsting for andre land sin kultur og veremtar, s vel administrative rutinar og skikkar som kultur i meir tradisjonell meining, og vera open for at utfordringar og oppgver kan lyast p mange mtar. Og her er ikkje alt like rosenraudt – serleg i prosjekt som strevar med å knyta band til Russland. Som fleire av midtvegsevalueringane peikar p, er det serleg strukturfondsinstrumentet TACIS som skapar problem for dei russiske deltakarane. Ordninga er meint som ei sttte til nett deltaking fr partnerar fr det tidlegare Sovjetunionen, men det har synt seg gong p gong at det er vanskeleg å kombinere dei regelverka og prosedyrane som gjeld for Interreg og TACIS.

Nytten av Interreg-samarbeidet er det sleis lett å finne, og at deltakarane har glede av samarbeidet er og tydeleg. Biletet er likevel ikkje fullstendig rosenraudt. Det finst og frustrasjonar og vanskar i samarbeidet – som til dmes at samarbeidet i programmet ikkje er godt nok. Bde Nord- programmet og Sverige-Noreg programmet er samanslegne av

tidlegare sjølvstendige Interreg-program, og samarbeidet mellom det som no er delprogram i desse to programma er ikkje riktig godt nok. Betre utveksling av erfaringar mellom delprogramma, og samarbeid om ulike enkeltsatsingar ville truleg gjeve langt større utbytte av programma enn kva som er tilfellet i dag. Slik arbeidet blir drive i dag, er det ein sjanse for at det vert gjort dobbeltarbeid, i staden for å dra nytte av det andre har erfart tidlegare. Men det er ennå ikkje for seint å setja inn effektive mottiltak i høve til dette, slik som til dømes midtvegsevalueringane peika på.

Men det nyttige rår ikkje alltid grunnen åleine. Interreg-samarbeid kan by på frustrasjonar og. Desse er ofte knytte til sjølve programforma og dei mange og detaljerte reglan som gjeld, men og til organiseringa av Interreg-satsingane. Det dreiar seg serleg om slike ting som:

- å få den norske praksisen med eittårige budsjettvedtak til å ”gå i takt med EU sine seksårige programbudsjett kor finansieringa er bortimot garantert i alle åra frå det tidspunktet at Kommisjonen har godkjent eit program
- den stramme regien og det kompliserte regelverket som må følgjast når EU-pengar skal brukast. Rett nok tillet ikkje reglane at EU sine pengar kan brukast utanfor fellesskapen sitt territorium, men dei reglane som gjeld må og følgjast av norske prosjektdeltakarar. Mellom anna er krava til openheit, - såkalla ’transparens’ –, pålitelegheit og objektivitet sers strenge. Mange meiner at deltakinga i det førre Interreg-programmet – Interreg II – fyrst og fremst var ein ”skule” for læring av det kompliserte regelverket som styrer Interreg
- dei harde rapporteringskrava som prosjekta vert stilte overfor, var uvande for mange til og byrja med. Prosjekta må rekna med tett oppfølging under vegs og det skal rapporterast mellom anna om resultat og aktivitetar kvar gong ein rekvirerar EU-midlar eller norske IR-pengar. Her er lite rom for ”slinger i valsen”
- det vanskelege og tidkrevjande arbeidet med å skaffa seg prosjektpartnerar. Dette er nok serleg eit problem for dei som vil samarbeide i lag med nokon innføre Interreg B- og C-programma kor mange av partnerskapane er store og breie og kor programregionane er dekkar store flatevidder og har lange avstandar partnerane imellom

Eit eksempel på at dei ulike budsjett-tradisjonane som Noreg og EU har, kan skapa ”slitasjement” synte seg i kjølvatnet av den såkalla ”ansvarsreforma” på norsk side av grensa frå 2003. Stutt fortalt innebar denne reforma at KRD desentraliserte ansvaret for og makta over bruken av dei distriktpolitiske verkemidla (Kap.551, postane 60 og 61 på statsbudsjettet) til fylkeskommunane. Fleire av midtvegsevalueringane peika på at dette skapte problem med medfinansieringa av prosjekta på norsk side og at dette skapte frustrasjonar blant partnerane. Her må skytast inn at dette var mellombels frustrasjonar i ei kortare tid.. Kommunal- og regionaldepartementet har sytt for ”friske pengar” slik at denne ”motbakken” i Interreg-arbeidet no er jamna ut.

Organiseringa av Interreg-programma har ikkje vore lette å takla for dei samiske deltakarane. Det gjeld fyrst og fremst dei samiske delprogramma - som opplever vanskar. I dag er det to samiske delprogram, eit nordleg – som høyrer til Interreg Nord, og eit sørleg, som høyrer til Interreg Sverige-Noreg. Begge to vert frå norsk side administrert frå Karasjok, av Sametinget. Og det som er det vanskelege, er fyrst og fremst tilhøvet mellom det som administrasjonen av delprogramma krev i forhold til kva midlar som finst til dette. Med til saman berre vel to millionar kronar kvart år å dela ut til prosjekt, så krev administrasjonen og den stramme Interreg-regien, med møte i styringsgrupper og overvakingsskomitè, mykje meir i ressursar enn kva midlane til teknisk assistanse – om

lag 150.000 kroner årleg – gjev rom for. Interreg-samarbeid mellom samiske samfunn er nyttig, men det kostar for mykje i administrasjon, rettleiing og møteavvikling enn kva som finst av midlar, og kva Sametinget har høve å skyta til. Det er såleis all grunn til å stilla spørsmål om den samiske Interreg-innsatsen kunne ha meir nytte av å vera ein del av ein ordinær Interreg-administrasjon, men med øyremerka midlar til samiske tiltak.

Gledene og dei positive opplevingane er ikkje minst knytt til det å få verkeleggjort tilbod og løysingar som regionane kanskje har arbeidd med lenge, men ikkje har fått til, anten på grunn av pengemangel, eller på grunn av at tiltaket krev større innsats enn til dømes ein fylkeskommune åleine kan make. Samarbeidet over nasjonsgrensene opnar ikkje berre for pengar, men og for andre ressursar. Dette kjem klart til synes innanfor fleire felt, som kultursamarbeid, næringsutvikling og utdanningssamarbeid. Ikkje minst er det synleg innanfor utdanningssektoren, der det er fleire døme på felles utdanningstilbod, anten ein bur i Noreg eller i eit granneland. Eit døme på dette er utdanningssamarbeid innanfor delprogrammet "Indre Skandinavia" i Interreg Sverige-Noreg, der studentar frå Noreg kan ta avsluttande eksamenar i Sverige. Og slik blir dette vurdert av ein norsk fylkesordførar:

Noe av det beste som har skjedd i Hedmark – eller rettere sagt, for Hedmark, de siste årene er at Karlstad har fått universitet.

Det eit norsk fylke kan tilby ungdom innanfor opplæring og utdanning, er ikkje lenger avgrensa til tilbod som finst innanfor fylkesgrensene og landegrensene, men utvida til det som næraste naboen, rett nok på andre sida av nasjonsgrensa, kan tilby. Det er ikkje berre viktig for ungdom på leit etter utdanningstilbod, men og for den framtidige kompetansesituasjonen i regionen.

Gleda og nytten ved samarbeidet er og knytt til at Interreg-programma har utvida dimensjonen i det samarbeidet over grensene som alt fanst frå før. Programmet har gjeve nye verktøy til samarbeidet, og langt større handlingsrom, kontaktnettverket er vorte eit anna og større, og det er fleire til å tenkje omkring og løyse felles problem og utfordringar. At nettverka er større og med langt fleire deltakarar enn før vert ikkje minst trekt fram når meirverdien med å delta i Interregprogram skal summerast opp.

Mange forskarar og andre som kommenterer dei internasjonale strukturendringane og verknadene av globaliseringsprosessane, legg vekt på at i det nye nettverkssamfunnet (sjå mellom anna Castells, M. 1996, 1997, 1998) der hopehavsstyring ('governance') ser ut til å vera på frammarsj over store delar av den vestlege verda, vert det enda viktigare enn før å:

- kunna ha eller skaffa seg tilgang på kunnskap og kapital³⁹
- kunna fange opp og ta inn over seg impulsar utanfrå den eigne heimlassen anten det er frå den eigne regionen, nasjonen eller frå andre land
- vera budd på og i stand til å tilpasse seg internasjonale endringskrefter på ein mest mogleg smidig og smertefri måte

³⁹ Det er mellom anna ei slik erkjenning som ligg bak EU sin såkalla "Lisboa-strategi" der målet er at EU skal vera den mest konkurransekraftige og dynamiske, kunnskapsbaserte økonomien i verda omkring år 2010. Strategien skal og byggje på samfunn med sosial tryggleik og berekraftig utvikling.

- vera open for andre kulturar sine verdigrunnlag, uttrykksformar og veremåtar som kan gjera våre eigne kulturar rikare og vera med på å røske opp i fastgrodde vanar, skikkar og tankemønster
- Interreg-samarbeid høver som hand i hanske til framtidskrav som desse, og mange ser på dette som kan henda den viktigaste nytta som Noreg og norske regionar får - og kan få – frå norsk deltaking i Interreg-programma og –prosjekta.

5.7 Allmenne konklusjonar frå dei sju midtvegs-evalueringane

5.7.1 Dei horisontale måla er lite operative

Dei horisontale måla om berekraft/miljø og likestilling/kjønn viser seg vanskelege å handtere på ein skikkelig måte i praksis. Dei får lita gjennomslagskraft i den daglege, operative prosjektgjennomføringa sjølv om både styringskomitéar og sekretariat legg vekt på dei m.a. i utveljing av prosjekt og ved informasjon til prosjekteigarane. Det er eit bortimot samstemt syn i alle dei sju rapportane frå midtvegsevalueringane at det er vanskeleg å sjå teikn til at programma og prosjekta har innverknad på desse måla. Det beste ein kan seia er at programma i alle høve ikkje gjer noko som forverrar situasjonen. Svakast spor ser ein når det gjeld innsats og prosjekt for å skape betre jamstilling mellom kvinner og menn i programområda. Og denne konklusjonen gjeld og i dei områda der t.d. SWOT-analysen har synt at tilhøva er utilfredsstillande. Miljø- eller berekraftmålet ser ut til å vera lettare å spora, men heller ikkje her er det lett å peika på at programma gjev handfaste resultat som peikar i retning av ei meir berekraftig framtid i desse Interreg-regionane. Evaluatorane peikar på fleire tilhøve som etter deira meinig kan forklåra stoda. Mellom dei som går mest att, er manglande eller mangelfull utvikling av gode indikatorar, manglande oppfølging av prosjekta og manglande kompetanse og kunnskap på desse områda i sekretariata.

5.7.2 Mindre kursjusteringar trengst her og der

Alle dei sju evalueringane har ein del å setja fingeren på når det gjeld programgjennomføringa, men dei er samstemte om at det i dei aller fleste tilfelle dreiar seg om mindre kursjusteringar. Unntaka ser her ut til å vera dei samiske delprogramma i Interreg III A Nord og Sverige-Noreg der ein har hatt større oppstartsproblem enn i dei andre programma. Nokre av programma har likevel opplevd at det har kome inn få og til dels dårlege prosjektsøknadar på innsatsområde der programmet og programkomplementet hadde sett for seg ganske stor innsats. Dette gjeld mellom anna eit av innsatsområda i Austersjøprogrammet, nærare bestemt det som gjekk på institusjonsbygging. Tilgongen på prosjekt hadde vore så liten då midtvegsevalueringa gjekk føre seg, at det vart reist tvil om ein i det heile teke ville klare å bruke opp EUpengane i tide.

5.7.3 Ingen av indikatorsystema verkar ”perfekt”

Kvantitative indikatorar som kan/skal brukast til å måle framgangen i og, resultatata frå, program- og prosjektgjennomføringa er ein viktig del av Interreg sitt regelverk. Indikatorane skal brukast til å synleggjera viktig styringsinformasjon. Dei skal nyttast til slike ting som undervegsvurderingar, til å formidle resultat frå verksemda, og til å gjera

vedtak om å setja i gang eller til kursjusteringar. På dette området ser det ut til at dei sju programorganisasjonane har valt å gå noko ulike vegar. Det let til å vera store skilnader i så vel kor grundig ein har arbeidd med systema, kor god logikken i systematikken er som i kor strengt styringskomitear og sekretariata med sine oppfølgingssystem handhevar indikatorbruken og –rapporteringa. Ein gjengs kritikk av indikatorane i desse Interreg-programma er at dei ikkje, eller i ufullkomen grad, speglar det som går føre seg i prosjekta. I nokre av programma saknar ein og forklåringar og definisjonar av kva som ligg i dei ulike indikatoromgrepa. Dette gjer seg m.a. utslag i at det vert rapportert inn upålitelege oppfølgingsdata til sekretariata sine registreringssystem.

5.7.4 Rekvirering av EU-pengar er komplisert

Prosjekteigarane er heller kritiske til korleis rekvireringa av EU-pengane fungerer, og dei er kritiske til korleis søknadsprosedyrane til nye prosjekt fungerer. Mindre enn halvparten av dei intervjuja seier at rekvirerings- og søknadsprosedyrane fungerer bra. Det er likevel verdt å merke seg at bortimot ein firedel av dei intervjuja svarte "veit ikkje". Ein mogeleg, men ikkje sjølvsgd, forklaring kan vera at "veit ikkje-svara" kjem frå prosjekteigarar som ikkje har vore involverte i søknadsprosedyren eller prosedyrane med å rekvirera pengar frå EU. Og det må leggjast til at mange av dei intervjuja sa at prosedyren fungerte betre på det tidspunktet dei vart intervjuja enn dei gjorde i det føregåande programmet.

Andre område som fekk heller låg vurdering var korleis programsekretariatet informerte om programmet, og korleis dei styresmaktene som gjorde vedtaka, informerte ved prosjektstart, til og med oppfølginga av enkelte prosjekt frå programansvarleg får heller dårleg karakter.

6 Noreg og ESPON – stendig tettare samkvem

6.1 ESPON er eitt av fem Interreg III-program

Lenger framme har vi gjort greie for dei tre Interregprogramma A, B og C. A som handlar om grenseoverskridande samarbeid mellom regionar som ligg attmed ein annan på kvar si side av ei nasjonsgrense. B som dreier seg om såkalla transnasjonalt samarbeid, dvs. samarbeidsprosjekt mellom land og regionar som ikkje nødvendigvis grensar til kvarandre og som kan vera skilde av havområde som til dømes Austersjø- og Nordsjø-programma. C-armen inneheld interregionale samarbeidskonstellasjonar og dekker heile det europeiske territoriet der prosjekta serleg er retta mot idé- og erfaringsutveksling som regel ved at ein brukar ymse slag nettverksmodellar i samhandlinga.

Dei to andre Interregprogramma er ESPON ("European Spatial Planning Observation Network"), eller det europeiske observasjonsnettverket for romleg planlegging som det kan kallast på norsk, og INTERACT. INTERACT kan sjåast på som ei slags verktøykasse der ein freistar å utvikle reiskapar som er tenlege for det vidare arbeidet med å få verkemidlane i strukturfonda til å verka endå meir effektivt. Ein viktig del av INTERACT-programmet er å samla inn og formidla eksemplar på vellukka prosjekt og framgangsmåtar, utvikla standardar og høvelege formidlingsmåtar mellom så vel Interreg-program som –prosjekt.

Dei som kjenner til ESPON frå før, veit at programmet sitt kan hende fremste kjenne-merke er alle dei fargerike karta som kjem som resultat av prosjektverksemda. Det vert lagt ned mykje tid og arbeid i dette programmet for å skaffa fram, systematisere og ikkje minst harmonisere datagrunnlag slik at ein kan laga indikatorar som gjer det mogeleg å samanlikne ulike fenomen i heile det europeiske territoriet. Difor var ein viktig grunn til at Noreg valte å verta med i programmet, at ein ville "setja Noreg betre på plass på det europeiske kartet". Ein annan viktig årsak til at Noreg deltek, er at ESPON er organisert som nettverk etter partnerskapsmodellen der ei mengd europeiske forskingsmiljø og forskarar er engasjerte i prosjektverksemda. Norske styresmakter såg det som sers viktig at og norske miljø og forskarar fekk høve til å delta i desse internasjonale forskarnettverka.

6.1.1 Det europeiske perspektivet på regional utviklingsplanlegging (ESDP) var forløparen

Programmet "ESPON 2006" er eitt av ei rekkje tiltak som tek sikte på å setja i verk det såkalla Europeiske perspektivet på regional utviklingsplanlegging (ESDP - "European Spatial Development Perspective"). I ESDP-dokumentet som blei vedteke i Potsdam i

1999, oppsummerar EU-land sine ministrarar med ansvar for regional planlegging og utvikling, resultatet av eit samarbeid som hadde gått føre seg gjennom heile 1990-talet. Arbeidet tok sikte på å komma fram til sams perspektiv og strategiar for utviklinga av det europeiske territoriet. Alt frå ein tidlig fase i dette arbeidet vart det etterlyst betre kunnskap om territoriale utviklingsdrag og effektar av ulike sektorpolitikkar, så vel for EU15 som på det alleuropeiske planet. Tiltaka eller handlingsplanen ("action programme") for verkeleggjeringa av ESDP, med ESPON som ein integrert del, vart presentert på ministrane sitt uformelle møte i Tampere seinare i 1999. Dei la mellom anna vekt på at føremålet skulle vera "to improve knowledge, research and information on territorial development as well as to prepare for an enlarged territory of the European Union".

ESPON er altså uløyselig knytt til ESDP der det er ein føresetnad at visjonen om ei balansert og berekraftig utvikling av heile EU sitt territorium må byggje på at tre grunnleggjande mål – på politikkområda "samfunn, miljø og økonomi" – kan realiserast i like stor grad:

- i) økonomisk og sosialt samhald" ('cohesion')
- ii) vern av naturressursane og kulturarven, samt
- iii) meir balanserte konkurransevilkår i Europa.

Desse måla er "oversette" til tre retningsliner for regional utviklingsplanlegging:

- i) balansert og polysentrisk byutvikling og betre tilhøve/relasjonar mellom by og land
- ii) berekraftig utvikling med fornuftig forvaltning og vern av natur- og kulturarven
- iii) lik tilgang for alle til infrastruktur og kunnskap.

Tiltak for å nå desse måla må på si side ta utgangspunkt i at den langsiktige, territoriale utviklinga vil bli påverka av:


- a) tiltakande økonomisk integrasjon og auka mellomstatleg samarbeid som denne integrasjonen fører med seg
- b) lokalsamfunn og regionar sin aukande innverknad og stadig viktigare rolle som aktørar i regional utvikling, og
- c) den no gjennomførde EU-utvidinga (opphavleg var det ein viktig del av førebuingane til desse) og utviklinga av sterkare band til naboland og –regionar

6.2 Det europeiske territoriet – i endring og utviding

Territoriet, eller det romlege organisasjonsprinsippet som motstykkje til det sektorielle, er utan tvil vorte ein mykje meir påakta dimensjon i EU etter kvart. "The Second Report on Economic and Social Cohesion" ("Den andre rapporten om økonomisk og sosialt samhald"; EU, januar 2001) framheva for fyrste gongen det territoriale aspektet som ein ny og viktig dimensjon ved samhaldsmålet – ved sida av den sosiale og økonomiske dimensjonen. Éi viktig oppgåve for ESPON er å gjera klårare kva politiske mål, retningsliner og valg inneber i konkrete territoriale termar (d.v.s. ei betre forståing og bruk av ESDP). I "den tredje samhaldsrapporten": "A new Partnership for Cohesion: Convergence – Competitiveness – Cooperation" (EU, februar 2004) vert det territoriale perspektivet forsterka endå meir. Med den utvidinga til EU25 som var rett rundt hjørnet,

var målet om reduserte ulikskapar i økonomiske og sosiale kår mellom EU sine regionar ennå meir presserande.

Figur 6.1 *Potensielle polysentriske regionar i Europa*



Utvidinga av EU ville utan tvil føra med seg endå større utfordringar og trong for kunnskap knytt til den territoriale utviklinga, i EU så vel som i EU sine naboland. Frå 1. mai 2004 auka talet på EU-medlemsland frå 15 til 25, og det innebar at "den indre marknaden" no omfattar rundt 450 millionar borgarar og forbrukarar. Det er venta at ytterlegare tre land (Tyrkia, Romania og Bulgaria) vil komma med om ikkje så lenge. Det nye "EU-28" vil då ha rundt 490 millionar menneske på eit areal som strekk seg over 4,3 millionar kvadratkilometer.

Canada, Mexico og USA – partnarar i "the North American Free Trade Agreement" (NAFTA) - omfattar til samanlikning snaue 430 millionar innbyggjarar i 2003. "Over natta" voks EU sitt folketal med om lag 28 prosent og arealet med om lag 34 prosent. Med utvidinga aukar og dei regionale ulikskapane i EU både når det gjeld demografi, sosioøkonomiske vilkår, og tilhøva for vekst og velstandsskaping. Så å seia alle dei nye medlemsland har eit bruttonasjonalprodukt per innbyggjar (kjøpekraftjustert BNP) på under tre firedeler av EU-gjennomsnittet. Men Ungarn ligg på 60 prosent og Latvia heilt nede på 38 prosent. Det EU-europeiske bysystemet fekk gjennom utvidinga ei rekkje større byområde, noko som vil medverke til å prege hovudtrekka i, og utviklinga av, heile EU sin territoriale struktur.

6.2.1 Det europeiske forskingsnettverket for romleg planlegging (ESPON)

EU-kommisjonen vedtok ESPON-programmet i juni 2002 på grunnlag av ein felles søknad frå medlemsland under leiing av Luxemburg. Søknaden bar tittelen "The ESPON

2006 Programme – Research on the Spatial Development of an Enlarging European Union”. Programmet vert gjennomført innanfor rammene av INTERREG III. Interreg III er eit ”felleskapsinitiativ (”Community Initiative”) innan EU som tek sikte på å stimulere interregionalt og transnasjonalt samarbeid i EU i perioden 2000-2006. Dei ti nye medlemsland deltek i dei tre siste åra av programmet. Interreg vert delfinansiert, i regelen med ein firedel, av European Regional Development Fund (ERDF), resten av prosjektkostnadane må nasjonale, regionale og lokale styresmakter skaffa. I enkelte tilfelle gjev og private verksemdar og organisasjonar bidrag i prosjekta.

Programmet er bygd opp av – for tida⁴⁰ – 29 forskings- og utgreiingsprosjekt som fordeler seg på:

- a) *tematiske prosjekt (Gruppe 1-prosjekt)*: ti prosjekt som analyserer territoriale utviklingsdrag og -mønster, m.a. med fokus på demografiske utfordringar, byane sin situasjon og rolle, by-land tilhøve, tilgang til ulike typar infrastruktur og kunnskap, miljøtrugsmål og forvaltning av natur- og kulturarven
- b) *politikkeffektstudier (Gruppe 2-prosjekt)*: elleve prosjekt som tek opp territoriale verknader av sektorpolitikane – m.a. infrastruktur, landbruk, energi, effektar av bruken av strukturfondpengane og penger frå dei andre EU-fonda, institusjonelle tilhøve og verkemiddel – m.a. knytt til innføringa av ESDP i medlemsland
- c) *tekniske og infrastrukturelle prosjekt og samordning på tvers av emne (Gruppe 3-prosjekt)*: seks prosjekt som byggjer på og evaluerer resultat frå dei andre ESPON-prosjekta, med sikte på å:
 - i) byggje opp og gjera tilgjengeleg system av data og indikatorar, territoriale typologiar, kart osv., og
 - ii) utvikle territoriale utviklingsscenarier. Desse prosjekta har ein koordinerande og utfyllande funksjon for heile programmet.
 - iii) plassere det nye Europa på verdskartet (prosjektet ”Europa i Verda”)
 - iv) kartleggja effektar av den økonomiske politikken
- d) *forskningsstøtte (Gruppe 4-prosjekt)*: dei to prosjekta 1.4.1 ”Kva er rolla til små og mellomstore byar?” og 3.4.3 ”Problemet med modifiserbare arealeiningar”⁴¹ ..

Dei fleste ESPON-prosjekta, med moglege unntak for Gruppe 3-prosjekta, er stramt styrte med omfattande og detaljerte ”køyrereglar” (”Terms of Reference” – TORs). Felles erfaringar frå dei gjennomførde prosjekta ser ut til å vera m.a. at dei har hatt:

- breie, og til dels kompliserte emne og føremål
- å gjera med mange land – opptil 29 - i ulike grupperingar
- problem med manglande og/eller lite konsistente data og dataformat
- stramme tidsrammer og –milepælar og mykje mellombels rapportering

⁴⁰ Dette gjeld våren 2005. Som i andre Interreg-program endrar prosjektporteføljen seg nærast kontinuerleg.

⁴¹ Dette problemet – ”The Modifiable Areas Unit Problem (MAUP)” - har vore kjend lenge. Det har å gjera med at romlege mønstre eller korrelasjonar mellom variablar som er romleg fordelte, kan endra fullstendig karakter ettersom kva aggregeringsnivå arealeinigane er på. Resultata og mønstra som kjem fram er altså sterkt påverka av kva som vert valt som minste databerande eining.

- tronge budsjetttrammer på/over grensa til det som kan kallast underbudsjettering.

Dette har gjort at prosjektgjennomføringa har vore prega av eit heller høgt spenningsnivå mellom høge forventingar og avgrensa mogelegheiter.

Kvart ESPON-prosjekt skal i prinsippet freiste å samle og systematisere data på tre nivå:

- *Makro-nivået* som er det alleuropeiske i ulike konstellasjonar; det kan vera bioregionar, kystsonar eller administrative kategoriar som EU15 eller N10 (dei ti nye medlemsland), eller EU25 eller EU27 (der og Romania og Bulgaria er med), eller EU 27+2 (der og Sveits og Noreg er med).
- *Meso-nivået* som er det transnasjonale nivået kor regionane kan vera sett saman på ulike vis alt etter som kva som er emne for prosjekta, dvs. kvart einskild medlemsland, og
- *Mikro-nivået* som er det nasjonale nivået som på si side er bygd opp av NUTS3-regionar.

I dei anbudsdokumenta ("ToR") som brukast når ESPON-prosjekta vert lyste ut, er det eit krav at den romlege analysen skal gjerast på NUTS3-nivå. Det har likevel synt seg dette kravet ikkje er lett å hanskast med på ein gjennomført og konsistent måte i alle prosjekta. Programstyret har difor lyst ut eit eige prosjekt – 3.4.3 - som skal freista å løysa dette problemet.

Kvart prosjekt vert drive av ei prosjektgruppe med deltakarar frå fleire land – såkalla "transnasjonale prosjektgrupper" (TPG). I desse gruppene deltek forskingsmiljø frå minst tre land, ein deltakar fungerer som hovudprosjektleiari ("Lead Partner"). ESPON-programmet har – som dei andre Interreg-programma - ei overordna og strategisk leiing ("Managing and Paying Authority") og eit overvakingsorgan ("Monitoring Committee"). ESPON har og ei støtteining eller ein koordineringssentral ("Co-ordination Unit" – "CU") som står for den daglege koordineringa av, og støtta til, nettverket av prosjektgrupper og -miljø. I tillegg har nasjonale ESPON-kontaktpunkt ("ESPON Contact Points") ymse oppgåver som formidlarar og brubyggjarar (samordning, kontakt og informasjonsspreiing) mellom ESPON og deltakarar sitt eige land. Det einskilde kontaktpunktet har og ansvar for å formidla data og informasjon til og mellom prosjekta og ansvar for samordning mellom ESPON og det nasjonale kunnskaps- og brukarmiljøet, inklusive dei nasjonale deltakarmiljøa. Til saman utgjer kontaktpunkta eit nettverk som tek seg av viktige oppgåver som å sikra at kvaliteten er god nok på ulike utkast til rapportar og notat som skal produserast ved faste milepælar i alle prosjekta, konferansedeltaking og formidling av prosjektresultat og annan informasjon.

Komplett dokumentasjon av alle prosjekta som til no er godkjende av overvakingskomiteen – og av programmet som ein heilskap –, finst på heimesida til programmet <http://www.espon.lu>.

Ei sentral forventing EU-kommisjonen har til ESPON-programmet, er at det nettverket av europeiske forskingsmiljø som er vakse fram under ESPON, skal medverke til å:

- i) identifisere faktorar som er serleg relevante og avgjerande for utviklinga av eit betre balansert, europeisk territorium, det vil seia å støtte framveksten av eit betre balansert, plysentrisk europeisk bysystem⁴²

⁴² Opphavleg var nok balanse målet og tankane om å utvikla ein meir flerkjerna bystruktur i EU knytt til den dominansen som det såkalla "Pentagonet" hadde. Dette var det territoriet som var

- ii) utvikle territoriale indikatorar og typologiar som kan brukast til å kartleggje og overvake utviklingstrekk slik at ein kan halde auge med korleis måloppnåinga er når det gjeld framgang på vegen mot eit meir balansert og polysentrisk europeisk territorium
- iii) utvikle ulike reiskapar som støtte for ”diagnostisering” av viktige strukturelle hinder så vel som politiske valmogelegheiter
- iv) studere og analysere verknader av sektor- og strukturpolitikken; og endeleg
- v) utvikle ”integreerte reiskapar” til støtte for ei balansert og polysentrisk territorial utvikling.

ESPON vart sett i gang for å støtte politikktutvikling og for å byggje eit europeisk vitskapssamfunn kring feltet ”det europeiske territoriet/rommet”. Det fremste målet for ESPON er å auke det allmenne kunnskapsnivået når det gjeld emne som:

- romlege strukturar og mønster
- territoriale trendar og utviklingsdrag/mogelege scenarier
- verknader av sektorpolitikkar (både EU sine og dei nasjonale) i ein utvida europeisk union.

ESPON produserer, i tillegg til titusentals rapport sider, mange oversiktlege og fargerike kart. Fine kart som syner ulike fenomen samla for heile ”ESPON-rommet” (”the ESPON Space”) er samstundes eit av ESPON sine fremste kjennemerke. Den minste databerande eininga er i regelen dei såkalla NUTS2⁴³-regionane, men den finare NUTS3 eller kombinasjonar av NUTS2 og NUTS3 vert og brukte i nokre av prosjekta. NUTS3 svarar i ein norsk samanheng til våre 19 fylke. Ein del av ESPON-prosjekta har teke i bruk avanserte og nyskapande metodar og kartleggingsreiskapar.

Eit fint oversyn over kva slag kart som finst, og kva dei syner av romlege strukturar og utviklingsmønster finst i ESPON Briefing 1 frå november i fjor (sjå heimesida til ESPON).

To gongar kvart år vert det arrangert ein større ESPON-konferanse. Føremålet med konferansane er samordning av, og erfaringsutveksling mellom, prosjekta. Her kan representantar frå dei ulike transnasjonale prosjektgruppene få høyre om førebels resultat frå andre prosjekt slik at dei kan nytte resultatane i sitt eige prosjekt.

avgrensa av liner på kart mellom byane Paris, London, Hamburg, München og Milano. Dette området har berre 14 prosent av EU sitt areal, men her bur om lag 32 prosent av innbyggjarane og her vert 43 prosent av EU sitt bruttonasjonalprodukt til. Eit resultat av eitt av ESPON-prosjekta er at det gamle penatagonet no er vorte for trangt, det må avgrensast vidare slik at ”det nye Pentagonet” har desse byane i hjørna: Paris, Manchester, Berlin, Venezia og Genova.

⁴³ NUTS står for Nomenklatur for territoriale statistikkeiningar (Nomenclature of territorial units for statistics – NUTS - Statistical Regions of Europe). Dei er utvikla i regi av Eurostat. Noreg er inndelt i 19 NUTS3-regionar, altså fylka våre. På nivået over – på NUTS2-nivå – er Noreg delt inn nokolunde likt dei fem landsdelane våre med eitt unntak: Austlandet er delt i to med Innlandet (Hedmark og Oppland) og resten av Austlandet. Det er altså seks NUTS2-område i landet. Det er elles å seia at talet på NUTS3-område varierer svært mykje frå land til land og dette er i mange tilfeller eit resultat av medlemskapsforhandlingar eller anna politisk tautrekking. Som eit døme kan nemnast at Tsjekkia måtte omorganisere det administrative mellomnivået sitt kraftig før dei vart EU-medlem. Før hadde dei nokon og seksti administrative einingar mellom sentralnivået og kommunane, no har dei berre 13 (NUTS3) slike regionar pluss hovudstadsregionen kring Praha.

6.2.2 Norsk deltaking i ESPON

Noreg kom formelt med i samarbeidet om ESPON, som nå omfattar 29 land⁴⁴, i slutten av januar 2003. Noreg er representert i den overvakingskomitéen som styrer ESPON-programmet ved KRD si avdeling for regionalpolitikk – Rega. NIBR fungerer som såkalla nasjonalt kontaktpunkt for ESPON i Noreg. Kva det inneber å vera NKP, har vi fortalt tidlegare, og tek ikkje oppatt det her. KRD og ESPON finansierer ein del av kostnadene til verksemda, men vertsinstitusjonen må og skyta til nokre pengar dersom NKPane skal få gjort jobben sin skikkeleg.

Noreg – og fleire andre land i ulike samanhengar – er diverre ein ”kvit flekk” – eit ”utanforland” – på nokre av ESPON-karta. Det skuldast fleire ting som til dømes at:

- EUROSTAT er ei datakjelde som er mykje i bruk i ESPON-prosjekta
- mange av prosjekta er innretta på å kartleggje dei romlege (territoriale) verknadane av EU sin eigen politikk, som t.d. verknader av ymse sider av stønadsordningane i landbrukspolitikken (”CAP”). Dette gjeld t.d. alle prosjekta i Gruppe 2 – Politikkeffektstudiane.
- det er eit stykkje att før statistikkproduksjonen i dei europeiske land er harmonisert fullt ut, og dette fører med seg at ein del av karta har ”kvite flekkar”.

Det har i alt vore sju ”budrundar” (”Tender for projects”) i ESPON so langt og dei 29⁴⁵ prosjekta som er sette i gang eller gjennomførte ved utgangen av 2004, er resultat av dei seks fyrste rundane. I den sjuande runden ønskjer ESPON sin overvakingskomité å få inn idear til eit prosjekt kalla ”Identification of spatially relevant aspects of the information society”. Prosjektet skal gå frå mai i år og til midtsommars i 2006.

ESPON-programmet har eit totalt budsjett på 12 millionar euro, og av dette er halvparten finansiering frå EU sitt strukturfond ERDF. Programmet har, som nemnt, fire prioriterte arbeidsområde⁴⁶ i tillegg til at det vert brukt nokre pengar til såkalla ”tekniske støttefunksjonar” (”Technical Assistance”).

Innsatsområde I: ”Tematiske prosjekt” har ei ramme på 4,3 mill. euro og inneheld ved utgangen av 2004 ti prosjekt inklusive tre gjennomførte prosjekt med norske deltakarar⁴⁷.

Innsatsområde II er kalla ”Politikkverknadsprosjekt” med ei ramme på 3,5 mill. euro og 11 prosjekt. Her er eitt prosjekt med norsk deltakar gjennomført (prosjekt 2.1.3 CAP impact” der NLØI deltok).

Område III ber namnet ”Koordinering og romlege tverr-tema prosjekt”; ramma er på 2,6 mill. euro og her er seks prosjekt sett i gang. Eit prosjekt – utan norsk deltakar – er gjennomført. Det er ”Integrated tools for European spatial development”.

⁴⁴ Dette er dei opphavlege EU15-land pluss dei ti nye medlemsland som kom med i den europeiske fellesskapen frå 1. mai 2004, dei to kandidatland Bulgaria og Romania, og Sveits og Noreg. Til saman går dette territoriet under namnet ”ESPON-rommet” (”the ESPON space”).

⁴⁵ Dette vart skrivne sist i april i år. No, ved utgangen av juni, er tala 8 budrundar og talet på prosjekt er 31 fortel sikre kjelder oss.

⁴⁶ I tillegg kjem to mindre innsatsområde som er kalla ”ESPON Studies” som er eit slag syntese- eller metaprojekt på grunnlag av andre alt gjennomførte ESPON-prosjekt og ”Vitskaplege støttefunksjonar” som tek for seg tekniske og/eller serlege vitskaplege emne med siktemål å utvikla ’state of the art’-dokument.

⁴⁷ Dette gjeld prosjekt 1.1.1 ”Polycentrism” der NIBR deltok, 1.2.1 ”Transport trends” der TØI deltok og 1.3.2 ”Natural heritage” der Østlandsforskning deltok.

Det fjerde innsatsområdet er kalla ”Vitskapleg formidling og nettverksarbeid” og har ei ramme på 0,52 euro. Dette er formidlings- og erfaringsutvekslingsverksemd og dekkjer mellom anna noko av den tida som går med til arbeidet som dei Nasjonale kontaktpunkta gjer.

ESPON si heimeside er di verre kjemisk fri for finansiell informasjon om prosjekta. Det verker som dette er ein vel gjennomtenkt strategi for all slik informasjon frå dei anboda og prosjektforslag som ligg der, er teken bort. At det har vore slik informasjon til stades ein gong, kan ein sjå av innhaldsoversiktene i anboda.

Eit grovt inntrykk av gjennomsnittstorleiken på ESPON-prosjekta får ein av tabellen nedanfor. Ved fyrste blick kan dette verka som store prosjektbudsjett, men når ein samstundes veit at fleire av prosjekta kan ha eit tjuetals deltakarar eller meir, at ESPON-deltaking krev ein del reising som et av så vel kostnads- som tidsbudsjetta og det i tillegg ikkje sjeldan må gjerast ein ekstrainsats for å skaffa ”nye” eller andre data, ja då kan ein langt på veg skjønna dei rykta som går om korleis det ”smakar” å jobba i eit ESPON-prosjekt. Noko supplerande finansiering finst det nok frå nasjonale kjelder her og der, vi har allereie nemnt at KRD gjev tilskot til verksemda som norsk nasjonalt kontaktpunkt, men etter alt å døme må dei norske institutta og institusjonane som er med, subsidiere ein del av tidsbruken. Kor mykje har vi diverre ingen oversikt over.

Til saman inneber dette at ESPON har ei finansiering frå strukturfonda på rundt 12 Meuro, eller om lag 90 millionar norske kroner⁴⁸. I tillegg kjem ein like stor pott med pengar frå medlemsland.

ESPON-prosjekta ser ut til å vera meir krevjande for deltakarane enn det til dømes Interreg III A-prosjekt vanlegvis er. Krava til so vel innhald som gjennomføring av ESPON-prosjekt er ganske detaljerte, og prosjekta vert stramt styrte. Anbudsinstruksjonane (”Terms of reference – TOR”) er uvanleg nøye og detaljert spesifiserte, og det skal rapporterast om framdrift og undervegsresultat fleire gonger gjennom prosjektperioden.

Tabell 6.1 *EU-finansiering av ESPON-prosjekta*

Innsatsområde (”Priority”)	Finansiering frå EU		Tal på prosjekt	Euro per prosjekt	MNOK per prosjekt
	Meuro	MNOK			
I	4,3	35,35	10	430.000	3.535.000
I	3,5	28,77	11	318.200	2.615.500
III	2,6	21,38	6	433.300	3.563300.
IV	0,52	4,28	2	-	-
Sum	10,92	89,78	29	3.765.500	3.095.700

6.2.3 Norske deltakarar i ESPON-prosjekt

Prosjekt 1.1.1 ”The role, specific situation and potentials of urban areas as nodes in a polycentric development” der Nordregio i Stockholm var hovudprosjektleder (”lead

⁴⁸ Dette er rekna ut etter kursen 1 euro lik NOK 8,2211 slik han var i mai 2004. Det finst eigne reglar for kursomrekning og såkalla indeksering av EU-midla i regelverket for strukturfonda og i Interreg.

partner”), og der NIBR ved Olaf Foss var norsk deltakar i nettverket. Prosjektet vart avslutta i fjor haust⁴⁹ og alle resultat frå arbeidet finst på ESPON si heimeside.

Prosjekttid: mai 2002 til august 2004.

Hovudbodskapen frå dette prosjektet er nok at det knapt er mogeleg å få til meir og betre polysentrisitet på alle dei tre nivåa som ESPON-prosjekta opererer på, samstundes. Dette er eit urovekkande resultat med tanke på den ESDP-filosofien som ligg til grunn for ESPON. Dette stiller t.d. dei nasjonale regjeringane overfor eit vanskeleg val: dersom dei fører ein politikk som støttar opp om eit fleirkjerna bymønster på EU-nivået, kan dette gå ut over arbeidet for å skapa eit betre balansert, nasjonalt bymønster.

Prosjekt 1.1.4 ”The spatial effects of demographic trends and migration” med Institutet för tillväxtpolitiska studier (ITPS) i Stockholm som hovudprosjektleiar og med NIBR ved Olaf Foss og Dag Juvkam som deltakarar.

Prosjekttid: hausten 2002 til mars 2005.

Prosjekt 1.3.2 ”Territorial trends of the management of the natural heritage” der Østlandsforskning (ØF) ved Hans Olav Bråtå var norsk deltakar. Den norske deltakinga hadde ingen eiga finansiering. Prosjektet er avslutta og all dokumentasjon finst på nettet.

Prosjekttid: hausten 2002 til august 2004.

Dette var eit prosjekt som på sett og vis ”møtte datamangel-veggen” og det er truleg ikkje blant dei største ESPON-suksessane. Noreg er ein ”kvit flekk” på mest alle dei få karta som ein har lukkast i å produsere. Rapportteksten er for det meste halden i allmenne ordelag og han er lite empiri-nær. Prosjektet og resultatata av det er heller ikkje teke med blant dei utvalde ti prosjekta som er presentert i den fine, fargerike brosjyren ”ESPON Briefing 1: Diversity within the European territory – A selection of new European maps” frå november 2004.

Prosjekt 2.1.1 ”Territorial impacts of EU transport and TEN policies” der Transportøkonomisk Institutt (TØI) ved Olav Eidhammer var norsk deltakar. Prosjektet er avslutta og all dokumentasjon finst på nettet.

Prosjekttid: våren 2002 til august 2004.

Dette prosjektet har sett opp eit titals scenarier og viser på kart kva som er dei romlege verknadane av dei. Eit av resultatata er at iverksetjinga av dei planlagde europeiske transportprosjekta, som truleg ville føre med seg ein svak auke i transportkostnadane, kan vera eit rimeleg og plausibelt scenario som ville ha nøytrale romlege effektar. Om transportkostnadane ikkje aukar, så er det dei nye medlemsland og dei områda som ligg eit stykkje unna EU sine kjerneområde – det såkalla Pentagonet – som ville tene mest, og då i tydinga at det ville støtte best opp under måla om balansert utvikling og territorielt samhald på det europeiske nivået.

Prosjekt 2.1.3 ”The territorial impact of CAP and rural development policy” der Norsk Landbruksøkonomisk institutt (NILF) ved Sjur S. Prestegard var norsk deltakar. Prosjektet er avslutta og all dokumentasjon finst på nettet.

⁴⁹ Dette er ikkje heilt rett for på siste møte i overvakingskomiteen då ein m.a. hadde sluttrapporten frå prosjektet på sakslista, kom det fram fleire merknadar og innvendingar som det må takast omsyn til i den aller siste og endelege versjonen av ”the final report”.

Prosjekttid: våren 2002 til august 2004.

Prosjektet har analysert samanhengen mellom EU sin landbrukspolitikk ("CAP"⁵⁰) og måla i ESDP om polysentrisitet, balansert konkurranse og økonomisk og sosialt samhald. Resultata er nedslåande. På makro-nivået – det alleuropeiske nivået – fann forskarane at CAP si søyle 1 favoriserer dei sterke kjerneområda i "Europa" – "Pentagon"-områda. Men og på lågare nivå – nasjonalt og regionalt – går mykje av landbruksstøtta til dei best tilgjengelege og velutrusta områda. Søyle 2 verkar mykje betre i høve til dei mest perifere områda på det europeiske territoriet. Forskarane meiner og å finna teikn til at dei som styrer og administrerer CAP, er inne på tankar om å leggje om politikken i ei lei som svarar betre til ESPD-filosofien.

Prosjekt 2.1.5 "Territorial impacts of European fisheries policy (2004-06) der NIBR ved Ove Langeland er hovudprosjektleiari ("Lead Partner"). I dette prosjektet deltek partnarar frå 7 land. I tillegg til NIBR, er det Norut NIBR Finnmark og Norut Samfunn; Institute for Fisheries Management and Coastal Community Development (IFM); Danmark, Estonian Marine Institute, University of Tartu, Estland; CEDRU – Centro de Estudos e Desenvolvimento Regional e Urbano, Lda., Portugal; The Institute for Economic Research in Fishery and Acquaculture (IREPA), Italia; Universidade de Santiago de Compostela (IDEGA), Spania; University of Akureyri Research Institute (UARI), Island.

Prosjektet starta i september 2004 og skal avsluttast i mai 2006. Det har ei økonomisk ramme på 300.000 euro.


Prosjekt 2.4.2 "Integrated analysis of transnational and national territories based on ESPON results (2004-06)" der NIBR ved Dag Juvkam er norsk deltakar. Prosjektet er nett starta og varer til desember 2005.

Prosjekt 1.2.3 "Identification of Spatially Relevant Aspects of the Information Society" er nett starta. Her er GRESCO ved University of Toulouse hovudprosjektleiari. NIBR ved Frants Gundersen er med i eit ekspertkollegium som går inn i prosjektet. Prosjektet skal gjennomførast i år og neste år.

Eit anna ESPON-prosjekt (1.1.2 "Urban – rural") har teke for seg relasjonane mellom bygder og byar på det europeiske territoriet. Resultata syner at bygd-by relasjonane speglar det djupe mangfaldet i Europa. Reint allment kan vi seia at middels store og små byar kan ha føremonar av at etterspurnaden frå nye og annleis bygdeinnbuarar aukar. Mange landsbygdområde veks og fordi folk og verksemder flyttar frå storbyane. Andre griskrendte område syner seg å ha ibuande potensial for vekst i den lokale økonomien. Dette kan vera slike ting som kulturarven og det kulturelle mangfaldet eller verdfulle naturressursar og –kvalitetar. Desse potensiala kan utnyttast betre og verta meir attraktive for verksemder og fritids- og rekreasjonsføremål.

⁵⁰ EU sin landbrukspolitikk byggjer på to søyler ("Pillars"). Søyle 1 er den dominerande og gjeld marknadspolitikk, produksjonstillegg og –stønader. Søyle 2 gjeld stønader til multifunksjonelt og meir berekraftig landbruk samt bygdeutvikling.

Figur 6.2 Demografiske komponentar – folketalsutviklinga 1996 – 1999



I ESPON-dokumenter vert det m.a. vist til at den tredje samhaldsrapporten (frå februar 2004) gjorde seg god nytte av dei ESPON-resultata som til då hadde vorte produsert. Ein ventar seg at når resultata frå alle ESPON-prosjekta ligg føre ein gong etter 2006, så vil EU-kommisjonen og medlemsland ha til sitt rådvelde:

- ein ”diagnose” for hovudtrendane i den territoriale utviklinga i EU og i heile Europa - med serleg vekt på identifisering av problem og mogelegheiter som finst
- eit kartografisk bilete av dei viktigaste territoriale ulikskapane med mål og indikatorar som seier noko om deira styrke og intensitet
- eit sett med territoriale indikatorar og typologiar som kan vera til hjelp for prioriteringar som tek sikte på å få til eit betre balansert og meir polysentrisk *utvida* europeisk territorium, samt
- integrerte reiskapar og instrument som kan støtte arbeidet med å forbetre regional samordning av sektorpolitikane (databasar, indikatorar, metodar for territorial konsekvensutgreiing (’TIA) m.m.).

På denne måten ser ein for seg at ESPON-prosjekta vil tena som ein sterk vitskapeleg grunnvull for EU-kommisjonen sitt arbeid med å reformera regelverket for strukturfonda i den kommande perioden etter 2006.

Litteratur

1: Ålmenne referansar

- Alstad, Ole J. (2005): Horisont 2005 – 2014; Enhet for internasjonalt samarbeid – Grunnlag for en ny enhet. Hedmark Fylkeskommune, Januar 2005. Hamar
